



Fylkesmannen i Hordaland



Årsrapport 2016

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	5
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	5
1.4 Andre forhold	6
Sted, dato og fylkesmannens signatur	7
2 Introduksjon til embetets hovedtall	8
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	8
2.2 Organisasjon og ledelse	8
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	9
2.4 Andre forhold	15
3 Årets aktiviteter og resultater	16
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	16
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	16
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	16
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	17
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	18
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	18
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	18
3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet	20
3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	21
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	22
3.1.1.5 Øke tilgjengelighet og kapasitet, samt styrke kvalitet og innovasjonsevne i helse- og omsorgssektoren og i folkehelsearbeidet	22
3.1.1.6 Økt kapasitet og kompetanse om psykisk helse og rus, med satsing på bedre forebygging og sammenhengende tjenester	24
3.1.1.7 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester	25
3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring	25
3.1.1.9 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø	27
3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene	29
3.1.1.11 Kommunereform	29
3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket	30
3.1.1.13 Bærekraftig landbruk	31
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	32
3.1.2.1 Godt tjenestetilbud for barn og unge	32
3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	32
3.1.2.3 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket	33
3.1.2.4 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	34
3.1.2.5 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	35
3.1.2.6 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktnings situasjonen	36
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	36
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling	36
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	39
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige	39

tjenester	42
3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende	45
3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	48
3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene	48
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	48
3.1.6 Særskilt om oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i Virksomhets- og økonomiinstruks	48
3.2 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	49
3.3 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	78
3.4 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	79
3.5 Andre forhold	79
4 Styring og kontroll i embetet	80
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	80
4.1.1 Embetets risikostyring	80
4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	80
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	81
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	81
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	81
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	81
5 Vurdering av framtidsutsikter	84
5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	84
5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	84
5.3 Andre forhold	84
6 Årsregnskap	85

1 Fylkesmannens beretning

1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

Overordna vurdering av samla resultat, ressursbruk og måloppnåing

Også i 2016 er det oppfatninga vår at embetet er styrt ressurseffektivt, med kontinuerleg merksemd og avveging av bruken av ressursar på dei einiskilde oppgåveområda våre. Ved behov blir ressursar overførte, permanent eller mellombels, mellom seksjonar og avdelingar. Det er likevel ei erfaring at ressursane blir stendig knappare ettersom avbyråkratiserings- og effektivitetskrava gjer seg gjeldande. I kombinasjon med klår underfinansiering av verjemåls-oppgåvene våre stiller det større krav til styring og prioritering, og vi ser ein større konsentrasjon om det som er embetets kjerneopp-gåver, t.d. rettstryggleiks- og tilsynsoppgåver.

Aktiviteten i 2016 har vore høg i alle avdelingar. Det har vore arbeidd med god kvalitet i avgjerdene, og embetet har løyst embetsoppdraga med god måloppnåing. Dei prioriterte oppgåvene er i all hovudsak gjennomførte innanfor ressursrammene. Volumkrav, t.d. når det gjeld tilsyn, er oppfylde. Sakshandsamingstider for enkeltsaker, etter den spesielle forvaltningsretten, er også i all hovudsak oppfylde.

I brukarundersøkinga vår kjem det fram at over 60 prosent av re-spondentane (hovudsakleg ordførarar og rådmenn) er mykje eller særst godt nøgt med Fylkesmannen. I tillegg er over 30 prosent over middels nøgt.

Vi finn derfor grunn til å konkludere at kommunane i store trekk er nøgde med Fylkesmannen, både når det gjeld kompetanse, tilgjenge, rådgiving og tilsyn.

Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane for året

Kommunereformen

2016 har vore prega av eit omfattande arbeid med kommunereformen. Fylkesmann og prosessrettleiar har vitja kommunane fleire gonger i arbeidet med å bistå dei kommunale prosessane. I samband med brukarundersøkinga vår, til ordførarar/ byråd, rådmenn/ kommunaldirektørar, har om lag 70 prosent svart at Fylkesmannen hadde vore ein "god samarbeidspartnar" (berre 9,5 % svarte nei, og resten visste ikkje). Heile 80 % meinte Fylkesmannen hadde vore tilgjengeleg for kommunane under reformen, og over halvparten meinte at Fylkesmannen hadde ei balanser tilnærming til reformen.

I Hordaland resultere denne delen av reformen i at tretten kommunar frivillig blir til fem kommunar. Desse vedtaka representerer i underkant av 120 000 innbyggjarar. I tillegg var det fire andre kommunar, herunder Bergen, som fatta vedtak om samanslåing, men utan positive samanslåingspartnarar. Til saman representerer samanslåingsvedtaka om lag 80 prosent av innbyggjarane i fylket.

På bakgrunn av dei faktiske samanslåingsvedtaka og den generelt store positive interessa for å vurdere samanslåing, har det ikkje vore aktuelt å gjere framlegg om Stortingets vedtak om "tvangssamanslåingar". I tillegg er det ved dei frivillige samanslåingane lagt ein fornuftig strukturell grunnmur for eventuelle framtidige samanslåingar som vi trur vil kome etterkvart.

Statleg samordning

Vi viser til årsrapporten for 2015 for ei brei skildring av statleg sam-ordning under overskrifta "Gjennombrot for statleg samordning". Teamet er om enn meir aktuelt for situasjonen i 2016, ikkje minst ut frå eit ressurseffektivitetsomsyn. Vi viser og til Produktivitetskomisjonens utgreiing, del 2, (Ratsø-utvalet), om dette, med omtale av fylkesmannen som eit naturleg sentrum for meir samordning av regionale statlege oppgåver og som mottakar av ytterlegare oppgåver frå sentral stat.

Fylkesmannen i Hordaland, i samarbeid med Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Rogaland, har gått vidare i dette arbeidet og fått ut-arbeid ein rapport, NIVI Rapport 2016:2 En dør til staten for kommunene. Rapporten peikar på tre hovudprinsipp som begrunnar kvifor oppgåver bør leggjast til fylkesmannen: bindeleddsprinsippet, samordningsprinsippet og effektivitetsprinsippet.

I tillegg skildrar rapporten tre tilleggsprinsipp for kordan oppgåvene bør plasserast hos fylkesmannsembeta: ansvar-, gjenbruks- og spesialiseringsprinsippet.

I rapporten er det peika på ei samla liste av aktuelle overføringsoppgåver, samt ei liste med oppgåver dei tre fylkesmennene vurderer bør vere prioriterte oppgåver.

Med nye, samanslåtte embete med større kapasitet og kompetanse bør arbeidet med statleg samordning, vertikalt og horisontalt, bli forsterka, ikkje minst ut frå eit effektiviseringsomsyn.

Velferd - helse

Det var eit svært krevjande år med fleire omfattande enkeltsaker og planlagde tilsyn, endra helsekrav til førarkort og stort behov for opp-læring. Ressursbruk på desse saksområda førte til meir avgrensa innsats på andre område som generell opplæring i saksbehandling og rettleiing til kommunar med store utfordringar på ulike felt.

Vi har omsynet til barn og unge med i arbeidet med tilskot, tilsyn, klagebehandling og plan. Som del av det har vi invitert kommunar til ei femårig satsing som skal styrke vilkåra for barn og unge i familiar med låg inntekt. Erfaringar deltakarkommunane har gjort, vert

i løpet av 2017 formidla til alle kommunane i fylket. Barnevernet har framleis store utfordringar. Det gjeld både kapasitet og kvalitet i kommunalt og statleg barnevern og samhandling med andre tenester. I fleire saker, og særleg Ida-saka, har vi erfart at den mest alvorlege svikten er manglande aktsomd på kva barnet sjølv meiner og bruk av tvang. Nasjonale satsingar for å styrkje førebyggjande tenester for barn og unge har så langt ikkje ført fram. Når det gjeld bruk av tvang, er framleis mykje ugjort innan barnevern og helse og omsorgstenestene. Vi har prioritert tiltak som kan bidra til rett og redusert bruk av tvang innan dei aktuelle (alle) fagområda.

1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året

Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane for året

Landbruk

Det er framleis stor trong for investeringsmidlar i landbruket. I alt 94 % av midlane er nytta innanfor distriktpolitiske virekområde. Det er betydeleg høgare enn i tidlegare år. Det har vore eit breidt samarbeid mellom helse-, utdanning- og landbrukssektoren på området Inn på Tunet. Det er laga ein handlingsplan som oppfølging av den nasjonale startegien på området. Fylkesmannen har og vore medansvarleg i ulike kompetansehevingstiltak overfor ulike grupper. I 2016 har det og vore bra måloppnåing når det gjeld miljøverkemiddel. Søknader til regionalt miljøprogram har stabilisert seg på i overkant av 1200 søknader. Ein stor del av midlane er med på å styrke den viktigaste skjøtselen som skjer i fjellet med hjelp av beiting. Tilskotforvaltninga blei i 2016 gjort til eige risikoområde på embetet. Det vil framleis bli fokusert på kvalitet og gjennomføring. På kontroll- og tilsynsområdet har det vore eit godt samarbeid på tvers av avdelingane på embetet med eiga tilsynsgruppe.

Verjemål

Det er arbeidd vidare med å byggje opp og utvikle ei trygg og forsvarleg verjemålsforvaltning, i tråd med embetsoppdraget og interne føresetnader i embetet. Vi hadde pr. 31.12.2016 om lag 5700 verjemål og nærare kr. 2 mrd. på kapitalkonto for personar med verje. Vi har hatt god måloppnåing trass i krevjande ressursituasjon og utfordringar i samband med byte av dataverkty frå applikasjonen ARVE til VERA. Arbeidsbelastninga har vore stor med aukande saksmengde innanfor dei ulike saksområda. I 2016 fekk vi fleire nyoppstarta mottaksplassar for einslege mindreårige asylsøkjjarar, med oppfølging av nye saker, nye representantar og verjer. Det er positivt å registrere at det har vore stor pågang av personar som vil vere representant for mindreårige. Vi har no registrert 100 verjer og representantar for denne målgruppa.

Miljø

Økosystema er under press frå veg-, hytte- og kraftutbygging, samt oppdrettsnæringa. Vi har ikkje haustbare overskot av sjøaure og villaks i store delar av fylket. Ulike prosjekt for å reetablere anadrom fisk er viktige tiltak for å sikre god tilstand i økosystema. Embetet held fram det betydelege arbeidet med opprydding i forureina sediment. Vi opplever også betydelege utfordringar i forvaltninga av laks og aure, som følgje av rømt fisk og påverknad frå akvakulturnæringa. Arbeidet med etablering av tre kandidat område når det gjeld marint vern går etter planen. I 2016 vart det arbeidd med det største skogfjerningsprosjektet i Noreg. Store bestandar av fem ikkje-stadeigne treslag blir fjerna ved maskinhogst i Ånuglo naturreservat.

Når det gjeld arbeidet med klimaspørsmål i fylkets største kommune, Bergen, opplever vi ei utvikling som kan føre til eit paradigmeskifte. Kommunen arbeider no aktivt med dei store miljøutfordringane, ved t.d. aktiv satsing på utbygging av bybanen og anna kollektiv transport, tiltak for å begrensa biltrafikken, ein strammare arealpolitikk der veksten skal skje i nokre avgrensa utbyggingsområde, ein ny parkeringspolitikk, utskifting av gamle omnar. Vi ser for oss at kommunen følgjer det opp på ein konsistent måte i arealdelen av kommuneplanen som no vert rullert, med sikte på eigengodkjenning i kommunen.

Plan

Fylkesmannen har også i 2016 hatt stor merksemd på overordna planar som jamt over er av nyare dato i fylket. Derfor er dei eit viktig styringsinstrument i kommunane. Det er i 2016 arbeidd vidare i motsegnprosjektet som er ein ubetinga suksess ved at statlege, regionale planinstansar og kommunar finn løysingar på dei aller fleste planspørsmål i tidleg dialog, tilrettelagt av Fylkesmannen. Det gir gode prosessar som kommunane og regionale organ finn å vere ein effektiv og inkluderande måte å møte planutfordringar på.

Vi har i 2016 stått ovanfor stendig større utfordringar når det gjeld planlegging i sjø, særleg når det gjeld etablering/ending av oppdrettsanlegg. På grunn av trongen for auka areal og forureiningfare stiller kommunar seg stendig meir skeptiske til akvakulturanlegg. Dei møter også i større grad enn tidlegare motbør frå oppdrettsinteressar, både private og offentlege - dvs frå organ som har i oppgåve å fremje oppdrettsnæringa. Frå dei sistnemnde opplever vi stendig sterkare reaksjonar mot kommunane. Det er difor eit klårt behov for å klargjere ei rekkje spørsmål som gjeld planlegging i sjø, ikkje minst grensedraginga mellom kommunane sitt ansvar for arealforvaltninga etter plan- og bygningslova og det lovverket som skal forvalte etablering av oppdrettsanlegg.

1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

Kort omtale av sentrale forhold i embetet og fylket som har hatt betydning for oppnådde resultat

Arbeidssituasjonen - regional struktur i ending

Sysselsettinga i fylket er prega av ei sterk tilknytning til olje- og gassindustrien. Med den sterke nedgangen i oljeprisen har arbeidsløysa vokse monaleg. Det har gjeve ein del kommunar i fylket store utfordringar. Samtidig ser vi framleis ei tydeleg satsing

på meir tradisjonelle næringar som industri og landbruk. Det har m.a. som konsekvens at vi ser ein noko mindre ubalanse mellom ytre og indre strok i fylket.

Plan-/klimautfordringar

Vi ser ein positiv tendens i den kommunale planlegginga når det gjeld å følgje opp lokalt dei statlege planretningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging. Hovudinnhaldet er at i dei folkerike kommunane rundt Bergen går planlegginga i retning av ei integrert transport- og arealplanlegging med ønske om fortetting og konsentrasjon. Kommunane står likevel i eit paradigmeskifte der dei også, i nokon mon, vil legge til rette for bustadutbygging på område som i hovudska vil vere bilbaserte.

Fylkesmannen har kontinuerleg i arbeidet med den regionale plan-legginga av ein samla areal- og transportplanlegging i Bergensområde gjort merksam på at det må fastsetjast nokså faste og konkrete ramme for t. d. bustadsbygging dersom ein skal klare å nå dei ambisiøse klimamåla i regionens eigen klimaplan og i regjeringas klimapolitikk. Vi opplever at regional planmynde ikkje fyller det handlingsrommet som plan- og bygningslova gir for å definere ein politikk her som augekontakt med dei før nemnde måla. Vi viser og til den generelle omtalen av denne situasjonen som fins i regionmeldinga, jf. Meld. St.22 (2015-2016).

Fylkesmannen har i 2016 vore observatør i førebuingane til forhandlingane om ein byvekstavtale - ein avtale mellom staten, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Vi ser desse forhandlingane og dette avtaleinstrumentet som eit lovande grunnlag til å fastsetje klare og presise arealmål i Bergen kommune, og seinare i dei folkerike omegnskommunane, for å realisere dei måle som før er nemnde.

Kommuneøkonomi

Den økonomiske situasjonen generelt for kommunane i fylket må til no bli vurdert som god. Det er berre nokre få kommunar som no har utfordringar med å dekke inn tidlegare meirforbruk.

Vi ser likevel teikn på at denne situasjonen kan endre seg og at dei økonomiske utfordringane vil kome til å auke framover. Ei årsak til det er auken i arbeidsløysa. det er årsaka til at kommunane i fylket i 2016 samla hadde vesentleg lågare prosentvis skattevekst enn kommunane samla i landet. Kommunane får også auka sosiale utgifter knytt til høgare arbeidsløysa.

Mange kommunar har hatt høge eigedomsskatteinntekter frå anlegg, knytt til vasskraft eller petroleum. Kommunane er sårbare for endringar i regelverket som kan gi lågare eigedomsskatteinntekter. Utbytte frå kraftselskap, t.d. BKK, er dessutan redusert til mange av kommunane som følgje av låg kraftpris i dei siste åra.

Kommunane i fylket, utanom Bergen, har generelt eit noko høgare gjeldsniivå enn landsgjennomsnittet. Det skuldast i hovudsak befolkningsveksten i omlandet til Bergen med press på utbygging. Det gjer kommunane sårbare for eit høgare rentenivå.

Barn og unge

På utdanningsområdet er det konklusjonen vår at oppdraga for 2016 er løyst på ein god måte. Vi vil særleg løfta frå to strategiska val embetet har gjort. For det første har vi hatt faste månadlege møte på tvers av alle avdelingane der avdelingsdirektørane og embetsleiinga deltek. Det har ført til at 0-24 - oppdraget er synleggjort og følgt opp som ei oppgåve for eit samla embete, og til at utsette barn og unge sin situasjon blir løfta fram på alle sektorområde.

Vidare har så godt som alle medarbeidarar oppgåver knytt både til barnehagelov og opplæringslov. Vi har erfart at dette gjer oss mindre sårbare i oppgåveløysing både når det gjeld klagebehandling og tilsyn. Ein annan gevinst er at tenestetilbodet til barn og unge blir arbeid med i samanheng slik oppdragsgjevarane våre legg vekt på. Arbeid for eit godt barnehage- og skulemiljø kan tene som døme.

1.4 Andre forhold

I 2016 var det besøk frå Kongehuset, med tilrettelegging frå Fylkesmannen i Hordaland, som følgjer:

25. mai: H.M. Dronninga til stades ved opninga av Festspele i Bergen (ankomst 24., avreise 26. mai)

1. og 2. juni foretok H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit reise med Litteraturtoget med arrangement i Bergen og på Voss.

8.juni delte H.K.H. Kronprins Haakon ut Holbergprisen i Universitetsaulaen

15. juni deltok H.K.H. Kronprins Haakon på "Startup Extreme" (gründerverksemd) og UTC ("Underwater Technology Conference" relatert til Subsea oljeverksemd), Bergen.

25. juni: DD.MM. Kongen og Dronninga og DD.KK.HH. Kronprinsen og Kronprinsessa deltek på Folkefest og Hagefest i høve Kongeparets 25 år på trona.

14. September deltok H.K.H. Kronprins Haakon på "Trivselsleder", eit opplegg for trivselsleiarar på høgare skuletrinn.

I tillegg var H.M. Dronninga på besøk ifm eiga utstilling saman med Magne Furuholmen i Grieghallen (24. august). Dette arrangementet var Hoffets eige.

Vi har 26 nye saker og 156 journalpostar på Ordner og Medaljer. Ikkje alle er ferdig handsama i 2016 då mange av sakene går over eit år.

For leige av Håkonshallen har det kome inn 26 søknader i 2016.

Sted, dato og fylkesmannens signatur

Bergen, 28.02.2017

Lars Sponheim (sign)

2 Introduksjon til embetets hovedtall

2.1 Embetet og samfunnsoppgavet

Fylkesmannen er staten sin representant i fylket, og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen er dessutan eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter, med høve til å spele inn viktige saker frå kommunesektoren til sentrale styresmakter. Fylkesmannen skal aktivt bidra i samfunnsutviklinga i regionen samt ivareta rettstryggleik for innbyggjarane og sørge for samordning.

Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal og moderniseringsdepartementet.

Embetet har fire viktige roller som klargjer samfunnsoppgavet:

[1. Iverksetjer av nasjonal politikk i fylket](#): Fylkesmannen er regional sektorstyresmakt på ei rekkje område, på oppdrag frå elleve departement og ti direktorat og tilsyn.


[2. Samordningsstyresmakt](#): Fylkesmannen skal sørge for regional samordning av statlege styringssignalar til kommunesektoren, og formidle statlege forventningar konsistent, tydeleg og heilskapleg.

[3. Rettstryggleikhandhevar](#): Fylkesmannen skal ivareta rettstryggleiken for enkeltpersonar, verksemdar og organisasjonar gjennom rettleiing, tilsyn og klagebehandling.

[4. Informasjons- og kunnskapsformidlar](#): Fylkesmannen skal vere talerøyr for fylket overfor sentrale styresmakter, og å formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ.

All verksemd skal gjennomførast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Verksemda følgjer prinsippa om kvalitetsleiing og kontinuerleg forbetring.

2.2 Organisasjon og ledelse



Organisasjonskart for Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland er lokalisert i Statens hus i Bergen. Lars Sponheim er fylkesmann, og Rune Fjeld er assisterende fylkesmann. Pr. 31.12.2016 hadde vi 200 tilsette.

Embetet har seks fagavdelingar:

- Miljøvern- og klima
- Landbruk
- Helse- og sosial
- Utdanning
- Kommunal- og samfunnsplan
- Administrasjon- og verjemål

Fylkesmannen i Hordaland er lokalisert i Statens Hus i Bergen, Kaigaten 9.

Visjon og verdigrunnlag

Vår visjon: *Fylkesmannen skal utføre godt styresett og møte urett med rett*

Vårt verdigrunnlag:

- Demokratisk
- Rettferdig
- Open
- Påliteleg
- Effektiv

Klart språk, rett målform og forståeleg bodskap er viktig for Fylkesmannen. Tenestemålet vårt er nynorsk. Vi har utarbeidd interne skrivereglar som skal sikre eit godt og klart språk i våre brev og vedtak.

Heilskapleg og strategisk leing

Embetsleiinga og leiargruppa har i 2016 arbeidd vidare med å styrkje den heilskaplege og strategiske leiinga ved embetet. Vi legg stor vekt på at vi skal ei omforent og myndiggjort leiargruppe som saman evner å styre embetet mot god måloppnåing fagleg, økonomisk og personalmessig.

Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa som har møte anna kvar uke. Vi har etablert fire faste leiarmøte i året for den "store" leiargruppa. Møta er lagde inn i styringshjulet. I fjor hadde vi utvida leiarsamling kor statens personaldirektør var tilstade, og kor vi m.a drøfta "Arbeidsgiverstrategi 2016 - 2020" og "Program for bedre styring og ledelse i staten". Vi hadde også ei utvida samling over to dagar kor vi hadde medarbeidarundersøkinga og digitalisering på dagsorden.

Fylkesmannen har definert eit verdisett med leiarprinsipp som ligg til grunn for all aktivitet i verksemda:

- Vere tydleg
- Vise lojalitet til eiga organisasjon
- Vis tillit og støtt dine medarbeidarar
- Respekter andre sin kunnskap
- Avklar mål og følg opp resultatansvaret
- Vere kreativ
- Spreie humør og trivsel
- Gå føre og ver gode eksempel

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Budsjett

Embetet hadde i 2016 eit mindreforbruk på 052501 på 2 889 058,- dette utgjer eit budsjettavvik på 2,5%. Vi varsla i samband med tertialrapporteringa om at vi styrte mot eit mindreforbruk som er i samsvar med årsresultatet.

Løn og husleige

På driftskapittel 525 post 01 er lønsandelen av driftsutgiftane på 78,5 %, og husleigeandelen utgjer 18 %. Totalt går 96,5 % av budsjettet til faste utgifter til løn og husleige.

Administrativ kostnadsdekning

Den administrative kostnadsdekninga var i 2016 på 8,7 mill. Vi tek som hovudregel 40 % administrativ kostnadsdekning for alle stillingar finansiert over framandkapitalar. Departement og direktorat finansierar oppdraga ulikt, og det er krevjande å få dekning i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Alders- og kjønnsfordeling

Fylkesmannen i Hordaland hadde per 31.12.2016 200 tilsette. Aldersfordelinga syner ei overvekt av kvinner. Det er ei utvikling som har forsterka seg dei seinare åra og som embetet har eit ønskje om å balansere. I leiargruppa er kjønnsfordelinga jamnare. Når det gjeld alderfordelinga har vi den klart største gruppa mellom 40 og 50 år, med ein snittalder på 44 år.

Vi har og ei relativt stor medarbeidargruppe over 60 år. Det meiner vi er eit teikn på at livsfasepolitikken fungerer og at arbeidet med å nå delmål 3 i IA-avtalen om auka pensjoneringsalder er vellukka. Seniorane er ein viktig ressurs for embetet - både fagleg og sosialt. Vi ser at nokre avdelingar har relativt mange i aldersgruppa 62 + . Det krev planlegging og oppfølging for ikkje å tape for mykje kompetanse samla når denne gruppa tar ut pensjon.

Lærling

Vi har i tråd med krav frå departementet teke inn lærling for 2016-2018 på IKT-området. Vi vil vurdere å ta inn lærlingar og på andre

område.

Turnover

I 2016 var turnoveren på under fire prosent. Det er svært lågt og skuldast nok ein kombinasjon av at Fylkesmannen er ein attraktiv arbeidsplass der medarbeidarane har høve til personleg vekst og utvikling og arbeidsmarkedet vi har hatt i regionen dei siste par åra. Då vi har relativt mange i mellombelse stillingar og stramme budsjett for 2017, vil vi truleg sjå utskiftingar i tida framover.

Løn

Når det gjeld løn, tjener menn noko meir enn kvinner i dei fleste stillingskategoriane. Vi ser ikkje systematiske skilnader i lønnsfastsettinga, men ser at mange av dei nyutdanna som vert rekrutterte er kvinner. Det same gjeld for mellombelse stillingar. Det påverkar i utgangspunktet lønsskilnaden mellom kvinner og menn i nokon grad. Vi har samstundes ei stabil gruppe av kvinnelege seniorar som er relativt høgt lønna. Auken i bruk av mellombelse stillingar kan i stor grad tilskrivas verjemålsreforma og den uavklara ressursituasjonen, med tilleggsløyvingar gjennom året. I leiargruppene er det størst skilnad mellom kjønna når det gjeld lønn. Før øverste kategori kan det tilskrivas løna til embetsleiinga, men for seksjonsleiarane er det ikkje nokon spesifikk forklaring, forutan at assisterande fylkeslegar, som er høgt lønna, vert talde med i denne gruppa. Når det gjeld kjønnsamansetnad i leiargruppene med personalansvar, ser vi at denne er relativt jamn.

Sjukefråvær

Etter fleire år med lågt sjukefråvær har vi dei siste to åra sett ei auke. I 2016 hadde vi eit gjennomsnittleg totalt sjukefråvær på rundt fem prosent. Denne auken kan i stor grad tilskrivas fleire tilfelle av langtidssjukmeldingar grunna alvorleg sjukdom. Kvinner har noko høgare sjukefråvær enn menn. Det er ein trend i samfunnet, som det er vanskeleg å påverke. Vi overvakar sjukefråværet, men ser ikkje det som noko risikoområde no. Alt sjukefråvær er fulgt opp i tråd med regelverk og interne rutinar. IA-målsetnaden er å halde sjukefråværet under fem prosent. Vi har arbeidd systematisk med bistand frå BHT og Nav, både med gruppetiltak og oppfølging av einskildmedarbeidarar for å nå dette målet.

Fylkesmannen i Hordaland har som mål å vere ein inkluderande arbeidsplass for alle, uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne og etnisitet.

Rapportering på HR-nøkkeltal krev framleis ein god del manuelle berekningar og tilpassingar av rapportane frå DFØ. Dette kan føre til feilkilder/marginer. Måletidspunkt for årsverk på HR er sett til desember 2016, noko som avviker frå økonomiområdet som måler gjennomsnitt gjennom året. Det ville vore ein føremon med felles måledato.

Andel administrasjon av totalt antall årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum, andel administrasjon	Økonomi	Lønn	IKT	Personal	Arkiv	Resepsjon og sentralbord	Antall årsverk totalt
Antall årsverk	100.0 %	2.9	0.5	3.3	2.0	11.6	3.0	23.3

Avdelingsdirektør er også seksjonleder for økonomi, men er holdt utenom her. HR-ressurs som er delt mellom Økonomi og personal viser i kategori "lønn".

Administrativ kostnadsdekning

Betegnelse på rapporteringskrav	Tall i 1000 kr.
Administrativ kostnadsdekning	- 8 782

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (kr)	- 2 889.0
Budsjettavvik (%)	2.5 %

Driftsutgifter og lønn

Driftsutgifter	112 861.0
Lønn 052501	88 642.0
Lønnsandel av driftsutgifter	78.5 %

Husleie

Husleie (tall i 1000 kr)	20 557
Husleie (% av driftsutgifter)	18 %

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	119 606	72 696	46 910

I 2016 hadde vi ei stor auking i krav om innsyn. Frå 2620 krav om innsyn i 2015 til 5005 krav om innsyn i 2016. I samband med verjerekneskap så registrerer vi som hovudregel alle dokumenta i eit verjerekneskap som ein journalpost.

Medarbeiderundersøkelsen

Betegnelse på rapporteringskrav	Differanse 2016-2014	Gjennomsnittlig score for 2016	Gjennomsnittlig score for 2014
I vårt embete stimuleres det til læring og samarbeid på tvers av avdelingene	0.2	3.4	3.2
I vårt embete utvikler vi oss faglig ved gjensidig kontakt med andre embeter	0.0	3.4	3.4

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2016
052501	113 264
052521	15 422
Post 01 (unntatt 052501)	34 469
Post 20-29 (unntatt 052521)	83 540
Post 30-39	4 734
Post 40-49	0
Post 60-69	480 384
Post 70-79	13 904
Post 80-89	6 914

Aldersfordeling

Totalt antall ansatte pr. 31.12	Antall ansatte under 20 år	Antall ansatte 20 - 29 år	Antall ansatte 30 - 39 år	Antall ansatte 40 - 49 år	Antall ansatte 50 - 59 år	Antall ansatte over 60 år
200	0	12	49	55	50	34

Årsverk og lønnsutgifter

Betegnelse på rapporteringskrav	Rapporteringsåret
Gjennomsnittlig totalt antall årsverk for aktuelt år	169.00
Gjennomsnittlig årsverk for kvinner	101.80
Gjennomsnittlig årsverk for menn	67.20
Gjennomsnittlig årsverk for faste stillinger	153.80
Gjennomsnittlig årsverk for midlertidige stillinger	18.20
Gjennomsnittlig lønnsutgifter per årsverk	54 306.00
Gjennomsnittlig lønnsutgifter per årsverk for kvinner	54 027.00
Gjennomsnittlig lønnsutgifter per årsverk for menn	55 535.00

Gjennomsnittslønn per årsverk vert høgare enn gjennomsnittslønna til den einskilde medarbeidar. Årsaka er som kjent at antall aktive/faktiske arbeidde årsverk er mindre enn totalt antall medarbeidarar. Ein gjennomsnittsløn hos FMHO er kr. 45868,- i månaden. Lønna her er basert på fast løn (inkludert faste tillegg). I årsverk er medrekna tid på overtid med vidare, ihht. oppskrifta - men dette vert ikkje gjenspegla i lønn per årsverk (då fastlønna ligg til grunn).

Turnover

Turnover i prosent	Gjennomsnittlig antall ansatte i rapporteringsåret	Totalt antall ansatte som har sluttet (ekskludert naturlig avgang) i løpet av rapporteringsåret og ble erstattet	Totalt antall ansatte som har sluttet (inkludert naturlig avgang) i løpet av rapporteringsåret
3.52 %	199.00	7.00	14.00

Inkludert i disse tallene er to personer hvor vikariat/engasjement utløp uten at de fikk tilbud om å forlenge. Noen av disse var hyret inn for korte engasjement med avgrensede oppgaver.

Tilstandsrapportering om likestilling i embetet

Betegnelse på rapporteringskrav:	2015	2016
Sum Antall ansatte	194.00	200.00
Grunnlagstall 1: Antall menn	75.00	76.00
Grunnlagstall 2: Antall kvinner	119.00	124.00
Grunnlagstall 3: Gjennomsnittlig månedslønn for menn	44 893.00	48 959.00
Grunnlagstall 4: Gjennomsnittlig månedslønn for kvinner	40 932.00	44 006.00
Sum antall deltidsansatte	14.00	8.00
Sum prosent andel deltidsansatte	7.22 %	4.00 %
Grunnlagstall 5: Antall menn i deltidsstilling	6.00	3.00
Grunnlagstall 6: Antall kvinner i deltidsstilling	8.00	5.00
Sum antall midlertidige ansatte	15.00	18.00
Sum prosent antall midlertidig ansatte	7.73 %	9.00 %
Grunnlagstall 7: Antall menn i midlertidig stilling	4.00	3.00
Grunnlagstall 8: Antall kvinner i midlertidig stilling	11.00	15.00
Sum personer i foreldrepermisjon	2.00	0.00
Grunnlagstall 9: Antall menn i foreldrepermisjon	0.00	0.00
Grunnlagstall 10: Antall kvinner i foreldrepermisjon	2.00	0.00
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	2 050.00	2 143.00
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	575.00	736.00
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 475.00	1 407.00
Sum andel legemeldt sykefravær menn	1.50 %	2.54 %
Sum andel legemeldt sykefravær kvinner	3.50 %	3.36 %
Grunntall 11: Antall legemeldte sykedager for menn	290.00	472.00
Grunntall 12: Avtalte arbeidsdager for menn	19 332.00	18 581.00
Grunntall 13: Antall legemeldte sykedager for kvinner	1 034.00	989.00
Grunntall 14: Avtalte arbeidsdager for kvinner	29 557.00	29 407.00
Sum andel egenmeldt sykefravær menn	1.47 %	1.42 %
Sum andel egenmeldt sykefravær kvinner	1.49 %	1.42 %
Grunntall 15: Antall egenmeldte sykedager for menn	285.00	264.00
Grunntall 16: Antall egenmeldte sykedager for kvinner	441.00	418.00

Tilstandsrapportering om likestilling på leder- og medarbeidernivå

Betegnelse på rapporteringskrav:	2016	2015
Antall ansatte i embetet	200.00	194.00
Antall kvinnelige ansatte	124.00	125.00
Antall mannlige ansatte	76.00	81.00
Antall kvinner med personalansvar	8.00	9.00
Antall menn med personalansvar	8.00	7.00
Sum antall ansatte med personalansvar	16.00	16.00
Andel kvinner med personalansvar	4.00 %	4.64 %
Andel menn med personalansvar	4.00 %	3.61 %
Andel ansatte med personalansvar	8.00 %	8.25 %
Antall ansatte uten personalansvar	184.00	178.00
Antall kvinnelige medarbeidere uten personalansvar	116.00	116.00
Antall mannlige medarbeidere uten personalansvar	68.00	74.00
Andel kvinnelige medarbeidere uten personalansvar	58.00 %	59.79 %
Andel mannlige medarbeidere uten personalansvar	34.00 %	38.14 %
Gjennomsnittlig månedslønn for kvinnelige ledere	65 245.00	69 206.00
Gjennomsnittlig månedslønn for mannlige ledere	64 591.00	57 709.00
Gjennomsnittlig månedslønn for kvinnelige medarbeider	44 006.00	40 932.00
Gjennomsnittlig månedslønn for mannlige medarbeidere	48 958.00	44 893.00

Gjennomsnittlig månedslønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Årstall	Prosent menn av alle ansatte pr. 31.12.	Prosent kvinner av alle ansatte pr. 31.12.	Månedslønn menn pr. 31.12	Månedslønn kvinner pr. 31.12	Prosentandel kvinners månedslønn av menns månedslønn pr. 31.12
Totalt i virksomheten	2016	38 %	62 %	47 893	43 510	91
Totalt i virksomheten	2015	39 %	61 %	46 181	42 384	92
Embetsledelse / dir. / adm.sjef	2016	2 %	2 %	83 378	72 983	88
Embetsledelse / dir. / adm.sjef	2015	2 %	3 %	81 044	70 127	87
Seksjonssjef/ ass. dir.	2016	4 %	4 %	67 901	60 297	89
Seksjonssjef/ ass. dir.	2015	4 %	3 %	66 588	53 893	81
Saksbehandler 1	2016	20 %	21 %	46 126	46 293	100
Saksbehandler 1	2015	19 %	22 %	44 334	44 259	100
Saksbehandler 2	2016	9 %	21 %	40 186	41 094	102
Saksbehandler 2	2015	10 %	19 %	40 013	39 352	98
Kontorstillinger	2016	3 %	14 %	37 411	35 061	94
Kontorstillinger	2015	3 %	14 %	32 873	34 167	104
Fagarb.stillinger	2016	0 %	0 %	0	0	
Fagarb.stillinger	2015					0
Lærlinger	2016	1 %	0 %	0	0	
Lærlinger	2015	1 %	0 %	8 018	0	0

Det er noen stillingskategorier som ikke er med i oversikten her, bl. a. 1538 fagdirektør - som vi etter hvert har noen av. Det er ikke usannsynlig at det kommer flere i denne kategorien etter gjennomføring av fylkesmannsreformen, så det burde gjerne vært rapportert også på denne gruppen.

2.4 Andre forhold

Internt digitaliseringsprosjekt

Leiargruppa har i 2016 etablert eit internt digitaliseringsprosjekt som mellom anna skal arbeide for betre utnytting av digitale verkty i embetet. Prosjektgruppa skal kartlegge og gjennomføre tiltak for betre utnytting av digitale verkty som gjer oss i stand til å løyse sakshandsamingsoppgåvene og administrative oppgåver meir effektivt, og ein plan for gevinstrealisering. For å nå målsetjinga for hovudprosjektet er det definert ei mengde underprosjekt som skal ende ut i konkrete tiltak.

Førebelse underprosjekt:

- Brukarstyring og systematisert tilgangskontroll
- Redusere papirutskrifter
- Effektivisere inngåande post
- Standardisere malar og standardtekstar
- Skytenester
- Kompetanseheving
- Verjemål - forenkling av arbeidsprosessar / digitalisering
- Vurdering av arbeidsprosessar på fagavdelingane
- Videomøte - tilrettelegge og heve kompetanse

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Måloppnåelse

Det meste av embetet sine ressursar og merksemd er retta mot gjennomføring av statleg politikk på dei ulike sektorområda.

Vi er av den oppfatninga at måloppnåinga i embetet er god. Det vert jamt over arbeidd ressurseffektivt og med god kvalitet. Vi meiner også at vi har den kompetansen og dei ressursane vi treng for å få ei slik måloppnåing, med eit viss unntak for verjemålsoppgåvene.

Det er god og hyppig kontakt med kommunane på fleir ulike måtar; møter med fagfolk, ordførarar/rådmenn, sektorvise politikarar og fagfolk, kurs og konferansar. Statleg politikk vert også formidla ved nettoppslag og alle dei tusenvisse avgjerder/vedtak vi fattar kvart år.

Velferd og helse

Nasjonale målsettingar er blitt formidla på eit stort mangfald av arenaer (møter, tilsyn, dagleg telefonkontakt, enkeltavgjerder, konferansar, nettoppslag etc) og skal vere kjende for kommunane i fylket. Kommunane gjer ulike prioriteringar, og det er klare skilnader i føresetnadane for gjennomføring av satsingane. Det har i stor grad har samanheng med leing og rekruttering av kvalifisert personell.

Barn og unge

På utdanningsområdet har vi valt ein startegi der vi kombinerer omfattande skriftleg informasjon med møtepunkt med kommunane. Det sikrar at vi får nærmare kjennskap til i kva grad kommunane har sett seg inn i dei nasjonale føresetnadene og krava til sektoren, og i kva grad dei følgjer det opp med planar og arbeid lokalt. Det er ein ressurskrevjande strategi. I 2016 gjennomførte vi om lag 25 dialogmøte med kommunane der dei overordna føresetnader på skule og barnehageområdet var tema. Ressursbruken lar seg likevel forsvare fordi ein del kommunar har lite kapasitet på kommunenivå. Det er difor nyttig at FM er ein aktiv drøftingspart og at vi legg til rette for samtalar og utveksling mellom kommunane.

Oppslutninga om FM sine møtepunkt er svært god. Det tar vi til inntekt for at kommunane som skuleeigar og barnehageymde er gjort kjent med nasjonal politikk og at FM blir sett på som ein nyttig informant og samtalepart. For Fylkesmannen er det eit mål å ha gjennomarbeidd informasjonsopplegg for nasjonal politikk og satsingar, at vi presenterer dei nasjonale føringane på fleire arenaar og ved fleire høve, samt at vi kontrollerer at alle kommunar har vert deltakande på ei eller fleire av dei møtepunktta vi inviterer til. Dette målet har vi nådd med god margin i 2016. Vi må difor konkludere med at nasjonal politikk på utdanningsområdet er kjent.

Verjemål

Og her har vi til no ei, etter høva, god måloppnåing. På grunn av ressursituasjonen ser vi at vi på dette området kan få store utfordringar med å halde på noverande kapasitet og kvalitet. Det er rapportert på meir detaljer i andre delar av årsrapporten

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

Samordning generelt

Med dei mange sektoroppdraga embetet får frå ulike oppdragsgjevarar sentralt er det ei utfordring å gjennomføre desse oppdrag koordinerte og med optimal ressursbruk. Som omtalt under pkt. 1. har embetet lenge vore opptatt med å få til større grad av koordinering av dei to grunnane som er nemnde. Det har vi omtalt i årets rapport og i tidlegare rapportar både horisontalt og vertikalt. samordning står også sentral når det gjeld dei ulike oppgåve fylkesmannen har. det har vi stor merksemd mot. Det vert difor arbeidd aktivt for å få til større samordning på dei ulike sektorområda og mellom desse områda, gjennom våre internorgan, t.d. Tilsynsforum, leiarmøtet, det praktiske organiseringa av konkrete oppgåver, t.d. planoppgåvene vår. Når det gjeld t.d. det sistnemnde har vi samla alle planressursane våre i ei samfunnsplanavdeling.

Vi meiner likevel at det ligg eit uforløyst potensial til å gjere meir på dette området. Vi viser til omtale under pkt. 5.

Når det gjeld tilsyn, arbeider vi aktivt for å harmonisere framgangsmåten når det gjeld dei tilsyna embetet sjølv utfører. I brukarundersøkinga melder kommunane tilbake at dei er nøgde med dette, men at det er ønskeleg med meir informasjon/ rettleiing for gjennomføringa av tilsyna.

Når det gjeld samordning med andre tilsynsorgan på regionalt nivå, finn det stad ei viss harmonisering på sektornivå, t.d. mellom Miljøvern- og Landbruksavdelinga hos oss og Mattilsynet.

Embetet vil i samband med ny fylkesmannsstruktur arbeide vidare med på kva måte kommunane/KS skal involverast i tilsynsarbeidet

vårt. Her kan det tenkjast fleire modellar.

Velferd og helse

Ved fleire tilsyn siste åra har vi funne at statleg barnevern, kommunalt barnevern og psykisk helsevern for barn og unge ikke samarbeider og samordnar tenestene slik at barna får tilbod som dei treng. Tiltak for betre samarbeid er sett i verk og blir følgd opp frå vår side. Vi blir oftare spurd om råd og rettleiing.

Landbruk

Mattilsynet sin nye regionale struktur har ført til utfordringar når det gjeld koordinering og dialog, men dette har hatt ei positiv utvikling i 2016. Det er lagt planar for eit enda tettare samarbeid på landbruksområde framover.

Barn og unge

Det er konkrete situasjonar som gjer det synleg når statlege verksemder ikkje er godt nok samordna og kva som trengs både av samarbeid og samordning. Arbeidet for flyktningar og med busetting i kommunane kan nemnast spesielt. Mange kommunar har gitt uttrykk for at den regionale staten med mellom anna NAV, Husbanken, Bufetat, UDI og IMDi står fram som uoversiktleg og krevjande å orientere seg i. Dette gjeld særleg i rettslege og økonomisk spørsmål.

Frå Fylkesmannen si side har det vore avgjerande å samle representantar frå regional stat slik at einskildkommunar eller kommunar saman kan få møte staten med sine konkrete spørsmål og problemstillingar. Dette har vist seg svært effektivt for kommunane, men det har og gitt den regionale stat meir kunnskap om våre respektive roller og ansvarsområde. Vi vil og legge til at den regionale staten har fått betre kjennskap til kommunesektoren. På utdanningsområdet er det mykje å ta stilling til når det gjeld kva rettar barn og vaksne kan ha til barnehage og opplæring. Særleg kan regelverket for ungdom i vidaregåande alder vere uoversiktleg. Vi har difor brukt tid på å informere regional stat om hovudtrekka i barn, unge og vaksne sine rettar på opplæringsområdet. I tillegg har vi i samarbeid med verjemål gitt opplæring til verjene for einslege mindreårige.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

Generelt

Embetet har stor merksemd retta mot å treffa rettssikre avgjerder. Derfor legg vi stor vekt på opplæring (klarspråk, forvaltningsrett - generell og spesiell, rolleforståing) i rettstryggeliksarbeidet vårt. Vi har tilgang til god rettsleg ekspertise på alle område, og maktar å handsame slike saker stort sett i samsvar med aktuelle saksbehandlingsfristar.

Byggesaker

Vi behandlar noko i underkant av 600 byggeklassesaker. Det store talet er utfordrande for oss. Nokre av sakene er også volumiøse og kompliserte. Trass i det klarar vi ei sakshandsaming av slike klagesaker med ein frist på to månader.

Barn og unge

På utdanningsområdet er det nokre område som peikar seg ut der vi veit, eller er i tvil om barn, unge og vaksne sine rettar blir følgt fullt ut, eller om kommunane har ei rett forståing og difor praktiserer reglane slik dei er meint. I Hordaland har vi difor, på nokre utvalde område valt å arrangere jamlege kurs for sektoren, og på den måten sikre at alle kan delta. Elevar sin rett til eit godt psykososialt miljø er eit slikt døme. Vi har også over år, mellom anna gjennom tilsynsarbeid, løfta fram reglane om rett til gratis skule. Rettar til vaksenopplæring kan og nemnast spesielt som eit av dei områda vi ser at kommunane si lovforståinga er ujamn. Dette kjem tydeleg fram i arbeid for kvalifisering av flyktningar.

For FM er det avgjerande at barnehagemynde og skuleeigar er løpande oppdatert både på kva som er nytt innanfor regelverk, men og på kva område vi ser at praksis ikkje føl lovverket. Vi har difor dette som fast tema med alle kommunane i årlege møte.

Velferd og helse

Varetaking av rettane til enkeltpersonar er høgt prioritert. Vi har hatt særleg merksemd på bruken av tvang. Regelverket gir rom for tolking og på tvers av embeta er skjønnsutøvinga forskjellig. Det er behov for harmonisering mellom fylkesmennene i heile landet. Innan fagområda helse og omsorg, sosial og barnevern vidareførte vi utviklingsarbeidet for styrkt involvering av brukarar og pårørande i tilsyn. SINTEF har evaluert tiltaka.

Verjemål

Vi har hatt fokus på rettstryggelikk, likebehandling og god kvalitet i saksbehandlinga. For å sikre dette har vi jobba systematisk med prioriteringar, interne rutinar og prosedyrar. Dette gjeld både for oppretting av verjemål, bruk av kapital og arbeidet med verjegotgjering. Det har likevel vore ei utfordring å halde saksbehandlingstida innanfor dei prioriterte saksområda. Alle nærstående, alminnelege og faste verjer fekk i 2016 tilbod om å delta på verjesamlingar. Ei rekke prosjekt vart gjennomført i løpet av året, i samband med å forbetre datakvaliteten i VERA. Vi handsama i tråd med resultatkrav alle gamle saker for tidlegare umyndiggjorte i samband med prosjektet "rettsleg handleevne". I vårt tilsyn av verjer har vi prioritert gjennomgang av verjeregnskapa og gjennomført

samtale med alle faste verjer. Vi har ein klår oppfatning av at verjemålsreforma har vore viktig for å styrkje rettstryggleiken og rettslikskapen for verjetrengande.

Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Fylkesmannen er opptatt av gode møteplassar og arenaer for formidling og dialog. Terskelen for å ta initiativ overfor sentrale styresmakter meiner vi er låg, og skjer kontinuerleg på dei møteplassane vi har der embeta og oppdragsorgana møter kvarandre.

I 2016 avslutta Fylkesmannen i Hordaland busettingsprosjektet som vi i ein tidleg fase var blant initiativtakarane til. Ein av hovudkonklusjonane våre er at fordi Fylkesmannen sine ulike sektoroppgåver korresponderer med dei kommunale ansvarsområda som er viktig i arbeidet for integrering og kvalifisering, bør vi spele ei sentral rolle i busettingsarbeid. Fylkesmannen er ein viktig samtalepart og rettleingsinstans ikkje berre når kommunane skal gjere vedtak om busetting og førebur seg på å ta imot nye borgarar, men og frå det øyeblikket den busette flyttar til, og er kommunen sitt ansvar. Resultat og vurderingar frå prosjektet er levert til statlege styresmakter og er orientert om på eigna møtestader.

Embetet har lenge vore opptatt av samordningsspørsmål. Eit døme er det som går fram overfor om busetting av flyktningar. Hordaland har frå byrgjinga også tatt del i motsegnprosjektet som er presentert anna stad i rapporten. I arbeidet vårt på ulike område ser vi også at det bør vere mogleg med ytterlegare samordning av regional stat. Vi har, i samarbeid med Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland, fått utarbeidd ein rapport, NIVI Rapport 206: 2 En dør til staten for kommunene. I den ligg også framlegg til konkrete samordningsprosjekt som vi tru vil effektivisere den statlege organiseringa av oppgåver overfor kommunane.

Denne rapporten er formidla til andre styresmakter og må sjåast i samanheng med det annonserte arbeidet med å sjå nærare på organiseringa av regional statsforvaltning.

3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

I dialogen vår med kommunane i plansaker har me peika på at planlegginga skal vera bærekraftig gjennom å sikra at naturmangfald, dyrkajord, strandsoner, klima, folkehelse og omsynet til barn og unge vert ivareteke. Samstundes må kommunane i plansamheng sikra ei framtidretta utvikling som legg godt til rette for både næring, offentlege tenester, infrastruktur og bustadutbygging. Bærekraft vil vera fokus også her ved å leggja til rette for samordna bustad, areal- og transportplanlegging med fokus på sykkel, gange og kollektivbruk for å ta auken i transport.

I Hordaland er det store utfordringar knytt til ras, skred og flaum, slik at gode og trygge planar er avhengige av at det vert gjort eit godt arbeid med ROS-analyser i forkant av utbygging. Ei trygg samfunnsutvikling er også avhengig av at kommunane har fokus på samfunnsikkerheit og beredskap når dei jobbar med sine kommune- og reguleringsplanar.

I eit fjordfylke som Hordaland ser vi klare utfordringar når det gjeld planlegging i sjø, der interessene er mange og vi savnar nødvendige planfaglege og - juridiske avklaringar.

Resultatmål 3.1.1.1.1

Rapportere på

FM har hatt dialog med og formidlet nasjonale og regionale hensyn til alle kommuner i fylket.

Fylkesmannen har gitt uttaler i alle plansaker, både ved oppstart og offentlig ettersyn, der nasjonale og vesentleg regionale omsyn er gjort kjent. I saker med aktuelle motsegnspunkt har kommunane fått tilbod om dialogmøte med Fylkesmannen.

Fylkesmannen har vidare delteke i regionalt planforum og på plannettverkssamlingar i regi av Hordaland fylkeskommune. Her har ein på eit tidleg stadium i planprosessen hatt moglegheit for å koma i dialog med kommunane.

Nasjonale og vesentlege regionale omsyn er også gjort kjent gjennom uttaler til dispensasjonssaker og i klager på slike vedtak.

Me har vidare revidert våre interne rutinar for handsaming av plan- og dispensasjonssaker og lagt denne ut på nett som informasjon til kommunane om kva som vert vektlagt i våre uttaler og kor ein kan finna meir informasjon om dei ulike plantemaa.

På årets plankonferanse som vart arrangert i samband med Hordaland fylkeskommune var folkehelse og planlegging tema. Konferansen gjekk over to dagar og fekk gode tilbakemeldingar frå dei mange kommunane som deltok.

Resultatmål 3.1.1.1.2.1

Rapportere på

Prinsippene i de statlige planretningslinjene er lagt til grunn i alle relevante regionale og kommunale planer.

Statlege planretningslinjer er lagt til grunn for våre uttaler til regionale og kommunale planforslag.

Vi ser det manglar noko for å få implementert t.d. dei statlege planretningslinjene for ein samordna areal- og transportplan i kommunane. Det er her ofte ønskje om å bygge ut område som stimulerer bilbasert transport.

Areal- og transportplanlegginga også i den regionale planlegginga er for uforspliktande og lite normerande til å oppnå dei ønskete klimamåla.

Resultatmål 3.1.1.1.3.1**Rapportere på**

Andel relevante kommunale og regionale planer med tidlig medvirkning: 100%

Fylkesmannen har deltatt og gitt innspel i regionalt planforum til dei planar kommunane har ønska å få vurdert i dette forumet.

Fylkesmannen fekk 262 reguleringsplanforslag til oppstart i 2016 og me har gitt innspel til alle oppstartsmeldingane. Det same gjeld for dei 203 reguleringsplanforslaga som vart sendt til offentleg ettersyn.

Fylkesmannen har vidare gitt innspel til dei seks arealdelane som var under utarbeiding i 2016, og til tre samfunnsdelar av kommuneplanen. I tillegg har tre kommunar hatt mindre revisjonar av sine arealdelar.

Resultatmål 3.1.1.1.3.2**Rapportere på**

Mekling i planer med uløste innsigelser: 100%

Det vart halde mekling i fem reguleringsplansaker i 2016. FMHO hadde motsegn i fire planer og fylkeskommunen i ei sak.

Motsegnene frå Fylkesmannen var i 2016 grunna i omsynet til dyrka mark i Strandebarm, friluftsliv og allmenn ferdsel i utmark samt landskap og naturinngrep i to reguleringsplanar for Kvamskogen, Tryglakleiv og Gråsteindalen, Kvam kommune, samt strandsona og samanheng med kommuneplanen og planprosessen for Kalvanes i Austevoll. Hordaland fylkeskommune hadde motsegn til plan for utbygging i Skiparviken, Bergen, av kulturomsyn og landskapsverknad frå Troidhaugen. Mekling førte fram i to av sakene. Dei tre andre sakene vert det arbeidd vidare med.

I tillegg til saka frå Stord som er nemnt i merknadsfeltet, vart reguleringsplan for Mølleneset i Bergen sendt KMD for avgjerd.

Mekling i planprosesser med uløste innsigelser

Resultatmål	Differanse	Resultat
100 %	- 17 %	83 %

Det vart halde mekling i 5 plansaker i 2016. Ei sak er i tillegg sendt KMD utan mekling, det gjeld E39 Heiane - Ådland på Stord. FM og SVV har motsegn til ulike delar av planen, og mekling vart ikkje sett på som tenleg.

Resultatmål 3.1.1.1.4.1**Rapportere på**

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til klimaendringar.

Alle innkomne planer er vurdert med omsyn til klimaendringar i samsvar med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Me viser i våre uttaler, der det er relevant, til DSB si samleside for klimatilpassing (www.klimatilpassing.no) og elles til DSB sin klimahjelpar og regional klimaplan 2014-2030 for Hordaland.

Vurdering av konsekvenser av klimaendringer i planer

Er alle planer etter plan og bygningsloven vurdert med hensyn til klimaendringer?
--

Ja

Resultatmål 3.1.1.1.5.1**Rapportere på**

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til samfunnsikkerhet.

Alle innkomne planforslag med tilhørende ROS-analyser er vurdert ut frå omsynet til risiko og sårbarheit i samsvar med pbl § 3-1 bokstav h og § 4-3, og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Tilsvarende vert så langt råd er, òg vurdert i dispensasjonssaker.

Vurdering av konsekvenser av samfunnsikkerhet i planer

Er alle planer etter plan og bygningsloven vurdert med hensyn til samfunnsikkerhet?
--

Ja

Resultatmål 3.1.1.1.6.1**Rapportere på**

Landbrukets og reindriftens arealressurser er ivarettatt i alle planprosesser.

Fylkesmannen har gitt innspel til alle kommunale planforslag for å sikra ivaretaking av landbruksinteresser, der det er relevant, i samsvar med pbl § 3-1 bokstav b, nasjonal jordvernstrategi og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

Resultatmål 3.1.1.1.6.2**Rapportere på**

Reduksjon i omdisponering av dyrket mark sammenlignet med 2014.

Det har vore ein nedgang i tal dekar dyrka mark som har blitt omdisponert i Hordaland, jf. tal frå KOSTRA. I 2014 var det totalt 401 dekar dyrka mark som blei omdisponert etter jordlova og plan- og bygningslova, mens talet for 2015 var 279 dekar.

I 2015 var det nedgang i omdisponering etter både jordlova, frå 62 dekar i 2014 til 38 dekar, og etter plan- og bygningslova, frå 339 dekar i 2014 til 240. Det er framleis slik at det er mest dyrka mark som blir omdisponert etter plan- og bygningslova. Det er ein viss usikkerheit knytt til tala, då det er kommunane som har ansvar for å sørgje for riktig innrapportering, men Fylkesmannen tolkar likevel tala slik at ein er på rett veg.

Då det ikkje ligg føre tal for 2016 enno, er det vanskeleg å slå fast om den positive trenden har fortsatt i 2016.

Resultatmål 3.1.1.1.7.1**Rapportere på**

Alle relevante kommuner i storbyområdene tilrettelegger aktivt for boligbygging.

Fylkesmannen har deltatt prosjektet "Flere boliger i bedre by" 2013-2017, der ein har hatt ulike former for dialog og samarbeid med dei største kommunane i fylket. Nasjonale føresetnader har vore vidareformidla til kommunane, og ein har hatt som mål å leggja til rette for samla bustad, areal- og transportplanlegging med fokus på klimavenlege transportløyningar, gange og sykkel. Vidare har ein vektlagt høg arealutnytting og urban utvikling, samt oppfølging av regional plan for senterutvikling.

3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet

I 2016 har Fylkesmannen informert om og drøfta, med kommunane, alle dei store og varsla endringane på lov og regleverksområde. Vi vil løfte fram arbeidet med ny rammeplan for barnehage og arbeidet med nytt regelverk om skolemiljø. Kommunane sine plikter og

ansvar i arbeid med flyktingar og nyankomne har også hatt høg prioritet. 0-24 oppdraget, saman med dei områda som er vist til over, har vore fast tema i alle dialogmøta vi har med kommunane.

Vi har og gitt ei samla oversikt over alle statlege satsingar og tiltak som kommunane kan delta i, samt ei samla oversikt over kva kommunar i fylket som er involvert i dei ulike satsingane/tiltaka. Dette bidreg til at kommunane kan ta kontakt og dele erfaringar over kommunegrensene.

Vi legg vekt på at informasjon og dialog med kommunane er tilpassa skuleeigar og barnehagemynda. Skriftleg informasjon er på alle prioriterte områda supplert med ei rekke møtepunkt der kommunar sine særskilte spørsmål og problemstillingar kan drøftast. I arbeidet for å målrette informasjon er kommunar sine høyringssvar ei viktig kjelde. Desse gjer oss både eit bilete av kva kommunane legg vekt på og kva analyser dei har gjort.

Vår konklusjon er at vi har ei ordning og eit omfang av kontakt med kommunane som sikrar at vi ikkje berre får informert om sentrale tema, men at vi kan ha nærmare dialog om dei same emna med kommunane individuelt, i grupper eller samla. Oppslutninga om dei møtepunktta vi har er stor og får god tilbakemeldingar. Dette gjeld både aktualitet og relevans av dei tema FM set på dagsorden, men ikkje minst at kommunane sjølve kan be om ytterlegare informasjon og rettleiing ut frå egne behov.

Resultatmål 3.1.1.2.1.1

Rapportere på

Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

Landsgjennomsnittet i 2015 når det gjeld i kva grad barnehagemynda og -eigar var nøgd med støtte og rettleiing på området kompetanseutviklingstiltak, var 3,67. I Hordaland var resultatet i 2016 3,69. Resultatmålet er nådd.

Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak

Differanse resultatmål	Resultatmål	Grunnlagstall
0.0	3.6	3.6

Endringa i positiv retning var marginal, 0,02

Resultatmål 3.1.1.2.1.2

Rapportere på

Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

Hordaland sine resultat når det gjeld i kva grad kommunane vurderer Fylkesmannen som ein viktig medspelar, slik dei er presentert i Rapport 2016:16 "Spørsmål til skole-Norge", har eit gjennomsnitt på 4,3 (landsgjennomsnittet er 3,8). På spørsmål som gjeld virkemiddel ligg Hordaland med ein skåre på 3,9 også der over landsgjennomsnittet (3,6). resultatata baserer seg på eit utval av kommunar, men vi må legge til grunn at dei representerer fylket på ein god måte.

Det er ikkje mogleg å samanlikne direkte med resultat frå 2015, fordi dei ikkje ligg føre på fylkesnivå. Vi tolkar likevel resultatata frå 2016 å vere tilsvarende eller noko betre enn i 2015.

Vår konklusjon er at resultatkravet er oppnådd.

Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak

Resultatmål	Differanse resultatmål	Grunnlagstall
58.0 %	- 11.0 %	47.0 %

Dette er nasjonale tal. Fylkesvise tal ligg ikkje føre for 2016 og vi kan difor ikkje jamfører FMHO med eit landsgjennomsnitt slik resultatmålet ber om.

3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap

Fylkesmannen har i 2016 støtta under arbeidet i kommunane med samfunnsstryggleik og beredskap gjennom å

- rettleie etter førespurnad (t.d. i samband med DSB-CIM, heilskapleg ROS, utforming av beredskapsplanar m.m.)
- arrangere fagseminar og kurs (t.d. PLIVO, DSB-CIM)

- bistå i lokale øvingar (t.d. Vaksdal)
- gjennomføre tilsyn (sjå eige underpunkt)
- gjennomført fagsamling for kommunale beredskapskontaktar
- gjennomført varslingsøvingar

Resultatmål 3.1.1.3.1.1

Rapportere på

Gjennomført tilsyn i ¼ av kommunene.

Fylkesmannen har i 2016 gjennomført tilsyn i 9 av dei 33 kommunane i fylket, dvs. om lag 27 %. Fylkesmannen har gjennomført tilsyn i følgjande kommunar: Bergen, Fusa, Samnanger, Os, Fjell, Askøy, Øygarden, Austevoll og Sund.

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall gjennomført tilsyn
25.00 %	2.27	27.27 %	33.00	9.00

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Opplæringstilbod om sosialtenestelova i kommunane blei gitt på kurs, i møte for leiarar, ved tilsyn og klagehandsaming. Vi har prioritert å gi opplæring gjennom «Ny i Nav», på nettverksamlingar og i fagsamlingar for Nav-tilsette. Vi har tatt utgangspunkt i lokale behov slik Nav-kontora sjølv definerer dei. Opplæringstiltak har vore koordinert med Nav fylke. To gonger i året inviterer vi saman med Nav-fylke alle Nav-leiarar. I desse samlingane tek vi ansvaret for at viktige problemstillingar i dei sosiale tenestene blir drøfta.

Vår vurdering er at dei fleste Nav-kontora har god kunnskap om regelverket.

Erfaringar frå tilsyn og klagehandsaming blir aktivt nytta i dialogen med Nav-kontor og kommuneleiing.

Vi bruker også nettsida vår flittig til å formidle kunnskap om lovforståing generelt og om våre avgjerder i prinsipielle spørsmål, slik at dei vert tilgjengelege og kan leggast til grunn ved alle Nav-kontora.

Vi har faste møtepunkt med Bergen kommune, Nav fylke, KS og rådmannsutvalet om dei sosiale tenestene i Nav.

Resultatmål 3.1.2.1.1.1

Rapportere på

Alle NAV-kontor i fylket skal ha mottatt tilbud om opplæring.

Alle Nav-kontor i fylket fekk tilbod om opplæring. I samarbeid med Nav-fylke gav vi opplæring om «Ny i Nav» til alle Nav-kontor. Vi gav tilbod om meir individuelt tilpassa opplæring til dei ulike tenestområda og deltok på fagsamlingar for Nav-kontora i Hardanger-området og i fagsamling for tenestområde vest.

Alle Nav-kontor fekk tilbod om å delta på tre fagsamlingar om kvalifiseringsprogrammet og fire samlingar om økonomisk rådgjeving. Hausten 2016 hadde vi grunnkurs i økonomisk rådgjeving. Alle Nav-kontor i fylket var påmeldt. Vi dekte deltakaravgift til konferansen «Penger til besvær» for alle Nav-kontor som ønskte å vere med.

Saksbehandling var tema i to møte med Bergen kommune. I samarbeid med Nav fylke arrangerte vi to samlingar for Nav-leiarane.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	40	40

3.1.1.5 Øke tilgjengelighet og kapasitet, samt styrke kvalitet og innovasjonsevne i helse- og omsorgssektoren og i folkehelsearbeidet

Vi har over tid og med dei verkemidla vi har til rådvelde medverka til betre tilgjenge, kapasitet og kvalitet i tenestene. Det ser ut til at alle kommunane vektlegg folkehelse i samfunnsplanlegginga. Med unntak av fire mindre kommunar, har alle utarbeidd oversiktsdokument. Det varierer i kva grad utfordringar i oversiktsdokumentet blir følgde opp i planstrategien. I alle kommuneplanar som var til høyring i 2016, var det brei omtale av folkehelse. Vi vektlegg folkehelseiltak i kommunal planlegging, gjennom tverrfagleg tilbakemelding i høyring av kommuneplanar og ved deltaking i planforum og plannettverk. Sjølv om mange tiltak er sett i verk, er det framleis behov for å styrkje kapasitet og kvalitet i demensomsorga og halde fram arbeidet med å kvalifisere og auke delen av personell med relevant fagutdanning i brukarretta tenester.

Resultatmål 3.1.3.1.1

Rapportere på

Alle kommuner har utarbeidet lokale helse- og omsorgsplaner som del av det helhetlige kommuneplanarbeidet.

21 av 33 kommunar har eigne helse- og omsorgsplanar. I dei andre kommunane er helse og omsorg omtalt i samfunnsdelen i kommuneplanen.

Resultatmål 3.1.3.1.2.1

Rapportere på

Alle kommuner har iverksatt tiltak for å bedre kvaliteten på tjenestetilbudet til personer med demens.

Det er mange aktørar i fylket som er opptekne av tenester til personar med demens. Vi har hatt møte med dei for å samordne aktivitetar.

Hovudinstrykket er at alle kommunane har sett i verk tiltak for å betre tilboda til denne pasientgruppa.

Kommunar som søker om tilskot til kompetanseheevande tiltak innan geriatri og Demensomsorgens ABC, får midlar frå kompetanse- og innovasjonstilskotet.

Dagaktivitetstilbod: 25 av 33 kommunar har dagtilbod for personar med demens.

Nokre av kommunane som ikkje har eit organisert tilbod, er små og kan opprette dagtilbod på kort varsel dersom det er behov for det.

Fylkesmannen har tett kontakt med alle kommunane, og alle er informerte om den øyremerkte tilskotsordninga.

Det er nødvendig å styrkje dagaktivitetstilboda for å møte behovet. Det er for få tilrettelagte dagtilbod som er tilpassa interesser og funksjonsnivå hos dei som skal bruke det. Kapasiteten er for liten. Det manglar også tilbod på ettermiddag, kveld og helg.

Pårørandskular: 20 av 33 kommunar har pårørandskule eller samtalegruppe. 13 av dei deltek i interkommunalt samarbeid.

I 2016 søkte 10 kommunar om tilskot til pårørandskule. Tre kommunar søkte om tilskot til samtalegruppe.

ABC-opplæring: Alle kommunane i fylket har søkt om tilskot til dette i 2010-2016. I 2016 søkte fire kommunar om tilskot. Fleire seier det er vanskeleg å starte ny opplæring av di dette tiltaket konkurrerer med andre opplæringstiltak. 26 av 33 kommunar har oppretta demensteam eller demenskoordinator.

Resultatmål 3.1.3.1.3.1

Rapportere på

Alle kommuner har oppnådd en økt andel ansatte med relevant utdanning sammenliknet med 2015.

Vi har oversikt over utvikling i delen av tilsette med relevant fagutdanning i kommunane til og med 2015 og er særleg merksam på kommunar der delen med fagutdanning går ned. Denne oversikta over utviklingstrekk har vi med ved tildeling av kompetanse- og innovasjonstilskot. Vi har dialog med kommunane om prioriteringar når det er nødvendig. Nokre av kommunane som har nedgang i delen med relevant fagutdanning, har vanskar og med å rekruttere personell og har mange tilsette over 55 år.

Tal for 2016 føreligg ikkje på rapporteringstidspunktet. Vi skal sende rapport til Helsedirektoratet på tiltak som inngår i kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot innan 1. mai 2017. Ved denne rapporteringa gir vi ei kort vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen i helse- og omsorgstenestene. Denne vurderinga byggjer mellom anna på opplysningar kommunane sender oss innan 1. mars om kor mange tilsette som deltek i eller har fullført grunn-, vidare- eller etterutdanning.

Resultatmål 3.1.3.1.4.1**Rapportere på**

Alle kommuner skal ha deltatt i kompetansehevende program.

Alle kommunane deltok i kompetansehevende program.

3.1.1.6 Økt kapasitet og kompetanse om psykisk helse og rus, med satsing på bedre forebygging og sammenhengende tjenester

Resultatmåla er i hovudsak innfridde. Det er noko usikkerheit knytt til datagrunnlaget om auke/ending i kapasitet. Informasjon om nasjonale målsettingar, oppmoding til å delta i kompetansehevande tiltak og søkje tilskot til styrking og utvikling av tenestene er gitt til alle kommunane. Dei lokale prioriteringane er ulike. Verktøyet Brukaplan er ikkje like godt eigna for alle kommunar, særleg mindre kommunar, og vi har oppmoda til meir interkommunalt samarbeid. Det er ei viss satsning på forebygging og betre samanheng i tenestetilbod, men framleis stort rom for vidareutvikling.

Resultatmål 3.1.3.2.1.1**Rapportere på**

Alle kommuner i fylket har tatt i bruk BrukerPlan eller lignende kartleggingsverktøy i sitt planverk.

Alle kommunane fekk tilbod om å delta i Brukarplan og Ungdata. 19 kommunar har kartlagt i Brukarplan. Kommunane som ikkje deltok i Brukarplan har med unntak av to av dei minste kommunane i fylket kartlagt i Ungdata i 2016 eller tidlegare år.

Resultatmål 3.1.3.2.2.1**Rapportere på**

Alle kommuner i fylket har deltatt i kompetansehevende tiltak på rusfeltet.

Alle kommunane har fått tilbod om kompetansehevande tiltak frå Fylkesmannen i samarbeid med dei ulike kompetansesentra. Fagdag om rus og tvang (ny rettleiar) vart arrangert i samarbeid med Korus Vest Bergen og Stavanger, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Helse Vest og brukarorganisasjonar. Representantar frå alle kommunane fekk høve til å delta. Tema på samlinga var på friviljug tvang og bistandsteam.

Samarbeidet om Betre tverrfagleg innsats (BTI) omfattar Korus, RVTS, RKBU, kommunar, spesialisthelseteneste og brukarorganisasjonar. Det er eit 5 årsperspektiv for samarbeidet og emne i storsamlingane for dei ulike deltakarane er å betre praksis og bygge kompetanse på tema relatert til barn som ein er uroleg for. Barns beste er blant dei som har gitt fagleg oppdatering.

Konferanse om barn og psykisk helse blei arrangert i tett samarbeid med Helse Bergen. Det er mange problemstillingar som går i grenseflata barnevern og psykiatri der det er viktig å auke kompetansen og vise fram dei gode eksempla. Det deltok leiarar frå barnevernstenesta, barnevernsinstitusjonar, barne- og ungdomspsykiatri og psykisk helseteneste.

ROP-kurs for leiarar blei arrangert saman med Fylkesmannen i Rogaland og Korus Stavanger. Det er viktig at ny kunnskap blir forankra både på grunnplanet og på leiarnivå. Det deltok seksjonsleiarar/verksemdsleiarar, leiarar for helse/omsorg, overlegar, avdelingsleiarar og folk frå rådmannsstab og brukarråd.

Rusdag 2016 blei arrangert saman med Korus Vest Bergen og Stavanger, Fylkesmannen i Rogaland og Helse Fonna. Dette er eit årleg arrangement med gjennomgang av siste nytt frå Brukarplan, oppdatering på relevante faglege emne og høg grad av involvering frå brukarmiljøa både i deltaking og utforming av og medverknad i program. Det var deltakarar som jobbar med rus og psykisk helse i kommune og spesialisthelseteneste, både på grunnplan og på leiarnivå. Det deltok og politikarar, brukarorganisasjonar, sjølvhjelpsgrupper, frisklivssentralar og friviljuge organisasjonar.

Regional fagdag om tverrfagleg spesialisert rusbehandling og psykisk utviklingshemming blei arrangert saman med Fylkesmannen i Rogaland og Helse Vest. Rusmiddelbruk og utviklingshemming er eit vanskeleg og krevjande emne som mange ønskjer meir kompetanse på. Vi inviterte tilsette både frå kommunane og spesialisthelsetanesta.

Resultatmål 3.1.3.2.3.1

Rapportere på

Alle kommuner har dokumentert kapasitetsvekst i lokalt rus- og psykisk helsearbeid sammenliknet med 2015.

Tal frå IS-24/8 2016 viser at 25 kommunar har kapasitetsvekst i lokalt rus- og psykisk helsearbeid frå 2015 til 2016. Tre kommunar har uforandra status. Fire kommunar har ein liten reduksjon i kapasiteten med 0,1 til 0,8 årsverk. I tala frå ein kommune er det truleg ein registreringsfeil.

3.1.1.7 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester

Økosystema er under press frå vegutbygging, hyttebygging, kraftutbygging og oppdrettsnæring. Vi har ikkje haustbare overskot av sjøaure og villaks i store delar av fylket. Reetableringsprosjekta i Vosso, i Modalen og i genbanken for Hardangerfjorden er viktige grep for å sikre god tilstand i desse økosystema gjennom å reetablere anadrom fisk. I Modalen vart kalkingsanlegget offisielt opna i mai etter ein særleg rask byggeprosess. Dersom ikkje genbankarbeidet i Hardanger vert gjennomført må vi avskrive laksebestandar som følge av genetisk innblanding. På dette området er utviklingen i strid med det nasjonale miljømålet.

Godkjenning av den regionale vassforvaltningsplanen i Klima- og miljødepartementet i juli førte til utsettelse for kraftbransjen og oppdrettsnæringa. Her vert det avgjørande i kva grad denne måten å arbeide på vil gje resultat eller ikkje i åra som kjem.

Resultatmål 3.1.4.1.1.1**Rapportere på**

Restaureringsprosjekter skal være igangsatt i henhold til plan 2016-2020 for restaurering av myr og annen våtmark.

Våre 10 myrreservat og 25 våtmarksreservat er undersøkte med tanke på mogleg restaurering. Vi har så langt ikkje identifisert aktuelle restaureringsobjekt mellom desse. Det finst andre lokalitetar - særleg myrar - som ikkje er underlagt vern etter naturmangfaldlova og som kan vere aktuelle restaureringsprosjekt i framtida, men grunneigarar eller kommunar har ikkje blitt kontakta om dette.

Resultatmål 3.1.4.1.2.1**Rapportere på**

Overvåkingsprogram er igangsatt i alle vannregioner.

Å operasjonalisere overvåkingsprogrammet for vassregion Hordaland er ei prioritert oppgåve. Vi er i gang med å sette i verk konkret overvaking. Saman med fylkeskommunen arbeider med ei starthjelp for sektorstyresmaktene for å komme i gang med tiltaksgjennomføringa og som ei hjelp for å aktivisert sektorene i arbeidet med overvåkingsprogrammet.

Resultatmål 3.1.4.1.3.1**Rapportere på**

Økt bruk av påleggsmyndigheten hjemlet i vannkraftkonsesjoner sammenliknet med 2015.

Omfanget av konsesjonssaker etter vassdragslovene er fortsatt høgt i Hordaland. Fylkesmannen har motsegn til eller rådd frå omlag halvparten av prosjekta, og har mange faglege innspel knytt til forslag om konsesjonsvilkår. Dei overordna utfordringane er konflikt med anadrom fisk, raudlista arter og naturtyper og press mot naturområda, særleg samla belastning på inngrepsfri natur, landskap og område av verdi for friluftsliv og opplevingsverdi. NVE samler ofte fleire utbyggingsaker i "pakker", men dei overordna utviklingstrekk vert ikkje skildra i søknadene. Omsyna blir til ein viss grad vektlagt og fulgt opp i NVE og Olje- og energidepartementet sine vedtak. Vi meiner det er trong for betre fagleg samordning mellom embeta og Miljødirektoratet innan energifeltet.

Vi bruker ein del ressurser på energisakene, inkludert møte med større utbyggjarar i fylket for å skape forståing for våre innspel til sentrale styresmakter.

3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring

Vi har tunge utfordringar med spreing av framande artar i naturen. Særleg har vi fokus på slik spreing av framande treslag i naturskog. Ukontrollert sjølvfrøing av sitkagran utanfor etablerte plantedelt er eit omfattande og særskilt krevjande problem. Fleire

stader er dette problemet endå større når det gjeld edelgran og vestamerikansk hemlokk. Berberis og fleire artar mispel er i ferd med å bli eit problem i minst to viktige verneområde. Fylkesmannen legg ned stor innsats for å motverke slik spreiding i verneområda. For tida er mykje fokus retta mot det største skogrestaureringsprosjektet i Noreg gjennom tidene, der store bestandar av 5 ikkje-stadeigne treslag vert fjerna ved maskinhogst på ein eigedom miljøvernstyresmaktene har teke over frå Statskog, der visjonen er at naturskogen skal få reetablere seg.

Tre område vart verna i 2016: Åkre og Vikane (Ullensvang), Tjongspollen (Bømlo) og Ullensvang prestegardskog (statlig grunn). For Tjongspollen er sjølvve vernevedtaket utsett til 2017 fordi det er sameige. Vi har takka nei til oppstart av verneprosess i to skogområde, med bakgrunn i manglande miljøverdier. Totalt har vi 14 område som enten er i prosess eller der det nå er tidlige sonderinger mellom Vestskog BA og aktuelle skogeiere.

Vi opplever det som krevjande å få gode miljøfaglege og forvaltningsmessige avgrensingar av verneområda. Ettersom mandatet for frivillig vern omhandler skog, vil ikkje skogeigarane inkludere andre arealtypar i verneområdet. Trass i at det er naturfaglege gode grunner til dette. Resultatet kan bli at vi ikke fangar opp nasjonalt viktige miljøkvalitetar og ellers kan få lite praktiske avgrensingar på verneområda.

Vi er seinere i gang med frivillig skogvern samanlikna med andre fylke. En vesentlig flaskehals har vært avgrensa ressursar i skogeierlaget Vestskog BA. Dette vil bedre seg etter at Allskog nå i større grad bistår Vestskog pluss ein ekstra stilling i Vestskog i 2017. Med flere tilbud fra skogeierne ville fort vår kapasitet kunne bli en flaskehals. Ordninga med prosessmidler i 2016 har vore til nytte.

Vi er i gong med ein diskusjon med Statens vegvesen om kompensasjonsvern for tapte regnskoglokalitetar ved bygging av E39 som fire-felts motorveg over Reksteren på Tysnes.

Våre tre kandidatområde for marint vern er klare til høyring. I høyringa av oppstart av verneplanarbeidet var 5 av 10 involverte kommuner positive, 3 negative og 2 *indifferente*. Verneplanen er prioritert hos oss, og vi har sett det som viktig å ha kommuner, fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet med på laget.

Resultatmål 3.1.4.2.1.1

Rapportere på

Alle tiltak for truede arter og naturtyper skal være i tråd med forvaltningsmål, faggrunnlag og handlingsplaner.

Når det gjeld utvalde naturtypar der arbeidet med handlingsplanene vert koordinert av Miljødirektoratet når det gjelde kystlynghei og slåttemark, har vi handsama 48 søknadar i søknadssenteret. Vi har og fått utarbeidd skjøtselsplan og inngått skjøtselsavtale i tre nye kystlyngheilokalitetar.

Hordaland er koordinerande fylkesmann for oppfølging av arbeidet med handlingsplan for dvergålegras. Tiltak gjennomført i 2016 kjem fram av tabellen under.

Arbeid med og forvaltning av trua naturtyper og trua arter, inkludert utvalgte naturtyper og prioriterte arter

Hvilken art / naturtype	Type tiltak	Utdyping av, eller kommentar til, gjennomført tiltak	Der det er handlingsplan/faggrunnlag: Koordinerende FM oppgir hvilke fylker det var oppfølging av HP/FG i 2016?	Hvordan ble midler fra koordinerende FM fordelt til andre fylker?	Sum brukt	Ev. oppdragsnr.
Dvergålegras	Informasjon	Gjennomføring av nettverkssamling for representantar frå Fylkesmenn og kommunar som forvaltar denne arten. Deler av samlinga, kr 40 670 blei betalt i 2015.	Hordaland, Rogaland, Vestfold, Østfold	Annet	53 390	
Dvergålegras	Overvåking	Årsrapport med resultat frå overvåking og kartlegging av arten i 2016.	Hordaland, Rogaland, Vestfold, Østfold	Annet	110 000	
Dvergålegras	Kartlegging	Norsk landbruksrådgeving har utarbeidd rapport med gjennomgang av dei ulike lokalitetane i Hordaland, med tanke på eventuell landbruksavrenning. Dette arbeidet skal følgast opp med miljøplaner for enkeltbruk i dei områda der dette er aktuelt. Metodikken kan og brukast i andre fylke når dette er prøvd ut i Hordaland. Oppdraget blei betalt i 2015.	Hordaland	Annet	75 000	
					238 390	

3.1.1.9 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø

Fylkesmannen gav i 2016 løyve til tre ulike tiltak i forbindelse med tildekking av forensta sjøbotn i Puddefjorden. I dei djupaste områda (> 20 meter) av Puddefjorden vert det ikkje gjennomført tiltak med bakgrunn i ein risikovurdering og kost/nytte.

Bergen kommune skal gjennomføre tiltak i Indre Puddefjorden (440 daa). Sjøbotn vert tildekkja med steinmassar (TBM-masser) frå Jernbaneverkets prosjekt, ny tunell gjennom Ulriken. Tiltaket er finansiert gjennom 75 prosent tilskot frå Miljødirektoratet og 25 prosent tilskot frå Bergen kommune og Bergen og Omland Havnevesen. Innanfor dette arealet er det to nedlagte skipsverft og eit aktivt. Fylkesmannen har pålagt tiltak etter forureiningslova § 7 fjerde ledd for skipsverfta og varsla pålegg til noverande grunneiger av tidlegare skipsverftslokalitet for å få dei til å bidra med finansiering eller utføre tiltaket sjølv. Det aktive skipsverftet har og fått pålegg om opprydding i forensta grunn..

Det vart gjennomført eit kjeldesøk våren 2016, i regi av tilsynspersonell frå Miljødirektoratet, Fylkesmannen og Bergen kommune for å lokalisere aktive landkjelder som kan rekontaminere tildekkingslaget. Konklusjonen var at av omlag 40 besøkte verksemder måtte omlag 20 følgjast opp med tilsyn fra Fylkesmannen, kommunen eller felles ut fra delegert mynde. Fylkesmannen har gjennomført tilsyn ved seks av ni verksemder, og vil gjennomføre tilsyn ved dei resterande verksemdene i 2017.

Bergen havn er definert i tre delområde: Vågen (235 daa), Puddefjorden (1 985 daa) og Store Lungegårds vann (435 daa), til sammen 2 655 daa. Fylkesmannen deltek i prosjektgruppen *Renere havn Bergen* (delfinansiert 50 prosent stilling fra Miljødirektoratet ut 2016).

Sjøbotn i Vågen er freda etter kulturminnelova. Tiltak for å redusere spreining av miljøgifter frå sedimenta må godkjennast av Riksantikvaren. Det er innleia dialog med Riksantikvaren etter initiativ frå Miljødirektoratet. Tidspunkt for tiltak i Vågen er ikke avklart.

Tiltak i Store Lungegårds vann i regi av Renere havn vert tidligst utført etter utfylling i Store Lungegårds vann i regi av Bybanen, som skal byggjast vidare mot vest. Utfyllinga er planlagt med oppstart i 2017 og varighet i omlag 2 år. Fylkesmannen har gitt Bybanen Utbygging løyve til utfylling i Store Lungegårds vann. *Renere havn Bergen* har søkt om tillatelse for tildekking av de resterande areala i Store Lungegårds vann. Dette tiltaket kan trolig starte tidlegast i 2019.

Opprydding på Slettebakken og i Jekteviken blir og viktige prosjekt.

Prioriterte skipsverft:

Av de 17 skipsverftene som sto på lista er det følgende status ved utgangen av 2016:

- 5 skipsverft er "sjekka" ut av lista fordi Fylkesmannen mener at det ikkje er nødvendig med tiltak

- 4 skipsverft er ikkje formelt avklart – truleg utfall : tre verft vert sjekka ut – eitt verft: fleire undersøkingar
- 2 skipsverft er ferdig med sine tiltak som vi meinte dei skulle gjere (begge ble utført etter løyve etter § 11, frivillig, ikkje pålegg etter § 7)
- 4 skipsverft skal gjere tiltak i sjø i samanheng med Puddefjorden, eitt av desse fire skal også gjere tiltak på land
- 1 skipsverft (Wärtsila) skal gjere meir tiltak på land, dei er ferdig med ein av to hotspots

Tilsyn: Vi arbeider systematisk med tilsyn etter vår kontrollplan for 2016. Vi gjennomførte 73 tilsyn og fekk inn 2,5 millioner kroner i gebyrinntekter frå handsaming av søknader og tilsyn. Opp frå 2,4 millioner i 2015.

Vi deltok i 5 kontrollaksjoner i regi av Miljødirektoratet; plast- og glassfiberprodukter, mineralsk industri (sediment og betong), tanklagring og kommunetilsyn om lokal luftkvalitet. I tillegg deltok vi på tilsynsetatene sin fellesaksjon om samordning etter internkontrollforskrifta. Vi gjennomførte ein eigen lokal aksjon på settefiskanlegga i fylket.

Som del av tilsynsplanen førte vi i tillegg til aksjonane om lag 40 tilsyn ved verksemder som er konsesjonsbelagte eller forskriftsregulerte.

Det var mange landsdekkende aksjoner i 2016, noko som gjer at det vert gjennomført færre tilsyn i hver aksjon enn det som er ønskeleg.

Vi viser til tidligere innsendt forslag om plikt til internkontroll etter forureiningslova. Det vil gi kommunen oversikt og kunnskap om korleis den etterlever regelverket. Videre vil internkontrollplikt understreke ansvaret for å følge lover og forskrifter uavhengig av tilsyn fra statlige styresmakter. I forslaget til ny kommunelov er det foreslått en generell plikt til internkontroll for all kommunal virksomhet. Denne hjemmelen skal erstatte særlovshjemler med plikt til internkontroll.

Dette kan medføre en bevisstgjøring av kommunen, og kan gi en oversikt over område i kommunen kor det er fare for svikt eller mangel på oppfyllelse av myndighetskrav. Tidlig avdekking av avvik gir mulighet for rask retting av mangler samtidig som det kan forhindre fremtidige overtredelser av forurensningsloven. På denne måten retter internkontrollen søkelys også på oppfølging og forbedring.

Internkontroll har vært i bruk mange år i kommunene på viktige samfunnsområder som helse, sosial og barnevern. Utvidelse av internkontrollplikten til også å dekke miljø vil ikke medføre noen merbelastning for kommunen.

Avfall: I løpet av 2016 vart 12 løyve for avfallsanlegg gitt nye eller revidert.

Mal for løyve til industriverksemd er ikkje tilpassa avfallsanlegg, og vi har brukt mykje ressursar for å få på plass ein felles mal for å sikre lik behandling og samanliknbar kravstilling for avfallsanlegga i Hordaland. Den er sendt på høyring til Miljødirektoratet og dei andre fylkesmennene, og vi ser at fleire har laga egne malar.

Ei trend i fylket er etablering av så kalla "massehotell", anlegg for lagring av forureina massar for sluttbehandling i Noreg eller transport til anlegg utanlands. Vi har og motteke fleire meldingar om etablering av mottak av asfaltmassar for ombruk, attvinning.

Vi har fått inn 13 finansielle sikringar, men ventar med å godkjenne de til etter miljøfagkonferansen mars 2017 for å sikre like behandling.

Resultatmål 3.1.4.3.1.1

Rapportere på

Alle industri- og avfallsvirksomheter driver i tråd med nye krav i industriutslippsdirektivet.

Alle industriverksemdene driv i samsvar med industriutslippsdirektivet. Vi følger med på aktuelle BREF-dokument innan alle sektorar og vil oppgradere utslippsløyve etter kvart som BREF-dokument og BAT- konklusjonene er publiserte.

Forureiningsforskrifta kap. 36 har nytt krav om tilstandsrapport for grunn og grunnvatn for verksemder som er omfatta av Vedlegg 1 til kapittel 36, dersom det er fare for forureining. Vi vil påse at rapport er utarbeidd før løyve gis, eller ved endring av aktuelle løyve.

Våre bransjar og oversikt over BREF-dokument:

- Næringsmiddelindustri, utkast til BREF klart, ikkje vedtatt
- Store forbrenningsanlegg, LCP, utkast under arbeid, ikkje vedtatt
- Avfallsforbrenningsanlegg, WI, utkast mai 2018
- Avfallsbehandling, WT, utkast i 2016, ikkje vedtatt

- Overflatebehandling, utkast ikkje klart, ingen info om revidering

Resultatmål 3.1.4.3.2.1

Rapportere på

Avløpsanleggene skal ha lukket alle avvik som ble påvist i 2015.

Avløp er godt regulert sjøl om ein del kommunar ligg etter fristen i avløpsregelverket.

Kommunane som ikkje klarer fristane for primærreinsing vert følgt tett opp, både med brev og møter. Revisjon av utseppsløyve for kommunalt avløpsvatn for kommunane Bergen, Askøy, Os, Stord og Kvam er ferdig. Då har alle kommunene med kapittel 14 anlegg i fylket fått nye løyve i samsvar med ny mal frå Miljødirektoratet.

Vi har gitt to andre løyve i tettstadene og gitt ett avslag. I tillegg har vi gitt uttale til to hovudplanar for vassmiljø og avløp.

3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene

Kommunane i fylket er forskjellige, nokre er frå naturens side svært rike, for andre er det motsatt. I nokre kommunar speler også tradisjon og bygdepolitikk inn. Det er eit fleirhastighetsfelt, der lokalkunnskap er viktig for å bidra til god økonomiforvaltning. På det jamne må vi si at økonomiforvaltninga i kommunane er god.

Samstundes meiner mange ordførarar og rådmenn at det er på kommuneøkonomifeltet dei ser de største utfordringane framover (brukarundersøking 2016). Berre arealpress (plan og byggesak) vart sett på som ei større utfordring. I dette ligg eit teikn på uvisse for framtida.

I skrivande stund ligg ikkje førebelese KOSTRA-tal for 2016 føre, men tala for 2015 syner at 30 av 33 kommunar fekk positivt netto driftsresultat i 2015, og av desse hadde 20 kommunar eit resultat som var sterkare enn 1,75 % av brutto riftsinntekter (jfr. TBU tilråding).

Kommunane vert fulgt opp med informasjon om kommuneøkonomi når den ligg føre, tilpassa fylket, samt løypande råd og rettleiing. I tillegg får alle kommunar brev med analyse av budsjettet - uavhengig om dei er i ROBEK eller ikkje.

KOSTRA vert også nytta aktivt av Fylkesmannen, og av kommunane sjølve.

Resultatmål 3.1.5.1.1.1

Rapportere på

Antallet kommuner i ROBEK ved utgangen av 2016 ikke skal overstige antallet ved utgangen av 2015.

Hordaland har pt. ingen kommunar i ROBEK. Det er såleis lite rom før det vert avvik etter resultatmålet, men for 2016 er dette altså ikkje relevant.

Tett oppfølging av kommunane, også dei som ikkje er i ROBEK, bidrar til å styrke oversikt og rådgiving.

Den store utfordringa er korleis ein skal handtere kommunar som potensielt er på veg inn i ROBEK. Her har Fylkesmannen i Hordaland stilt seg positiv til forslag i prp. om ny kommunelov.

Antall kommuner i ROBEK

Kommuner per okt'15	Kommuner per okt'16	Avvik
0.00	0.00	0.00

Vi har ingen kommuner i ROBEK - verken her eller der. Tabellen virker ikke på 0

3.1.1.11 Kommunereform

Rapport kommunereform 2016.

Resultatet av reformprosessen i Hordaland var at 13 av fylket sine 33 kommunar slo seg saman til 5 nye kommunar.

1. Lindås, Radøy og Meland 2. Fjell, Sund og Øygarden. 3. Os og Fusa. 4. Jondal, Odda og Ullensvang. 5. Granvin og Voss. Alle desse vedtaka om samanslåing er gjensidige og representerer i underkant av 120.000 innbyggjarar. All samanslåing av kommunar i Hordaland er basert på friviljuge vedtak. I tillegg fatta Bergen, Kvam, Ulvik og Stord kommune vedtak om samanslåing, men utan

positive samanslåingspartnarar. Til saman representerer desse vedtaka om lag omlag 80 % innbyggjarane i fylket. Det grunnlaget som er lagt i denne runden, vil etter fylkesmannen si oppfatning vere grunnmuren for ei vidareføring av reforma. Samla sett fekk vi difor eit godt resultat for reformarbeidet i vårt fylke, med unntak av at vi ikkje fekk til friviljuge endringar i Sunnhordlandsregionen.

I samband med brukarundersøkinga som gjekk til ordførarar/byråd, rådmenn/kommunaldirektørar/ sjefar, fekk kommunane spørsmål om FMHO sin rolleutøvelse i reformprosessen. Her svara 67 % at vi hadde vore ein "god fagleg samarbeidspartner" (berre 9,5 % svarte nei - resten visste ikkje), 79 % meinte FM hadde vore tilgjengeleg for kommunen under reforma, og 51 % meinte FMHO hadde hatt ei balansert tilnærming til reforma. På det siste er det vert å merke at berre 24,5 % meinte det motsette .

Med utgangspunkt i premissane for reforma (friviljugprinsippet), ser vi oss nøgde med dette resultatet. Det er eit godt grunnlag for ei muleg vidareføring av reforma.

3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket

Det har vore satsa tungt på produksjonane mjølk, lammekjøtt og frukt i perioden 2013 - 2017 med aktive prosjekt på alle tre områda. Det meste av investeringsmidlane hos Innovasjon Norge har gått til desse produksjonane i tillegg til prosjekter innanfor nye næringer. Lammekjøttproduksjonen har auka med 7 % på 5 år til 1.711 tonn i 2016 - målet var på 10% frå 2013 - 2017. I mjølkeproduksjonen er det måloppnåing ift. kvotefylling etter at målet for kvotefylling er redusert på grunn av mindre kvotegrunnlag (målet redusert til 88%) - kvotefyllinga var på 89% i 2016. At kvotegrunnlaget er gått ned, kan forklarast med at det det har vore ein del sovande kvotar som er gått ut på dato. Eit mål om ein auke på 30 % for eple og moreller og 100 % for pærer og plommer, er vanskeleg å vurdere måloppnåinga på. Dette vert nærmare vurdert i samband med evaluering av Regionalt næringsprogram ila 2017.

Avverking i skogen i 2016 var større ein nokon gong, totalt 325 000 m³ mot 230 000 m³ i 2015. Stormen "Nina" gav mykje vindfall som var med å påverke dette. Når det gjeld vegbygging blei det brukt 13 mill i 2016 - årleg behov ligg på 20-25 mill. Vi ligg difor på 50 % aktivitet ift behovet på dette området. Det er ei stor utfordring med ungsogopleie - skjøtsel av plantefelt - i Hordaland, vi er langt unna målet for dette arbeidet. Dette er investeringar skogeigarane burde tatt, planen framover er difor å endre fokus og få kommunane til å bruke pengar på ungsogopleie.

Resultatmål 3.1.6.1.1.1

Rapportere på

Regionalt bygdeutviklingsprogram er utarbeidet og fulgt opp i tråd med nasjonal politikk.

Bruken av virkemidlane knytt til næringsutvikling, miljø og skogbruk, har følgd prioriteringane gjort i Regionalt Bygdeutviklingsprogram (2014 - 2107). I arbeidet med dei tre programma har FM tett kontakt med det regionale partnerskapet. I oppfølginga av det regionale næringsprogrammet, har faglagane delteke aktivt . Det har vore diskutert prioriteringar knytt til fastsetting av øvre grense for investeringstilskot samt prioritering av bransje. I Hordaland har det i 2016 vore løyvd om lag 20 mill. kroner til investering i mjølkeproduksjon, 3,3 mill. til sauehald og 2,4 mill. til fruktproduksjon. 2,6. mill. har gått til bygdenæringa fordelt på 24 saker. Totalt har det vore løyvd 30,8 mill. kroner i tilskot til bygdeutvikling, ein nedgang på 3 mill. kroner frå 2015.

Ullensvang er den kommunen med flest investeringssakar, dette gjeld investering i frukttrefelt. 20 saker fekk tilskot til investering i frukttrefelt i 2016 , ei halvering frå 2015. Voss kommune hadde 15 saker totalt i 2016, 14 av desse var investering i tradisjonelt landbruk. 22 av saker i 2016 gjaldt investering i mjølkeproduksjon. Voss hadde 25 % av desse. Dei 22 sakene for mjølk har planlagt auke i mjølkeproduksjon på 3 mill. liter. I 2016 var det mindre enn 1 mill. liter kvote til sals i fylket, det vil framover verte ei utfordring ift kjøp og leie av kvoter for større investeringar. For sau vil investeringssakene gjort i 2016 føre til ein auke i dyretal på 826 dyr. - dette er ein nedgang frå 2017 på i overkant av 1000 dyr.

Hordaland vart tildelt kr. 3,62 mill. i utgreiings- og tilretteleggingsmidlar (UTM) i 2016, og drog i tillegg inn kr. 345.000 frå fem avslutta og kansellerte prosjekt. Til saman vart det løyvd 3,96 mill. i 37 saker, av desse 733.000 (18,5 %) til seks saker under økologisk handlingsplan. Omlag 70 % av løyvingssummen var relevant innanfor tradisjonelt landbruk. 61,4 % gjekk til prosjekt i regi av landbruket sine organisasjonar. Høvesvis 28,3- og 32,6 % hadde særskilt relevans for kvinner og ungdom, herunder bygdenæring og publikumsretta aktivitet som særleg kan engasjere desse. 25,5 % av løyvingssum hadde relevans for reiseliv, medan 46 % hadde relevans for lokal matforedling og –konsum.

Arbeidet med evaluering av Regionalt miljøprogram for Hordaland, starta opp i 2016 - denne evalueringa blei gjennomført av Nibio i samarbeid med Fylkesmannen og har vore knytt til bruken av tilskotsmidlane. Det er gjennomført møter med aktuelle kommunar, bønder og fagfolk om tilskotsordningane, spesielt knytt til miljøavtaler, beitelag i låglandet, kystlynghei om korleis desse fungerer i forhold til målsetting og likehandsaming av søkjarar. Det blei også gjennomført eigne føretakskontroller, papirkontroll, som ein del av evalueringa - desse kontrollane gav tydelige signal om komplisert regelverk og krevjande kartløyningar.

Gjennomføring av handlingsplanen for Regionalt skog- og klima program har gått etter planen, aktiviteten innanfor vegbygging og hogst har vore stor. Innanfor skogbruksplanlegging har det i 2016 vert løyvd tilskot til to forprosjekt. Dei to forprosjekta gjeld kommunane Meland, Lindås, Radøy, Kvam, Jondal og Samnanger. Ein venter at forprosjekta vert ferdige våren 2017 og startar hovudprosjekt hausten 2017. Arbeidet med Hovudplan skogsveg har avdekket store manglar i kunnskapen om skogressursane i Hordaland. Trongen for nye takster er særns naudsynt i høve sertifisert tømmeromsetnad. Dei utvalde kommunane med forprosjekt har

ikkje MiSregistreringar. Nytt prosjekt «eigedomsoverbyggande skogforvaltning», er initiert, det vil krevje oppdatert kunnskap om skogressursane i dei tre aktuelle prosjektområda som er tenkt med i prosjektet. Dei tre områda ligg i kommunane Voss, Bergen og Fusa.

Resultatmål 3.1.6.1.2.1

Rapportere på

Tilfredsstillende foryngelse av all hogst innen tre år etter hogst.

Kommunane har mynde til å følge opp plikt for forynging innan tre år etter hogst, fylkesmannen er klageorgan. Ny PEFC-standard krev at skogeigar utarbeider plan for forynging etter hogst, før det vert inngått avtale med entreprenør om hogst. Før hogst vert det ofte inngått avtalar med entreprenør om planting av arealet. I andre tilfeller har skogeier framvist plan om eigen - eller leid arbeidskraft til å plante. På hogd areal som skal omdisponerast til anna formål, blir dette delvis fanga opp av kommunane i dag, men vi ser potensialet for auka oppfølging dersom informasjon om pågåande hogst blir kjent for kommunane. Fylkesmannen i Hordaland har tatt initiativ ovenfor andelslaget Vestskog SA om å utvikle ei elektronisk løysing for løypande informasjon frå skogeigar til kommunen om foryngelsesplan etter hogst. Informasjonen vil ikkje vere ment som meldeplikt for hogst jfr. skogloven, men eit verktøy i forhold til plikt til forynging.

I Hordaland har vi noko skogkledd areal, særlig langs kysten av fylket, som av naturgjeve- eller kommersielle grunnar kan gå ut av skogproduksjon. Derfor vil ikkje all hogd areal ventast å verte forynga.

3.1.1.13 Bærekraftig landbruk

Det har i 2016 vore bra måloppnåing ift miljøvirkemidlane. Søknader til Regionalt miljøprogram har stabilisert seg på i overkant av 1200 søknader, ein stor del av midlane er med på å halde drift i det bratte landskapet både i indre del - og i fjordstrøka i fylket. Over 90 søknader om støtte til organisert beitebruk kvart år støtter opp om den viktige skjøtselen som skjer med beite av sau og lam i fjellet. Når det gjeld dei spesielle miljøvirkemidlane handsama i kommunane, er det fortsatt rydding /skjøtsel av gamal kulturmark som får mestparten av midlane. Dette er med å skape eit opent landskap og variert kulturlandskap som ikkje minst turistane setter pris på.

Resultatmål 3.1.6.2.1.1

Rapportere på

Andel kommuner som følger opp kontroll med foryngelseskravet: 100 pst i løpet av tre år.

Fylkesmannen i Hordaland minner kommunane på om resultat- og foryngelseskontrollene 3-4 ganger gjennom året, i tillegg til å delta på nokre av kontrollane saman med skogeigarar og kommunane. Ved tildeling av NMSK midlane i 2016 blei alle kommunane gjort kjende med krav om 100 % gjennomføring av kontrollane. Om kommunene ikkje gjennomfører kontrollane vil ein konsekvens vere redusert tildeling av NMSK midlar neste år. Vi ser av resulta frå 2016 at fleire kommunar enn tidlegare år har gjennomført kontrollane, men likevel ikkje 100 %. Vi har tru på ein positiv utvikling og at vi når målet i løpet av 3 år.

Resultatmål 3.1.6.2.1.2

Rapportere på

Økt planting med tilskudd til tettere planting, og økt gjødsling, sammenlignet med 2015.

Alle søknader i 2016 om tilskot til planting over minste treantall 220 planter per dekar (G23), kom med i ordninga og fekk tilskot til tettare planting. Samla vart det gjeve kr 100 851,- som tilskot til tettere planting dette året – fordelt på 46 skogeiere. Dette tilskotet kom som eit lite tillegg til skogeigar ved kvar planting, der grunnpakka med tilskot er det ordinære NMSK tilskot. Tilskot til tettare planting slår inn for kostnaden av plantene frå 220 planter/daa til 270 plantar/daa. I kroner og øre utgjør dette ein liten andel av hele tilskotet som skogeier mottar.

Ordninga er satt i verk og bidrar litt. Vi meiner ordninga fungerer og skogeigarane fekk auka tilskot i forhold til 2015.

Resultatmål 3.1.6.2.2.1

Rapportere på

Alle miljøvirkemidlene er forvaltet i tråd med regionalt miljøprogram og nasjonale føringer.

I Hordaland har koplinga mellom Regionalt miljøprogram (RMP) og dei Spesielle miljøvirkemidlane i landbruket (SMIL) vore god. SMIL - ordninga er kommunane sitt viktigaste verkemiddel innanfor miljøområdet i landbruket, og skaper aktivitet langt over dei reelle kostnadene som vert langt ned i prosjekta. Vår erfaring er at samfunnsnytte for å bruken av verkemidlane er svært høg. Midlane er med å utløse investeringar til restaurering av både bygg, landskap og kulturminne.

RMP for perioden 2013 – 2016 har skildra utfordringane og verdiane i vårt fylke på miljørada. På bakgrunn av analysar har ein etablert tilskotsordningar for årleg skjøtsel, kor SMIL støttar opp om tiltak for restaurering. Det vert gjeve tilskot til miljøtema som kulturlandskap, biologisk mangfald og kulturminner. Det er også tilskotsordningar gjennom RMP knytt til føretak som deltek i organisert beitebruk og tilskot til knytt til vatn og avrenning til vassdrag. Tilskotsordninga vert justert årleg og får ny forskrift for å vere mest mogleg målretta og på den måten fangar opp evt. endringar som vert gjort i jordbruksavtalen. Det er gitt størst utbetalingar til tiltak under kulturlandskap, som er eit uttrykk for m.a. støtte til bratt areal og beite i utmark. Oppretthalding av drift av bratt areal og å unngå gjengroing av utmarka, er ein viktig strategi i Hordaland. Tilskot til reduksjon av utslepp til vatn og luft er den ordninga som har størst auke.

Mange bønder i Hordaland legg vekt på å byggje opp kompetanse knytt til landskapsskjøtsel for å ta i bruk fleire av ressursane på garden. I Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBP) er det etablert koplingar mellom Regionalt næringsprogram (RNP) og RMP, då mange av dei som startar opp med Inn på tunet, reiseliv, lokal mat, aktivitetar gjer nytte av landskapsverdiane som ein del av tilbodet til kundane, og ei viktig ramme rundt produktet.

I fylket har vi fleire regionale prosjekt knytt til tema innanfor SMIL ordninga. Fleire av kommunane har i 2016 meldt inn at det er planlagde fellesprosjekt som er kopla til pågåande bygdeutviklingsprosjekt i Hordaland, til dømes "Ny bruk av gamle landbruksbygg", "Landskap i drift" og LivogLyst. Prosjekt Landskapsparkar har dei siste seks åra arbeidd fram gode skjøtelsprosjekt som også gjev ringverknadar knytt til næringsutvikling, biologisk mangfald, bygningar med meir.

I 2015 vedtok regjeringa kystlynghei som utvalt naturtype etter naturmangfaldloven. Det er registrert 115 lokalitetar som utgjer om lag 80 000 daa kystlynghei i Hordaland. Det gjer Hordaland til det 4. største fylket med kystlynghei. Kystlynghei er ein kulturbetinga naturtype som er avhengig av bruk og skjøtsel for å verta ivaretatt. 75 føretak søkte om tilskot til skjøtsel av kystlynghei over RMP i 2016 og fekk samla utbetalt 0,5 mill. kroner.

I 2016 søkte 93 beitelag om driftstilskot over RMP. Tal beitelag er stabilt og bruken av investeringsmidlar i organisert beitebruk var i 2016 på 755 000 kroner. Dei siste åra er investering knytt til elektronisk overvakingsutstyr auka.

Av klima- og miljøvirkemidlane blei det løyvd tilskot til 11 prosjekt. Desse fordeler seg slik: biogassprosjekt (1), informasjon og formidling kring drenering av jordbruksjord (3), tiltak i samband med vassforskrifta (2), biologisk mangfald (2), kompostering av hestemøkk (1), klimasmart landbruk og klimaprojekt i samarbeid med Fylkeskommunen(2).

3.1.2 Statlig virksamhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsningar

3.1.2.1 Godt tjenestetilbud for barn og unge

Omsynet til barn og unge og utjamning av sosiale forskjellar er prioritert i arbeidet med plansaker, særleg i behandling av planar etter plan- og bygningslova.

Fylkesmannens vedtok i 2014 å satse på utvikling av strategiar for å minske omfanget av fattige barn og minske skadane av å vekse opp i fattigdom. Vi samarbeider med kommunane Askøy, Bergen, Fjell Kvinnherad og Ullensvang. 6,5 millionar av skjønsmidlane i året over fem år blir sett av til dette. Vektlegging av kartlegging, kompetanseutvikling og utbetring av ordinære tenester. Første erfaringsdeling med andre er sett til 16. mars 2017.

Barns plass i forvaltninga er tema for intern oppfølging og kompetanse utvikling, også i 2017. Her tek vi utgangspunkt i barnekonvensjonen. Barns medverknad og rett til å bli høyrd har stått sentralt, særleg i saker som gjeld barnevern og psykisk helsevern, som til dømes tilsynsrapporten om Ida-saka, men også i klagesaker om det psykososiale skulemiljøet til elevar i grunnopplæringa. Embetet har lagt vekt på informasjon til kommunane om rettane til barn og ungdom i asylmottak.

Frå og med 2015 har vi prioritert saker som gjeld barn og unge med eiga bannersak på nettsida vår. Den tverrsektorielle arbeidsgruppa for barn og unge planlegg og prioriterer saker på dette området i tillegg til dei som følgjer av det ordinære arbeidet på embetet.

3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Fylkesmannen hadde som mål at innsatsen på det bustadsosiale området skulle vere integrert i dei ordinære rettleiingsoppgåvene overfor kommunane og vere med vurderingar ved behandling av klager og tilsyn i einskiltaker.

Den samla offentlege bustadsosiale innsatsen var samordna i arbeidet med den nasjonale strategien «Bolig for velferd» i fylket. Pasientar og brukarar som har bustadproblem har til vanleg behov for bistand frå hjelpeapparatet på fleire område, og når offentlege instansar samordnar aktivitetane sine, vert den samla innsatsen meir effektiv.

Fylkesmannen har lagt til grunn at kravet om heilskapleg bustadsosial innsats ikkje berre relaterer seg til at offentlege instansar må samordne verksemda si. Innsatsen må difor omfatte alle dei forskjellige gruppene som er vanskelegstilte på bustadmarknaden.

I 2016 auka talet asylsøklarar. Busetting av flyktingar vart ei meir omfattande oppgåve enn tidlegare. Kommunane her la ned stor innsats for å leggje til rette for busetting av flyktingar. Bustadspørsmålet vart i stor grad løyst på ein tilfredsstillande måte.

Fylkesmannen har inntrykk av at presset på bustadmarknaden generelt var mindre i 2016 enn i dei føregåande åra. Dette medførte at også vanskelegstilte fekk litt lettare for å finne ein bustad. Personar med rusmiddelproblem og psykisk sjukdom hadde likevel vanskar med å få eigna bustad, og særleg for dei med utfordrande åtferd og dei som rusar seg dagleg. Nokre kommunar hadde vanskar med å rekruttere kvalifisert personell til bustadsosial oppfølging.

Resultatmål 3.2.1.2.1.1

Rapportere på

Gjennomført minimum to kompetansehevende tiltak for kommunene i fylket om boligsosialt arbeid, f.eks. bolig og integrering av flyktinger, bolig og tjenester til rusmiddelavhengige, helhetlig planlegging, bolig og folkehelse.

Oppgåva med å følge opp og rettleie kommunar på det bustadsosiale området var integrert i den ordinære rettleiinga til kommunane. Kompetanseheving var og integrert i samarbeidet med Husbanken om den nasjonale strategien «Bolig for velferd». Pasientar og brukarar som har vanskar med å skaffe bustad bustadproblem, ofte også behov for bistand frå hjelpeapparatet på fleire område. Det er ein fordel for brukarane å sleppe møte eit fragmentert hjelpeapparatet. Med dette som utgangspunkt hadde vi bustadproblematikk som tema i fleire tilsyns- og klagesaker i 2016. I og med at dette gjeld einskiltpersonar og deira individuelle behov, har vi lagt vi til grunn at rettleiinga vår får verknad både for den personen eller familien som saka gjeld, og for tenestene som kommunen/Nav-kontoret gir til personen eller familien. Bolig og integrering av flyktingar var òg tema på Nav-leiarsamling i 2016.

Fylkesmannen hadde særleg merksemd på busetting av mindreårige asylsøklarar og på kommunane sin kompetanse til å vareta dette. I februar arrangerte vi arbeidsseminar om busetting av einslege mindreårige asylsøklarar, og i løpet av året hadde vi fleire møte med dei einskilde kommunane som busette mindreårige asylsøklarar, både aldersgruppa under 15 år og aldersgruppe 15-18 år. I desse møta deltok dei forskjellige statlege instansane samla. Frå Fylkesmannen si side la vi vekt på leiarforankring, både i vårt daglege arbeid med denne oppgåva, og ved at embetsleiinga deltok i møta med kommunane.

Fylkesmannens bidrag til det boligsosiale arbeidet i kommunene er kunnskapsbasert

Resultatmål	Differanse	Grunlagstall 1
2	0	2

3.1.2.3 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap i fylket

Den største og mest alvorlege hendinga i 2016 var helikopterulukka ved Turøy, som kravde 13 menneskeliv. Nettopp denne hendiga understreka verdien av det arbeidet FMHO har gjort med tilsyn og rettleiing med kommunane over mange år. Ordørarane i Os og Fjell kommune trakk særleg fram bistanden frå Fylkesmannen i media. Helikopterstyrten på Turøy var hendinga der "ressursane fann kvarandre".

Dei største vêrrelaterte hendingane i 2016 var ekstremvêra "Tor" og "Urd", som råka fylket høvesvis januar og desember 2016. Hendingane var likevel ikkje større enn at konsekvensane må seiast vere moderate.

Embetet har i 2016 delteke i den nasjonale øvinga IKT16 og arrangert varslingsøving for alle kommunene i fylket. Embetet bistår ved behov i lokale øvingar dersom kapasitet. Embetet tok våren 2016 initiativ til å opprette eit regionalt plan- og øvingsforum.

Embetet har gjennomført ei undersøking knytt til bruk, kjennskap og kompetanse i krisestøtteverktøyet DSB-CIM i kommunane i fylket. Embetet følgde opp brukarundersøkinga gjennom å arrangere (i samarbeid med NUSB) to heildagskurs i DSB-CIM hausten 2016.

Embetet har motteke, kvittert for og vidareformidla alle innkomande beredskapsvarsel i 2016. I alt inneheld CIM-loggen vår 650 postar (ekskl. øvingar) i 2016. Vidare sender vi både rutinemessig og på førespurnad statusrapportar til DSB (og Hdir) i samband med større hendingar.

Embetet har revidert "Plan for beredskapssituasjonar" (beredskapsplanen). Den nye planen vil venteleg verte godkjent våren 2017 og vil då erstatte gjeldande plan frå 2013. Utfordringa for embetet vil framleis vere mangelen på beredskapsfaglege ressursar (personell) til å stette dei rollene som krev nettverk, spesialkompetanse (sertifisering) og kjennskap til fagområdet for å kunne løse oppgåvene. Det har vi ikkje p.t.

FMHO har sett i gong revisjon av underliggende planverk til SBS.

Embetet etablerte per 1. juli 2016 ei ny vaktordning på embetet som tek hand om varsel om uønskte hendingar utanfor kjernetida. Vaktordninga rullerer mellom leiarar i embetet. Sjå elles eiga rapportering under punkt 7.3.4.2.

Resultatmål 3.2.1.3.1.1

Rapportere på

Det er gjennomført minst en årlig øvelse av kriseorganisasjonen i embetet med grunnlag i ny samfunnsikkerhetsinstruks.

Ingen øvinga av embetets eigen kriseorganisasjon i 2016.

Sjå elles rapportering til punkt 7.3.4.4.

3.1.2.4 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Tema for tilsyn og verksemdar var valde ut frå vurdering av sårbarheit. Tilsyn var samordna i tid og tema. Ved å gjennomføre felles tilsyn med helse, sosial og barnevern i kommunane har vi synleggjort behov for samordning og betre styring i og mellom tenester. Tilbakemeldingane frå kommunane var gjennomgåande gode. Resultat frå tilsyn er formidla til andre kommunar i møte og artiklar på nett.

Resultatmål 3.2.1.4.1.1

Rapportere på

Alle tilsyn hvor det er funnet brudd på lov og forskriftskrav er avsluttet (dvs. praksis er endret) innen en avtalt frist.

Tilsyn blir følgde opp inntil verksemdene har evaluert om iverksette tiltak for å rette manglar og førebygge svikt fungerer slik som føresett.

Resultatmål 3.2.1.4.2.1

Rapportere på

Alle tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav, er fulgt opp og avsluttet innen utgangen av 2016.

Det blei ikkje avdekt lovbrøt ved dei fem tilsyna vi gjennomførte i 2014. Tilsyna blei avslutta i 2014.

Avslutning av tilsyn med folkehelsearbeid

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat	Antall tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav.	Antall tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav som er avsluttet.
100 %	- 100 %		0	0

Alle tilsyn blei avslutta i 2014. Det blei ikkje avdekt lovbrøt.

Resultatmål 3.2.1.4.3.1

Rapportere på

Krav til gjennomsnittsscore i spørreundersøkelse: 75 % svarer "FMs tilsynsvirksomhet er godt eller nokså godt samordnet".

Resultatmålet om spørjeundersøking vart endra, jf. brev frå KMD av 20.10.2016, til ein kort eigenvurdering av måloppnåinga for styringsparameteret.

FMHO har ingen ekstern vudering av intern samordning av tilsyn, men har gjennomført ei brukerundersøking i 2016 mot ordførarar/byråd, rådmenn/kommunaldirektørar og kommunalsjefar.

Av 114 respondentar meinte 85 (dvs 75 %) av Fylkesmannen si samordning av statlege tilsyn burde halde frem som i dag. 10, 5 prosent etterlyste ei styrking.

Resultatmål 3.2.1.4.4.1**Rapportere på**

Krav til gjennomsnittsscore i spørreundersøkelse - 75 % svarer at FM's tilsyn "i stor eller nokså stor grad har vært lagt til rette med sikte på læring og forbedring lokalt".

Resultatmålet vart endra i brev av 20.10.2016 frå KMD frå spørjeundersøking til å bli ein kort eigenvurdering av resultatmålet.

FMHO har gjennomført brukarundersøking mot ordførarar/byråd, rådmenn/kommunaldirektørar og kommunalsjefar. 75 % meinte at FMHO si samordning av statlege tilsyn burde halde fram som nå, men av 163 avkryssingar kunne 32,5 % ønskje ei sterkare rettleiing før og etter tilsynet. (mogelegheit for fleire kryss for dei 114 i utvalet). Resultatet tar vi med oss, sjølv om det ikkje nødvendigvis er i konflikt med resultatmålet om at "75 % svarer at FM's tilsyn "i stor eller nokså stor grad har vært lagt til rette med sikte på læring og forbedring lokalt""

3.1.2.5 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorar

I klimaarbeidet har vi til no hatt få verkemiddel for å få utsleppa ned. Den nye støtteordningen for klimatiltak i kommunene *Klimasats* gir fylkesmannen ein ny rolle for sikre reduksjon i klimagassutslipp. Etter vårt syn bør staten følge dette opp med i større grad å etterspørre resultat i det kommunale klimaarbeidet. Vi deltek i klimanettverket *Klimapartnere i Hordaland*, det største privat/offentlege nettverket i landet, der aktivitetar som klimaregnskap, idebytte, erfaringsutveksling og seminarar vert gjennomført. Arbeidet med klima er og eit viktig tema i plan, beredskap og landbruk.

På slutten av 2016 vart det lagt fram to rapportar, ein for Vossevassdraget og ein for Opoassdraget, begge varig verna vassdrag. Rapportane var ein moglegeitsstudie finansiert av NVE, kommunene, Miljødirektoratet og Fylkesmannen for å vurder aktuelle tiltak etter flaumen i 2014. Stortinget opna i desember 2016 for konsesjonhandsaming av flaumverk med tunnel og kraftverk i nedre delar av vassdraget.

Fylkesmannen i Hordaland vidareførte tresatsinga i 2016. «Tredrivaren» tok initiativ til etablering av eit samarbeid mellom ulike aktørar med mål om å utvikle eit arenaprosjekt for at næringsaktørane kan styrke sin langsiktige innovasjonsevne rundt produksjon av massivtre og trebyggeri. Hausten 2016 blei det også tatt initiativ til etablering av eit interkommunalt nettverk for miljøvennleg byggeri og arealutvikling (KomByggTre). Nettverket består så langt av 5 kommunar (Osterøy, Lindås, Meland, Bergen og Askøy) og har fått støtte gjennom klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet. Målet med dette arbeidet er å hjelpe kommune til å lage gode søknader (byggesakar og arealplanprosjekt) ved neste utlysingsrunde for klimasatsmidlar. Dette vil føre både til ein reduksjon av klimagassutslipp og auka kompetanse i kommunane.

Resultatmål 3.2.1.5.1.1**Rapportere på**

FM har hatt dialog med alle kommuner i fylket og formidlet forventningar til klima- og energiplanleggingen.

Vi har ikkje arbeid systematisk med å følgje opp fylkeskommunal og kommunale energi- og klimaplanar med bakgrunn i dei ressursane vi har. Vi arbeider likevel aktivt med energisaker og klimautfordringar i ei rekkje saker, både plansaker og utbyggingsaker med bakgrunn i dei klimautfordringane fylket har vore utsett for, og siden vi er lokalisert i ein by som er verdsleiande på klimakunnskap.

Resultatmål 3.2.1.5.2.1**Rapportere på**

Vurdering av effekt på klimagassutslipp, samt mål og tiltak for å redusere klimagassutslipp og energibruk, skal finnes igjen i alle relevante planer og enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven og annet lovverk.

I alle plansaker legg vi til grunn dei statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging. Klimautslipp vert ikkje regulert av anna lovverk vi forvaltar som forureiningslova eller andre lover.

Resultatmål 3.2.1.5.3.1

Rapportere på

FM har hatt dialog med kommuner og formidlet relevant kunnskap og informasjon, blant annet om nasjonale og fylkesvise klimaframskrivinger og den nye nettsiden klimatilpasning.no

Gjennom konkret arbeid med flaumsaker i Voss og Odda og havstigning i Bergen vert relevant kunnskap brukt og kommunane har fått ein aukande kunnskap om dette tema til bruk i planlegging, sikring av eksisterande infrastruktur og sitt eige arbeid med utleppskutt.

3.1.2.6 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningsituasjonen

Fylkesmannen i Hordaland har arbeidd langs fleire spor for å støtte opp om kommunar og nasjonale myndigheiter sitt arbeidet for og med flyktningar. Innsatsen har følgd fleire spor:

- informasjon til kommunar om lov og regelverk
- kurs til tilsette i kommunane/mottak/verjer om regelverk
- kople kommunar og regionale statlege aktørar i drøftingar om mottak/omsorgssentre/busetting
- dialog med kommunar v/anmodning om busetting

Erfaringane frå dei to siste åra er at kommunar treng mykje informasjon og raske avklaringar i fasar der flyktningtilstrømminga er stor, og nye kommunar skal bu seg på å vere vertskap for asylmottak og omsorgssentre. På samme vis treng kommunane informasjon og rettleiing når dei skal førebu auka busetting.

Kommunane er òg avhengig av informasjon for, på ein best mogleg måte, å gjennomføre naudsynte tilpassingar når mottak skal avviklast og når omfanget av busetting blir mindre enn tidlegare anmodning og vedtak har lagt opp til. Dette har vore eit kritisk tema for nokre kommunar dette året. FMHO har lagt vekt på å vere ein tilgjengeleg samtalepart for kommunane, samt formidle problemstillingane til sentrale mynde.

Arbeid for kvalifisering og integrering er eit høgt prioritert område. Dette krev sektorovergripande arbeid i kommunane og må difor organiserast tilsvarande hos Fylkesmannen og i samarbeidet mellom øvrige regionalstatlege aktørar. Når vi ser på omfanget av førespurnadar frå kommunar om rettleiing, avklaringar, kurs og invitasjonar til lokale tiltak, så konkluderer vi med at kommunane vurderer Fylkesmannen som ein nyttig samarbeidspart og at vi har tilpassa innsatsen vår til dei ulike behova kommunane har innanfor fleire sektorområde, men med særleg vekt på helse, barnevern, utdanning og økonomi.

Resultatmål 3.2.1.6.1.1**Rapportere på**

Andel flyktningar som er bosatt innen 6 mnd. etter at vedtak om opphold i Norge eller reisetillatelse er gitt: 55 % av IMDi's totale bosettingsanmodning til kommunene i fylket. Resterende andel skal være bosatt innen 12 måneder.

Fylkesmannen i Hordaland har avslutta eit to-årig busettingsprosjekt. Vi har oversyn over anmodningar til kommunane og vedtak. Andelen som faktisk blir busett, slik det blir spurt etter her, er IMDi si oppgave og ansvar. Det er difor rett at IMDi sjølv får legge fram sine resultat.

Resultatmål 3.2.1.6.1.2**Rapportere på**

Andel enslige mindreårige som er bosatt: 100 % av IMDi's totale bosettingsanmodning til kommunene i fylket.

Vi har oversyn over anmodningar til kommunane og vedtak. Andelen EM som faktisk blir busett, slik det blir spurt etter her, er IMDi og Bufetat si oppgave og ansvar. Det er difor rett at IMDi og Bufetat sjølv får legge fram sine resultat.

3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene**3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling**

Omfanget av tilsyn etter barnehagelov og opplæringslov har følgd aktivitetskravet. Det same gjeld for tilsyn etter introduksjonslova.

Klagesakene etter dei tre lovverka blir behandla løpande og ikkje med lenger sakshandsamingstid enn 3 månadar, for dei fleste sakene er sakshandsamingstida mindre enn fire veker.

Rettleingsarbeidet koplast til nasjonale satsingar og lovendringar, og føl eit opplegg som skal sikre dialog med kommunane, sikre at same tema blir drøfta ved ulike og fleire høve og sikre at kommunar kan etterspørre rettleiing på særskilte emner.

Det er eit mål at rettleiinga skal synleggjer korleis dei ulike satsingane og tiltaka står opp om overordna nasjonale mål og prioriteringane; skolemiljø, læringsresultat og fråfall.

Resultatmål 3.3.1.1.1

Rapportere på

Minimum 2 tilsyn i hvert fylke per år.

Fylkesmannen i Hordaland har gjennomført to tilsyn med introduksjonslova i 2016.

Resultatmålet er nådd.

Resultatmål 3.3.1.1.2.1

Rapportere på

Det enkelte embedets omfang av tilsyn skal opprettholdes på samme nivå som i 2015, jf. retningslinjer og aktivitetskrav i VØI.

FMHO har oppfylt poengkravet på henholdsvis 42 (opplæringslova) og 16 (barnehagelova). Embedet har og oppfylt tilsynskravet etter Introduksjonslova (2 tilsyn). Tilsyna har følgt Udir sine krav til fordeling mellom kommunar (FNT) og dei risikovurdringane embedet har gjort.

Resultatmål 3.3.1.1.3.1

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens tilsyn skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015, Rapport 19/2015 NIFU»

Tilsyn: 72 prosent av de spurte skoleeierne svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever virkemiddelet tilsyn som viktig.

I rapport 2016:16 spørsmål til skole-Norge skårer FMHO over gjennomsnittet for landet både på dei spørsmåla som gjeld tilfredshet med Fylkesmannen og på spørsmål om virkemiddel (som inkluderer spørsmål om tilsyn).

På barnehageområdet skårer vi 0,1 poeng under nasjonalt skåre på tilsyn.

Andre kjelder til ei slik vurderinga får vi i kontakten med kommunane og faste møtepunkt med kommunane sitt leiarnivå, samt på møte i tilsynssamanheng. Kommunane forstår og aksepterer våre avgjerder, og vi har ikkje døme på at dei ikkje blir tatt til følgje.

Samla sett konkluderer vi med at resultatmålet er nådd.

Resultatmål 3.3.1.1.4.1

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens klagesaksbehandling skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015, Rapport 19/2015 NIFU»

Klagesaksbehandling: 52 prosent av de spurte skoleeierne svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever virkemiddelet klagesaksbehandling som viktig.

Jf. «Spørsmål til barnehage – Norge høsten 2015», Trøndelag Forskning og Utvikling.

I rapport 2016:16 spørsmål til skole-Norge skårer FMHO over gjennomsnittet for landet både på dei spørsmåla som gjeld tilfredshet med Fylkesmannen og på spørsmål om virkemiddel (som inkluderer spørsmål om klagesaksbehandling).

På barnehageområdet skårer Hordaland (3,50) over landsgjennomsnittet (3,21)

Det er sers sjeldan vi får meldingar frå kommunane om at resultat av klagebehandlinga er uklårt.

Resultatmål 3.3.1.1.5.1

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens veiledning om regelverket skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

På barnehageområdet skårer Hordaland (4,06) over landsgjennomsnittet (3,61).

Skoleeigarane vurderer FMHO sitt bidrag i rettleiing om regelverk (3,9) (tabellen vurdering av virkemiddel der rettleiing om regelverk inngår), over landsgjennomsnittet (3,6).

Resultatmålet er oppnådd.

Resultatmål 3.3.1.1.6.1

Rapportere på

Andel klagesaker som er behandlet innen 12 uker: 100%.

Fylkesmannen har i 2016 behandlet 574 klagesaker. Vi har stadfestet kommunen sitt vedtak i 496 saker. Vi har omgjort 18 saker og opphevet 60 saker. Klager er altså gitt medhold i 78 saker. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid i klagesaker var 2 måneder. Fristen på 12 uker ble oversittet i 2 saker. Dette skyldes innhenting av ytterligere dokumentasjon fra partene i saken. Den gjennomsnittlige overskridelsen på 12 ukersfristen var 2 uker i disse sakene.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	574	572

Resultatmål 3.3.1.1.6.2

Rapportere på

Andel klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, som er behandlet innen 6 uker: 100%.

Fylkesmannen har overholdt saksbehandlingstiden i samtlige saker der det er gitt utsatt iverksetting.

BOBY - Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	0 %	100 %	15	15

Resultatmål 3.3.1.1.7.1

Rapportere på

Andel ekspropriasjonssaker i førsteinstans eller som klageinstans på plan- og bygningsrettens område, som er behandlet innen 12 uker: 100%.

Andel ekspropriasjonssaker i førsteinstans eller som klageinstans på plan- og bygningsrettens område, som er behandlet innen 12 uker: 100%.

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Dette området har stor fokus og vi har kort sakshandsamingstid både når det gjeld lov- og tilskotsforvaltning. Tilskotsforvaltning blei i 2016 eit eige risikoområde på embetet der vi fokuserer på kvalitet og gjennomføring. På kontroll- og tilsynsområdet har vi godt samarbeid på tvers av avdelingane på embetet med eigen tilsynsgruppe. Vi har mål om i større grad å opptre meir heilhetleg i vår kommunikasjon med kommunane på dette området.

Resultatmål 3.3.1.2.1.1

Rapportere på

Gjennomført kontroll av foretak i henhold til kontrollplan.

53: Kontroll av foretak – husdyrkonsesjon

A. Bekrefte om kontroll er gjennomført i samsvar med Ldirs RS 2016-17. Avvik må begrunnes.

Kontrollen er gjennomført i samsvar med Ldirs RS 2016-17.

B. Resultat frå årets kontroll rapporteres ved at det oppgis antall foretak som:

- Det er innhentet opplysninger for utover det som er tilgjengelig i egne systemer **0** - Det er ikkje henta inn andre opplysningar utover LEV 001, LEV 002, LEV 003, og LEV 004 og Wespa (produksjonstilskotsystem).
- er fulgt opp etter kontroll i 2015 **0** - Det var ikkje avdekkede forhold som trengte oppfølging i 2016.
- skal følges opp vedr produksjonsgrensen i 2017 **2** - Det er eitt foretak i 2015 (år 1) som hadde ein overproduksjon på 24 og 102 KE. Dette føretaket skal fyljast opp når tala for 2016 er klare.
- det er gjennomført stedlig kontroll hos i 2016 **0** - Det er ikkje gjennomført stadleg kontroll i 2016, dels grunna få produsentar i fylket og til tider lite bemanning ved FMHO-LA.
- kontrollert pga mistanke om driftsfelleskap **0** - Det har ikkje vore mistanke om driftsfelleskap.
- ilagt standardisert erstatning og beløpet **0** - Det har ikkje vore grunn til å krevje standardisert erstatning
- herav er ilagt standardisert erstatning pga driftsfelleskap **0** - Det har ikkje vore grunn til å krevje standardisert erstatning grunna driftsfelleskap.
- er kontrollert, men vedtak om standardisert erstatning er under arbeid **0** - I kontrollen har det ikkje vore avdekkede høve som tilseier krav om standardisert erstatning.

Kontroll av foretak i samsvar med kontrollplan

Foretak	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Indre Åkrafjord beitelag	Tilskot organisert beitebruk	Ingen	Ingen
Skjold beitelag	Tilskot organisert beitebruk	Kontrollen kunne ikkje avsluttast, då sankehegner ikkje var der det vart sagt at dei skulle vere. FM fekk bare utført ein del av den stadlege kontrollen.	Beitelaget skal sende inn dokumentasjon på at dei innkjøpte grindene faktisk vert nytta. FM krev bilder der ein kan identifisera grunder og geografisk plassering. Frist: 15 september 2017.
Ulvik beitelag	Tilskot organisert beitebruk	Ingen	Ingen
A	Friskare geiter	Ingen	Ingen
B	Friskare geiter	Ingen	Ingen
C	Friskare geiter	Ingen	Ingen
D	Friskare geiter	Ingen	Ingen
E	Friskare geiter	Ingen	Ingen
F	Friskare geiter	Ingen	Ingen
G	Friskare geiter	Ingen	Ingen
H	Friskare geiter	Ingen	Ingen
I	Friskare geiter	Ingen	Ingen
J	Friskare geiter	Ingen	Ingen
K	Friskare geiter	1 merknad, Ikkje dreve lenge nok etter saneringsperioden er avslutta.	Kontroll vert avslutta etter aug 2018

L	Friskare geiter	1 merknad, Ikkje dreve lenge nok etter saneringsperioden er avslutta.	Kontroll vert avslutta etter aug 2018
M	Friskare geiter	1 merknad, Ikkje dreve lenge nok etter saneringsperioden er avslutta.	Kontroll vert avslutta etter aug 2018
N	Friskare geiter	1 merknad, Ikkje dreve lenge nok etter saneringsperioden er avslutta.	Kontroll vert avslutta etter aug 2018
O	Friskare geiter	1 merknad, Ikkje dreve lenge nok etter saneringsperioden er avslutta.	Kontroll vert avslutta etter aug 2018
Vindberg skogsveganlegg	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Det var gammal tømmer i ei grøft, det var generelt mykje lausmasser i grøfter, det var mykje vegetasjon på vegskulder, grøfta ved bommen var tett, sandfangkummer var fulle	Veglaget fekk pålegg om å ordne grøfter, fjerne vegetasjon og fjerne sand frå kummer. Voss kommune følgjer opp og melder til FMHO.
Ljosegraovegen	Vedlikehaldskontroll Skogsveg	Stikkroyr var tett, det var lausmasser i grøft ved snuplass, mykje vegetasjon på vegskuldre, starten av vegen må oppgraderast til bilvegstandard, setningskade ved bru må utbetrast, tilføre grus 0-32 mm	Veglaget fekk pålegg om å ordne grøfter, fjerne vegetasjon og utbedra vegen. Voss kommune følgjer opp og melder til FMHO.
Bordalsåsen skogsveganlegg	Vedlikehaldskontroll Skogsveg	Mykje torv på vegskulder, grøft delvis tette, fulle sandfangkummer, skrape / slodde vegen	Veglaget fekk pålegg om å ordne grøfter, fjerne vegetasjon og utbedra vegen. Voss kommune følgjer opp og melder til FMHO.
Nonhaugen skogsveganlegg	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Fuller sandfangkummer, greiner og anna i grøfter, lite slitelag, mykje vegetasjon på snuplass	Veglaget fekk pålegg om å ordne grøfter, sandfangkummer og fjerne vegetasjon og utbedra vegen. Voss kommune følgjer opp og melder til FMHO.
Dyrvedalen skogsveganlegg	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Tette grøfter, fulle sandfangkummer, eit tre på skråningstopp må fjernast, senke vegskulder	Veglaget fekk pålegg om å ordne grøfter, fjerne tre og utbedra vegskulder. Voss kommune følgjer opp og melder til FMHO.
Kolltveit skogsveg	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Senke vegskuldre, tette grøfter, full kum framfor stikkrenn, mykje vegetasjon på snuplass	Veglaget fekk pålegg om å ordne grøfter, fjerne vegetasjon og tømme kum. Kvam herad følgjer opp v/skogansvarleg og melder til FMHO.
Rambergvegen	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Delvis tette veggrofter	Veglaget fekk pålegg om å reinske grøfter. Lindås kommune følgjer opp v/skogbrukssjef og melder til FMHO
Baståsvegen	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Tette grøfter, vegkropp må formast med takfall, rydde vegetasjon i og på veg, snuplass må ryddast.	Veglaget fekk pålegg om å reinske grøfter, og rydde vegetasjon i veg og på snuplass. FMHO følger opp at tiltaka vert gjort
Åsane skogsveg	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Tette grøfter, mykje torv på vegskulder	Veglaget fekk pålegg om å reinske grøfter og fjerne torv. FMHO følger opp.
Nautavågen skogsveg	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Mykje vegetasjon på vegskulder, vegkropp må formast med takfall, slitelaget er tynt	Veglaget fekk pålegg om å fjerna vegetasjon og utbedra vegen.
Vetlabøl skogsveg	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Mykje torv på vegskulder, delvis tette grøfter, full sandfangkum	Veglaget fekk pålegg om å reinske grøfter, fjerne torv og tømme sandfangkum. Tysnes kommune v/ skogbrukssjef følger opp og melder til FMHO
Revhaug skogsveg	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Mykje vegetasjon – kratt og skog på og ved veg.	Veglaget fekk pålegg om å rydde vegetasjon, kommunen følger opp og melder til FMHO.
Landavegen skogsveg	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Mykje kratt, skog mm på og ved veg, mykje torv på vegskulder, setningar i vegen	Veglaget fekk pålegg om å rydde og fjerne vegetasjon og torv, samt utbedre setningsskadar. Kommunen følger opp pålegg og melder til FMHO
Hovdnes skogsveg	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Mykje torv på vegskulder, delvis tette grøfter, skrape / slodde vegen	Veglaget fekk pålegg om å rydde grøfter og fjerne torv, samt skrape vegen. Kommunen følger opp pålegg og melder til FMHO
Littleås og Ådnaviki skogsvegar	Vedlikehaldskontroll skogsveg	Tette grøfter, fulle sandkummer, formen på vegen med takfall må rettast, mykje torv på vegskulder, lite grus	Veglaget fekk pålegg om å rydde grøfter, fjerne torv og tømme kummer, samt utbedra vegen med fall og meir grus. Ullensvang herad følgjer opp v / skogansvarleg og melder til FMHO

Djønno skogsveg	Vedlikeholdskontroll skogsveg	Fuller grøfter, mykje vegetasjon, fulle kummer, gamle bilvrak i vegen/ på snuplass, tynt slitelag	Veglaget fekk pålegg om å rydde grøfter, fjerne vegetasjon og tømme kummer, samt fjerne gamle bilvrak og tilføre slitelag. Ullensvang herad følgjer opp v / skogansvarleg og melder til FMHO
Rateig skogsveg	Vedlikeholdskontroll skogsveg	Mykje vegetasjon på og ved veg, mykje torv på vegskulder, mykje sand i sandfangkum tett røyr v/kryssing Maura, rundkøytinga i vegende er for trong, ikkje tillitsvekkande betonplate v/øvre kryssing av Maura	Veglaget fekk pålegg om å fjerne vegetasjon og tømme kummer, samt opne røyr, utbedra rundkøyting og sjekka betonplate ved Maura, undergreve? Kommunen følgjer opp og melder til FMHO

Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Kontrollen er lagd inn i tekstdelen da tabell ikke virker

Resultatmål 3.3.1.2.1.2

Rapportere på

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20 pst. av kommunene.

* Oppfølging av avvik ift forvaltningkontroll i kommunane

Det vert arrangert kurs/ samlingar for kommunane ift gjeldande tilskotsordningar, spesielt vert regionale samlinga nytta for å få ein tettare dialog med kommunane om miljø- og klimatema. Det vert arrangert dialogmøte med kommunar for å få ein tettare dialog ift sakshandsaming, i 2016 vart dette gjennomført i 3 kommunar. Som spesiell oppfølging vert det arrangert interne kurs i kommunen på enkelte tema. I 2016 vart dette gjennomført for regionkontoret Fusa, Os, Samnanger og Tysnes.

I 2016 har Fylkesmannen gjennomført forvaltningskontroll av SMIL-saker ved 7 landbrukskontorkontor (10 kommunar). Svært mange av kommunane har fått merknad for prosjekt med utgått arbeidsfrist og utgått tiltaksstrategi. Ein del av kommunane har svake vedtaksbrev og klart mangelfulle rutinar for handsaming av SMIL søknadar, oppfølging av delutbetalingar og krav til dokumentasjon til sluttutbetalingar. Ofte vert SMIL saker halde unntatt offentlegheit, og ein finn feil og manglar i arkivering av sakene. Også mangel i bruk av naturmangfaldsloven er ein feil som gjentar seg. Fylkesmannen har kvart år kurs og fagsamlingar for kommunane i bruk av naturmangfaldslova, anten i regi av miljø- og klimaavdelinga eller landbruksavdelinga

Handsaming av SMIL og rullering av tiltaksstrategiane var tema på dei regionale samlingane. I etterkant av kontrollane vil vi lage ei sjekklister for kommunane slik at dei enklare kan følgje opp SMIL-sakane sine, dele gode skjema som nokre at kommunane har utvikla. Fylkesmannen skal fortsette med å sende alle kommunane liste med oversikt over prosjekt med utgått arbeidsfrist 4 gangar årleg, og Fylkesmannen vil heretter ha ein årleg gjennomgang av prosjekt med utgått arbeidsfrist der eventuelle prosjekt som står med utgått arbeidsfrist, vert trekt inn og omdisponert. Kommunane skal framleis ha høve til å omdisponere midlar på prosjekt som ikkje vert nytta som planlagd i kommunen når fristane vert overhalde. I tildeling av Smil midlar for 2017 vil Fylkesmannen krevje kopi av gjeldande tiltaksstrategi.

Frå forvaltningskontroll av skogsaker i seks kommunar, viser det seg at fleire kommunane har fått merknad kring vurderingane etter naturmangfaldslova. Om lag alle dei kontrollerte kommunane mangler gjeldane retningsliner for bruk av nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK). Fylkesmannen vil krevje kopi av retningsliner som vilkår for årleg tildeling av NMSK-midlane. Ein av kommunane har journalført alle skogsakene på eit saksnummer, som i etterkant gjer det vanskeleg å søkje opp enkeltsaker- og offentleg innsyn. Leiaren for arkivet vart gjord merksam på dette og har endra rutinen for journalføring. Ein kommune har nytta for lang handsamingstid av skogsakene grunna manglande bemanning på landbrukskontoret. Kommunen har i dag fleire tilsette og skogsakene vert fortløpande handsama. Alle merknader og avvik som kom fram under forvaltningskontrollane vil Fylkesmannen ta opp som tema på regionale skogsamlingar for alle kommunane i 2017. Om Fylkesmannen elles vert kjend med feil eller svak handsaming av skogsaker i ein kommune, har vi tradisjon for å gje skogbruksansvarleg direkte hjelp på epost, besøk på kontoret eller telefon for å bli betre.

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20% av kommunene

Kommune	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Osterøy	Smil og skogordningane	6 . Utgått arbeidsfristar, manglande utlysing av Smil-midlane, Naturmangfaldloven ikkje vurdert	lukka. *
Granvin	Smil og skogordningane	5. Utgått tiltaksstrategi, utgåtte arbeidsfristar, manglande kartfesting av prosjekt, utsatt arbeidsfrist utover 5 år, mangelfull arkivering	ikke lukka. *
Sveio	Smil og skogordningane	7. Utgåtte arbeidsfristar, manglande arkivering, Smil-saker halde unntatt offentleg innsyn, manglande kartfesting og dokumentasjon av tiltak, saker manglar vurdering etter Naturmangfaldloven, gamle retningsliner etter NMSK-midlane	lukka.*
Etne	2. Smil og skogmidlane	4. halde Smil-saker unntatt offentlig innsyn, utgått tiltaksstrategi, ikkje vurdert sakene etter naturmangfaldloven, bruk av utgåtte retningsliner for bruk av NMSK-midlane	ikkje lukka.*
Bergen	1. Skogmidlane	2. For lang sakshandsamingstid, jfr. forvaltningsloven, manglande retningsliner for NMSK-midlane	lukka. *
Radøy	1. Skogordningane	1. Manglande retningsliner for NMSK-midlane	ikkje lukka. *
Meland	2. Smil og kontrollerte 3 føretak for dokumentasjon på avløyning ferie og fritid	2 avvik ift Smil. Har hatt Smil-søknaden unntatt offentleg innsyn, manglande vurdering etter naturmangfaldloven	ikkje lukka, frist 2.febr. *
Fusa, Samnanger, Os, Tysnes	2. Smil, skogordningar, avløyning ferie / fritid	2. Utgåtte arbeidsfristar, manglande arkivering	lukka. *
Kvam	1. Smil	8. Utgåtte arbeidsfristar, utgått tiltaksstrategi, alle vedtaksbrev mangla formål, saker ikkje vurdert etter Naturmangfaldloven, manglande vilkår i vedtaksbrev	ikkje lukka *
Masfjorden	1. PT, stadleg kontroll 5 % sann med kommunen	0	lukka.

* Kommunane må rapportera kva dei vil gjera med avvika. Oppfølging av avvik nærmare forklart i tekstboks.

Resultatmål 3.3.1.2.1.3**Rapportere på**

Andel avvik avdekket under kontroll som er fulgt opp: 100 %

Forvaltningskontroll kommunane;

- 2 avvik lukka 100 % når det gjeld avvik ift skog.
 - saksbehandlingstid - ny bemanning er på plass
 - mangel av bilag i sakshandsaminga - desse er kome på plass.
- 5 avvik lukka 100% når det gjeld smil-saker
 - avslutning av saker med utgått arbeidsfrist er gjennomført
 - mangelfull arkivering av saker - retta opp
 - mangelfull dokumentasjon i saker til FM - er på plass
 - manglar ift offentlegheitslova - retta opp
 - mangel på dokumentasjon før sluttutbetaling av tilskot - dokumentasjon innhenta

3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Vi brukte dei verkemidla vi hadde til rådvelde for å medverke til at innbyggjarane fekk oppfylt retten til nødvendige og forsvarlege tenester. Ved svikt i styring og innhald i tenestene og svikt i tildeling til enkeltpersonar blei dette følgt opp inntil manglane var retta.

Resultatmål 3.3.2.1.1.1**Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale barneverntjenester: 3 per fylke. Dette innebærer 6 revisjoner for FMOA og FMAV (3 per fylke).

Vi gjennomførte fem tilsyn med kommunale barneverntenester. Det eine med interkommunal barnevernteneste som omfattar seks kommunar.

Vi gjennomførte eitt tilsyn med Bufetat Vest.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale barnevernstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
3	3	6

Resultatmål 3.3.2.1.2.1

Rapportere på

Andel nye tvangstiltak regulert i godkjente vedtak som er fulgt opp med stedlige tilsyn: 100%.

Vi gjennomførte stadlege tilsyn på alle nye vedtak.

Resultatmål 3.3.2.1.2.2

Rapportere på

Antall stedlige tilsyn i hvert embete skal økes sammenlignet med 2015.

Talet på stadlege tilsyn i 2015 var høgt som følge av etterslep frå tidlegare år med å føre tilsyn i første vedtaksperiode. Dette talet er difor ikkje representativt for talet på nye vedtak og ikkje eigna som samanlikningsgrunnlag.

I 2016 har vi i tillegg til tilsyn på alle nye vedtak også gjennomført fleire tilsyn på bakgrunn av risikovurdering.

Stedlige tilsyn etter kap. 9

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2015	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2016
101 %	- 26 %	75 %	36	27

Talet på stadlege tilsyn i 2015 var høgt som følge av etterslep frå tidlegare år med å føre tilsyn i første vedtaksperiode. Dette talet er difor ikkje representativt for talet på nye vedtak og ikkje eigna som samanlikningsgrunnlag.

Resultatmål 3.3.2.1.3.1

Rapportere på

Fylkesmannen skal ha tatt kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale.

Fylkesmannen var på 99 tilsynsbesøk til ulike barnevernsinstitusjonar i Hordaland i 2016. Barna fekk tilbud om å snakke med oss om sin kvardag og korleis dei hadde det. 97 prosent av barn i barnevernsinstitusjonar og 100 prosent av barn på omsorgssenter i Hordaland fekk tilbud om samtale ved våre tilsyn. I dei tre tilfella vi ikkje tok kontakt med tilbud om samtale, var det på bakgrunn av at barna var svært sjuke og ikkje i stand til å ta i mot eit tilbud.

Resultatmål 3.3.2.1.3.2

Rapportere på

Fylkesmannen skal ha gjennomført samtale med alle barn som ønsker det.

Med unntak av tre barn, fekk alle tilbud om samtale. 43 prosent takka ja og har snakka med oss om korleis dei har det. Vi legg til rette for at barn som bur i barnevernsinstitusjonar skal få høve til å fortelje om sin kvardag og kva dei er opptekne av når vi er på tilsynsbesøk. I samtalane forsøker vi å få fram om dei føler seg trygge på institusjonen, om dei har tillit til dei vaksne og får den omsorga og behandlinga dei skal ha. Hausten 2016 endra vi måten som tilsyna blir gjennomført. For å kunne nå fleire barn melder vi no alle tilsyn på førehand og vi snakkar med barnet først slik at barnet sine erfaringar og opplevingar blir utgangspunkt for kva vi undersøker. Vi tek tydelegare barnas perspektiv. Vi trur det er viktig for å bygge tillit og at det kan ha noko å seie for om barna ser

nytt av samtalen. Tilbakemeldingane frå barna tyder også på dette.

Resultatmål 3.3.2.1.4.1

Rapportere på

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre.

For sosialsakene var median sakshandsamingstid 1,5 månad. I tilsynssaker innan helse- og omsorgstenester var median sakshandsamingstid 4,8 månader.

Andel tilsynssaker behandlet innen 5 måneder

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Helse/omsorg	50 %	10 %	60 %
Sosial	50 %	50 %	100 %

Resultatmål 3.3.2.1.4.2

Rapportere på

Avslutning av klagesaker: minst 90 prosent innen 3 måneder eller mindre.

Vi har handsama 100 % av klagen innan 3 månader på sosialområdet. Innan helse- og omsorgstenester var 96 % av klagen handsama innan 3 månader.

Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Helse/omsorg	90 %	6 %	96 %
Sosial	90 %	10 %	100 %

Resultatmål 3.3.2.1.4.3

Rapportere på

Andel vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning som er overprøvd innen 3 måneder: 100%

Alle vedtak er overprøvd innan 3 månader etter at saka er tilstrekkeleg opplyst.

Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
100 %	- 5 %	95 %

Avviket på 5 prosentpoeng kjem av at vi i Nestor registrerer kva tid vi mottek kommunen sitt vedtak og ikkje kva tid saka er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan gjennomføre vår overprøving. Alle vedtak blei overprøvd innan tre månader etter at saka var tilstrekkeleg opplyst.

Resultatmål 3.3.2.1.4.4

Rapportere på

Andel søknader om dispensasjon fra utdanningskrav som er behandlet innen 3 måneder: 100%

Vi behandla alle søknader om dispensasjon innan tre månader etter at saka var tilstrekkeleg opplyst.

Resultatmål 3.3.2.1.5.1

Rapportere på

Andel ajourførte tilsyn (planlagte og gjennomførte) og saker i NESTOR per 31.12, 30.4. og 31.8.: 100%

Planlagte og gjennomførte tilsyn og enkeltsaker blir registrert fortløpende. NESTOR blir ajourført på dei oppgitte tidspunkta.

Resultatmål 3.3.2.1.6.5**Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester: 24.

Vi gjennomførte 23 tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester. Av dei er det tre tilsyn med tenester til personar med psykisk lidning og samtidig ruslidning. Tilsyna omfatta kommunale helse- og omsorgstjenester og sosiale tenester i Nav. Tilsyna var like omfattande som det landsomfattande tilsynet 2016 med helse- og omsorgstjenester til personar med utviklingshemming.

Grunnen til at resultatkravet ikkje er oppfylt er eit omfattande tilsyn med helse- og barneverntenester (Idasaken). Dette tilsynet omfatta 14 verksemder der vi gjennomførte omfattande undersøking av to kommunale barneverntenester, to barnevernsintitusjonar, Bufetat vest og spesialisthelseteneste.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
24	- 1	23

Vi gjennomførte 23 tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester. Av dei er det tre tilsyn med tenester til personar med psykisk lidning og samtidig ruslidning. Tilsyna omfatta kommunale helse- og omsorgstjenester og sosiale tenester i Nav og er like omfattande som det landsomfattande tilsynet 2016 med helse- og omsorgstjenester til personar med utviklingshemming der kvart tilsyn er vekta som 1,3 planlagt tilsyn. Vi gjennomførte eitt svært omfattande tilsyn med barnevern og helse, og hadde ikkje kapasitet til fleire tilsyn med helse- og omsorg.

Resultatmål 3.3.2.1.7.4**Rapportere på**

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten på hvert embete: 6.

Volumkravet i tildelingsbrevet 2016 er oppfylt. Sju gjennomførte tilsyn er vekta til 9,5.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
6	3	9

Helsetilsynet vektar tilsyn avhengig av kva metode som blir nytta. Gjennomførte tilsyn med spesialisthelsetenesta er vekta som 9,5 og omfatta tilsyn med sju verksemder.

Resultatmål 3.3.2.1.8.1**Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester: 8.

Vi gjennomførte 8 tilsyn med sosiale tenester.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
8	0	8

3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende

Fylkesmannen i Hordaland har i 2016 arbeidd vidare med å byggje opp og utvikle ei trygg og forsvarleg verjemålsforvaltning, i tråd med embetsoppdrag og interne føresetnader i embetet.

Vi hadde pr. 31.12.16 totalt 5.703 verjemål og forvaltar nær kr 2 mrd. på kapitalkonto for personar med verje (tala er henta frå SRF).

Vi hadde i 2016 god måloppnåing på tross av ein krevjande ressursituasjonen og utfordringar i samband med byte av dataverkty frå ARVE til VERA. Arbeidsbelastninga har vore stor med aukande saksmengde innanfor dei ulike saksområda.

Vi har hatt fokus på rettstryggleik, likebehandling og god kvalitet i saksbehandlinga. Vi har jobba systematisk med prioriteringar, malar og interne rutinar. Det har likevel vore ei utfordring å halde saksbehandlingstida innanfor dei prioriterte saksområda, og resultatkrava for opprett verjemål og oppnemning av representant for einsleg mindreårig asylsøkjjar vart ikkje nådd jf. eige punkt.

Fleire nyoppstarta mottaksplassar for einsleg mindreårige asylsøklarar vart etablert i 2016, med påfølgjande oppfølging av nye saker, nye representantar og verjer for desse. Det blei ei utfordrande oppgåve frå starten av 2016. I løpet av året har vi opparbeidd særskild god kompetanse innanfor dette område. Vi har no registrert om lag 100 representantar og verjer for denne målgruppa.

Ei rekke prosjekt vart gjennomført i løpet av året, i samband med rydding i registrert informasjon for å forbetre datakvaliteten i VERA. Vi handsama i tråd med resultatkrav alle gamle saker for tidlegare umyndiggjorte i samband med prosjektet "rettsleg handleevne". I tillegg endra og rydda vi i alle saker med:

- gjeldande framtidfullmakter
- alle saker som var registrert som mindreårige over 18 år
- saker med dato anslått avslutta
- duplikate saker / duplikate EMA-saker
- løypande saker der person med verje er død.

Arbeidet med kontroll og oppfølging av verjerekneskap er ei krevjande oppgåve, som bind opp ressursar for ei lengre periode. Vi fekk likevel oppfylt krava satt av SRF, og er nøgd med tilbakemeldinga vi fekk frå revisjonen på dette området.

Sjølv om vi også i 2016 hadde god måloppnåing var dette også eit krevjande år, med mange utfordringar. Dataverktyet vart betre gjennom året, samstundes som vi også dette året deltok med interne ressursar for å hjelpe departementet i testing og utvikling av VERA. Med interne rokkeringar i embetet, fleire mellombelse stillingar og mykje overtidsarbeid, klarte vi å skjøtte verjemålsoppgåvene på ein tilfredsstillande måte. På grunn av store nedtrekk i budsjettet for 2017 har vi måtte redusere bemanninga kraftig. Vi er særskild uroa over kva konsekvensar nedtrekket i budsjettet vil få for verjemålsforvaltninga i 2017.

Resultatmål 3.3.3.1.1

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi alle nye oppnevnte verger og representantar opplæring i form av kurs og/eller individuelle samtalar.

Ved oppretting av verjemål for vaksne har vi grunna ressursituasjonen ikkje kunnet prioritere individuelle samtalar med alle før oppnemning. For desse sakene har vi istaden utarbeidd et informasjonsskriv og sjekkliste, som alltid blir sendt til verjen ved oppnemning. Elles viser vi til verjemålsportalen, og ber verje og representant kontakte oss dersom dei har spørsmål eller ønskjer rettleiing.

Ved oppretting av verjemål for mindreårige, då enslige mindreårige flyktningar, så gjennomfører vi individuell opplæring med alle nye verjer før dei får oppdrag. For oppgåva som representant har dei aller fleste gjennomført eit seks timar langt representasjonskurs, før dei har fått sitt første oppdrag. I eit fåtall av tilfella har nokre fått individuell opplæring istadenfor dette kurset.

I løpet av 2016 hadde vi to samlingar for representantar. Vi gjennomførte totalt sju samlingar for nærstående, alminnelege og faste verjer i løpet av hausten.

Resultatmål 3.3.3.1.2

Rapportere på

Alminnelige og faste verger skal ha tilbud om å delta på minst ett kurs/samling for verger i løpet av året.

Alle nærstående, alminnelege og faste verjer fekk tilbud om å delta på verjesamlingar i 2016.

For nærstående og alminnelege verjer gjennomførte vi seks samlingar, og vi hadde kurs/opplæring for totalt 280 påmeldte verjer.

For dei faste verjene så arrangerte i to frukostsamlingar i fjor. Den første omhandla tenesta for økonomisk rådgjeving i kommunane, og i den andre samlinga var tema fråtaking av rettsleg handleevne. Vi fekk gode tilbakemeldingar på desse samlingane.

I tillegg gjennomførte vi individuelle samtaler med 74 av dei 84 faste verjene, som ein del av tilsynet og opplæringa av verjene. Samtalene varte i om lag 1-1,5 timar, alt etter talet på oppdrag og utfordringar, og vart i hovudsak gjennomført av leiarar på avdelinga.

Vi hadde to samlingar i januar og mai for nye representantar. Dette var eit kurs på seks timar som var obligatorisk for alle nye representantar.

Resultatmål 3.3.3.1.2.1

Rapportere på

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 2 måneder.

Vi har ikkje greidd å nå målet om at 80% av vedtaka om oppretting av verjemål for vaksne skal vere fatta innan 2 månader. Andelen saker som ble oppretta innanfor frist var på 62 %. Årsaka til at vi ikkje når resultatmåla er for stor arbeidsmengde totalt sett opp mot dei ressursane vi har. Vi har prioritert saker om oppretting, men på grunn av stor inngåande saksmengde på dette område har det vore krevjande å halde fristane. I tillegg går fleire saker over frist fordi vi må innhente fleire opplysningar eller grunna manglande / mangelfull legeerklæring. Overgang til nytt saksbehandlersystem i starten av året førte og til forseinkingar i oppretting av saker.

Saksbehandlingstid - Opprett vergemål, andel vedtak fattet innen 2 måneder

Resultat	Resultatmål	Differanse
62 %	80 %	- 18 %

Resultatmål 3.3.3.1.2.2

Rapportere på

Oppnevning av representant for enslig mindreårig asylsøker – 90 % av vedtakene skal være fattet innen 5 dager.

Resultatkrav for oppretting av representant for einsleg mindreårig asylsøklarar vart ikkje nådd. Desse sakene vart prioritert men målet om å få oppretta sak innan 5 dagar for 90% av sakene, viste seg å vere for knapp tid med dei ressursane vi har til råde. Avviket heng og saman med korleis sakene teknisk er registrert inn i Vera. Vi har starta sak same dag som vi har fått melding på e-post frå førre representant om EMA-flytting til vårt fylke, og berekning av sakshandsamingstid blir dermed feil.

Ofte har det vore nødvendig å hente inn meir informasjon for å få opplyst desse sakene tilstrekkeleg. Dette er tidkrevjande. Når sakene har vore tilstrekkeleg opplyst, er det oppnemnt representant med ein gong.

Saksbehandlingstid - Oppnevning av representant for enslig mindreårig asylsøker, 90% innen 5 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
38 %	90 %	- 52 %

Avviket heng m.a saman med korleis sakene teknisk er registrert inn i Vera. Vi har starta sak same dag som vi har fått melding på e-post frå førre representant om EMA-flytting til vårt fylke, og berekning av sakshandsamingstid blir dermed feil.

Resultatmål 3.3.3.1.2.3

Rapportere på

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital -gjennomsnittlig saksbehandlingstid ikke over 4 uker.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for bruk av kapital, har vore innanfor kravet.

Saksbehandlingstid - Samtykke til bruk av kapital, snitt ikke over 4 uker

Resultat	Resultatmål	Differanse
12	28	16

Resultatmål 3.3.3.1.2.4

Rapportere på

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter - gjennomsnittlig saksbehandlingstid ikke over 6 uker.

Vi har eit snitt på 32 dagar for behandling av godtgjøring og utgiftsdekning, og held oss godt innanfor målkravet.

Saksbehandlingstid - Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter, under 6 uker

Resultat	Resultatmål	Differanse
32	42	10

3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk**3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene**

Omfanget av deltaking i etter- og vidareutdanningstilbod, samt nasjonale kompensierende tiltak, viser at kompetanse til sektoren er prioritert av skoleeigarar og barnehagemynda.

Deltaking på tilbod i regi av Fylkesmannen, særleg gjeld dette regelverk, er høg og etterspurd. Dette kan både tolkast som eit resultat av at regelverkskompetansen er låg, og at informasjon og kursing difor er nødvendig. Det kan og tolkast som at kommunane i større grad er medviten om at kunnskap om regelverket stor opp om god kvalitet i skole og barnehagar sitt utviklings- og læringsarbeid.

Resultatmål 3.4.1.1.1**Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers grad av tilfredshet med fylkesmannen som medspiller for kommunene, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015», Rapport 19/2015 NIFU 76 % av kommunene svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever Oppvekst- og utdanningsavdelingen som en viktig medspiller for kommunen for å sikre utvikling, læring og god kvalitet i barnehagen og opplæringen.

Skoleeigarane vurderer FMHO som medspelar (4,3) høgare enn landsgjennomsnittet (3,8).

På barnehageområdet får vi ein skåre på 4,0. Landsgjennomsnittet for 2016 er 3,8. Nasjonal skåre i 2015 var 3,7.

Resultatmålet er nådd.

3.1.5 Gjennomførte evalueringer

SINTEF har gjennomført ei følgjeevaluering av helse- og sosialavdelinga som del av Helsetilsynets «involveringsprosjekt» for å utvikle og fremje brukarmedverknad i tilsyn. Mange fylkesmenn har hatt ulike prosjekt. I Hordaland har dette vore utført som ei organisasjonsutvikling av avdelinga sine haldningar, handlingar, perspektiv, kva vi spør etter og med det kva faktagrunnlag embetet tek inn i sakene når vi vurderar dei. Evalueringa seier at vi er komen langt med å innarbeide dette, at framdrifta har vore solid og godt leiारforankra. Idasaka har fungert som ein katalysator for arbeidet. Det ligg føre ein eigen rapport frå SINTEF.

Fylkesmannen har i lengre tid vore opptatt av føresetnadene for statleg samordning for å få til meir koordinerte tenester overfor kommunane. Vi viser til omtalen av dette temaet i dei siste års årsrapportar.

I 2016 fekk Fylkesmannen i Hordaland, i samarbeid med Fylkesmennene i sogn og Fjordane og Rogaland, utarbeidd ein rapport, NIVI Rapport 2016:2 En dør til staten for kommunene. det er der utarbeidd prinsipp for kva oppgåver som bør kunne samordnast hos fylkesmennene, samt prinsipp om kordan det kan gjerast. I tillegg er det utarbeidd ei forslagslite for aktuelle oppgåver i prioritert rekkefølge.

3.1.6 Særskilt om oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i Virksomhets- og økonomiinstruks**Brukarundersøking***Bakgrunn*

Etter oppdrag frå departementet gjennomførte Fylkesmennene brukarundersøkingar i 2016. Målgruppa var for dei fleste kommunane,

som er Fylkesmennene sine primærbrukarar.

Den førre brukarundersøkinga vart gjennomført i 2010 av Difi. For å kunne samanlikne vart spørsmåla frå denne undersøkinga også nytta for 2016.

Undersøkinga gjekk til ordførar og rådmenn, som i 2010, men denne gongen var også kommunalsjefar lagt til. Det var rådmennene som sjølv peika ut kven som var å definere som "kommunalsjef" i gjeldande kommune. 199 personar vart invitert inn i undersøkinga.

Hovudfunn

På spørsmålet "alt i alt - kor nøgd eller misnøgd er du med Fylkesmannen i Hordaland" svarte 62,3 % meget, eller svært nøgd (5 eller 6 på ein skala frå 1 -6). 31,6 % falt ned på 4, som også er over middels.

Dette hovudfunnet var gjennomgåande også for andre spørsmål. Kommunane var i store trekk nøgd med Fylkesmannen i Hordaland sin fagkompetanse, tilgjenge, rådgiving og tilsyn.

Det var også gjennomgåande at dei tema som var mest utfordrande, både i kommunen og mot Fylkesmannen, var plan og byggesak. Ikkje overraskande gitt arealpresset i fylket.

Kommunane saknar ein meir samordna stat, og på spørsmål om fleire av oppgåvene til regional stat burde gå gjennom Fylkesmannen, svarte eit fleirtal "ja på tilgrensande områder". Særleg gjaldt dette rådmennene i kommunane.

Eit stort fleirtal fant at Fylkesmannen i Hordaland hadde bistått godt fagleg (67 %) og vert tilgjengeleg for kommunen (79 %) i samband med kommunereforma. Over 50 % meinte også at Fylkesmannen hadde ei balansert tilnærming til reforma. Berre om lag 25 % svarte nei på dette (25% svarte "veit ikkje").

Erfaringar med undersøkinga

Nær 80 % av ordførarar og rådmenn svarte på undersøkinga, noko som er tilfredstillande. Fleire kommunalsjefar meldte tilbake at dei ikkje fant å kunne svare skikkeleg, då dei i liten grad samhandlar direkte med Fylkesmannen og / eller at dei ikkje hadde brei nok oversikt. Difor var den totale svarprosenten like under 60 %.

I ettertid vurderer Fylkesmannen i Hordaland at brukarundersøkinga, basert på Difi sin mal frå 2010, var unødig omfattande. Tidsbruken var i og for seg ikkje for stor, men det var ikkje naudsynt med så mange svar for å få eit turvande inntrykk av brukarane si oppfatning av Fylkesmannen i Hordaland.

Lærling

Vi har i 2016 fått på plass ein IKT-læring men to-årig læretid i embete.

Internrevisjon i statlege verksemdar

Vi har vurdert bruk av internrevisor i samsvar med krava i Finansdepartementet sine retningslinder. Vi har konkludert med at vi ikkje vil etablere ei ordning med internrevisjon no, men vi meiner dette må vurderast på nytt når ny fylkesmannstruktur er etablert.

Vesentlege avvik

Vi har ikkje noko særskilt å rapportere om utover det som kjem fra av årsrapporten.

3.2 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Rapporteringskrav 7.3.1.1.1

Rapportere på

Kort beskrivelse av aktiviteten på området «Bolig for velferd»

Fylkesmannens aktivitet på det bustadsosiale området i 2016 tok utgangspunkt i den nasjonale strategien for bustadsosialt arbeid «Bolig for velferd».

På leiarnivå vert innsatsen i Husbankens Region vest koordinert i «Samordningsutvalget for bolig for velferd». Fylkesmannen er leiar i samordningsutvalet som gir retning for Husbankens arbeid med «Bolig for velferd» og for Fylkesmannen i Hordaland sitt arbeid på dette området.

På saksbehandlarnivå har vi deltatt i den nasjonale ressursgruppa for «Bolig for velferd». Saman med IMDi har vi bidradd inn i Husbankens innsats overfor programkommunane, altså dei kommunane som får særleg oppfølging på det bustadsosiale området på grunn av omfattande bustadsosiale problem og kommunane sin innsats for å bøte på desse problema. I Hordaland har vi fem programkommunar: Askøy, Bergen, Fjell, Stord og Voss. Internt ved fylkesmannsembetet hadde vi i 2016 særleg merksemd på vanskelegstilte barnefamiliar og unge. Barn og unge var også eit særleg satsingsområde i arbeidet med «Bolig for velferd». I kontakt

med kommunane og Nav-kontora spesielt, om strategien «Bolig for velferd» har vi hatt særleg merksemd på bustadsituasjonen for barnefamiliar og unge.

Rapporteringskrav 7.3.1.1.2

Rapportere på

Hvordan har FM bistått i arbeidet med å koordinere og samordne de boligsosiale tilskuddsmidlene ut mot kommunen/NAV-kontor?

I 2016 utbetalte Fylkesmannen i alt 5 914 093 kroner til kommunale bustadsosiale tiltak. Hordaland har fått mindre til denne tilskotsordninga dei siste to åra. I 2015 betalte vi ut 6 178 582 kroner og 6 797 035 kroner i 2014. Tilskotet i 2016 finansierte femten stillingar i seks kommunar. Ni av stillingane var i fem forskjellige tiltak i Bergen kommune.

Dei fleste tiltaka som fekk tilskot i 2016 gjaldt framhald av tiltak som allereie var inne i tilskotsordninga. Tre tilskot var til ei ny stilling ved tre forskjellige Nav-kontor. I samsvar med Fylkesmannens egne prioriteringar gjeld dei tre nye stillingane bustadoppfølging til vanskelegstilte barnefamiliar og unge.

Barn og unge var eit særleg satsingsområde for Fylkesmannen i 2016. Tildelinga av tilskot til bustadsosiale tiltak var samordna med andre statlege tilskot: Med Fylkesmannens eiga satsing på arbeid mot barnefattigdom (skjønnsmidlane), Arbeids- og velferdsdirektoratet si tilskotsordning mot barnefattigdom, Helsedirektoratets tilskotsordningar på feltet rus og psykisk helse, og i samråd med Husbanken og deira tilskotsordningar.

Det er Arbeids- og velferdsdirektoratet som har den endelege avgjerda når det gjeld tildeling av tilskot til bustadsosialt arbeid, men ved tildeling slutta direktoratet seg til Fylkesmannens prioritering. I det vidare arbeidet har vi tatt høgde for at ordninga med øymerka bustadsosiale tilskot vert avvikla, og at ingen nye tiltak får tilskot i 2017. I andre halvår av 2016 starta vi difor ein prosess for å rette Fylkesmannens bustadsosiale innsats over på andre oppgåver enn tilskotsordninga, primært inn mot samarbeidet med Husbanken i «Bustad for velferd»-satsinga.

Rapporteringskrav 7.3.1.1.3

Rapportere på

Hvilke kompetanseheevende tiltak er gjennomført på det boligsosiale feltet?

Oppfølging og rettleiing til kommunar som har store bustadsosiale problem var integrert i våre ordinære rettleiingsoppgåver overfor kommunane generelt og sosialtenesta i Nav spesielt. Dette inngjekk også i samarbeidet med Husbanken om iverksetting av strategien «Bolig for velferd». Data frå Statistisk sentralbyrå/Kostra viste at sju prosent av sosialstønadmottakarane i 2015 var utan bustad, 86 prosent av dei som fekk sosialstønad budde i leigd bustad, medan sju prosent eigde bustaden dei budde i. På landsbasis var berre fire prosent utan bustad. Dei fleste som var utan bustad i vårt fylke oppheldt seg i Bergen. Om vi ser bort frå Bergen er stoda i resten av fylket på nivå med landet elles. Dette er kunnskap vi tek med oss i dialog med kommunane/Nav-kontora.

Vi har særleg følgd opp kommunane som fekk bustadsosialt tilskot, for å sikre forankring, framdrift og fagleg kvalitet, samt vidareføring etter tilskotsperioden.

Vi tok opp bustadsituasjonen for sårbare gruppe med Nav-leiarane på fylkessamlingane for Nav-leiarar i juni og i desember 2016. Dette var også tema på arbeidsseminar om busetting av einslege mindreårige asylsøklarar i februar og i dialogmøte med Bergen kommune om bustadsituasjonen for vanskelegstilte.

Bustadproblem var tema i fleire tilsyns- og klagesaker i 2016. I og med at det dreidde seg om konkrete tilfelle legg vi til grunn at vår rettleiing fekk verknad både for den personen eller familien som saka gjaldt, og for arbeidet til kommunen/Nav-kontoret.

Rapporteringskrav 7.3.1.2.1

Rapportere på

Beskriv situasjonen for KVP i fylket, i tillegg:

- Får de som har krav på det, tilbud om program?
- Hva kjennetegner kontor som arbeider godt med ordningen?
- Hvilke utfordringer opplever FM at NAV-kontorene har i arbeidet med KVP?
- Hva er de viktigste utfordringene for FM i arbeidet med KVP?

Situasjonen for KVP i fylket:

Ved gjennomgang av statistikk for KVP for perioden januar til november 2016, samanlikna med same periode i 2015 er det ein svak auke i talet på deltakarar i KVP. I den same perioden i 2016 gjekk talet på søknadar om KVP noko ned, men fleire av søknadane blei innvilga.

- Får dei som har krav på det, tilbod om program?

Fleire Nav-kontor melder frå at dei arbeider aktivt med KVP og at arbeidet er forankra i leiinga. KVP vert teke jammleg opp på interne møte for å sikre merksemd på programmet, og det er møte på tvers av avdelingane og tett samarbeid med Nav Stat for å sikre at dei som har krav på KVP vert fanga opp. Eit Nav-kontor melder at dei som mottok sosialhjelp i kommunen vert viste til eit eige avklaringsiltak, kor det mellom anna vert informert om KVP. Nav-kontora melder og at dei har informasjonsmateriell/brosjyrar om KVP i mottaket. Vi har og fått tilbakemelding om at nokre kommunar har eigen boks for KVP på søknadsskjema som brukarane leverer på Nav-kontoret når dei søker om tenester. Nokre Nav-kontor held fram med å ha interne krav til talet på deltakarar per rettleiar, og leiari følgjer dette tett opp.

Vi handsama tre rettsklager om KVP. Ut frå klagene og dei tilbakemeldingane vi har frå Nav-kontora, har ikkje vi grunnlag for å kunne konkludere med at dei som har krav på det, ikkje får tilbod om program.

- Kva kjenneteiknar kontor som arbeider godt med ordninga?

Dei som arbeider godt med KVP, har god kartlegging av brukarane og god oversikt over aktuelle tiltak, slik at dei kan lage gode, tilpassa program. Vår oppfatning er at det i Nav-kontor med tilsette som berre arbeider med KVP, er enklare å få til god oppfølging av deltakarane.

- Kva utfordringar opplever Fylkesmannen at Nav-kontora har i arbeidet med KVP?

Vi har fått innspel frå Nav-kontora om at dei møter fleire utfordringar når dei arbeider med KVP:

Retten til KVP er ein eingongsrett. I følge rundskrivet kan ein deltakar som har avslutta eller avbrote programmet kun takast inn att i programmet ein gong. Fleire opplever at motivasjonen til deltakarar kan svinge, og at det kunne vore hensiktsmessig om det vart opna for at ein deltakar kan takast inn att i programmet fleire gonger. Nav-kontora melder og om at dei strenge reglane for permisjon utan løn er ei utfordring. Nav-kontora trekker frem kvinnelege deltakarar som vert gravide og føder born medan dei er deltakarar i programmet. Om dei av helsemessige årsaker ikkje er i stand til å gå attende til programmet etter seks veker, må programmet stansast. Dei bruker då opp den einaste moglegheita dei har til å kome inn att i programmet. Om dei vert gravide på nytt etter at programmet er starta opp, men før retten til programmet er brukt opp, kan programmet ikkje startast opp att for andre gong grunna svangerskap/fødsel.

Knytt til permisjon har Nav-kontora spelt inn at det burde opnast for permisjon ved korte soningar, sommarjobb, ved sjukdom over ein viss periode (ikkje konkretisert kor lenge), og om situasjonen i heimen er vanskeleg (sjuke born vert nemd som eit eksempel). Nav-kontora peiker og i denne samanheng på at det kan vere ventetid på tiltak i program, og at ein då burde kunne innvilge permisjon, slik at deltakaren ikkje må stanse programmet og nytte den eine moglegheita til å stanse programmet medan han/ho ventar på tiltak.

Nav-kontora melder frå at det er utfordrande å nå eit mål om arbeid når programmet ikkje kan gjerast lengre enn maks to år og seks månader. Eit Nav-kontor trekker frem programdeltakarar som kjem på familiejenforeining utan rettar til introduksjonsprogram som eit eksempel.

Det er og utfordrande for fleire Nav-kontor å få til gode program for deltakarane. Tilbodet om tiltak varierer frå kommune til kommune. Det er og utfordringar knytt til reiseveg for å delta i tiltak.

Nav-kontora peikar og på at det burde opnast for å ta programmet på deltid. Som eksempel trekkjer dei fram einslege foreldre med omsorg for fleire born eller born med store omsorgsbehov. For desse vil det vere nesten umogeleg å få til program på fulltid (37,5 timer per veke).

- Kva er dei viktigaste utfordringane for Fylkesmannen i arbeidet med KVP?

Varierende engsjement for KVP

Tidlegare år har alle samlingar vore i Bergen, og vi såg at nokre kommunar ikkje sendte deltakarar til samlingane. I 2016 inviterte vi til samlingar tre stader i fylket, Voss, Bergen og Stord, for å sjå om dette ville få fleire til å delta. To vart avlyst grunna få påmeldte. Den eine samlinga vi hadde på Stord vart svært godt motteken. Vår vurdering var at tiltaket med å tilby samlingar fleire stader i fylket, ikkje blir vidareført i 2017.

Alle dei som var påmeldt dei avlyste samlingane i distrikta fekk tilbod om plass på samling i Bergen på våren og i Bergen eller på Stord på hausten. Dei fleste som hadde meldt seg avlyste samlingar i distrikta takka ja til å delta på samling i Bergen.

Stor skilnad i kunnskapsnivå

Det er stor skilnad i kunnskapsnivået mellom tilsette ved dei store kontora i Bergen kommune og mindre kommunar. Dei store bydelskontora har høge deltakartal og fleire av dei som arbeider med KVP er dedikerte medarbeidarar som berre har dette som arbeidsområde, medan dei små kontora til samanlikning har få deltakarar i program og dei tilsette har KVP som ei av fleire

arbeidsoppgåver.

På direkte spørsmål fekk vi få tilbakemeldingar om tema på samlingane. Vi fekk også få spørsmål frå Nav-kontora om KVP.

Rapporteringskrav 7.3.2.1

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven.

Vi innhenta informasjon frå alle kommunane om krisesentertilbod for menn, personar med rus og psykiske lidingar og personar med funksjonshemming.

Stord kommune har på vegne av åtte kommunar inngått avtale med tilbydar. Tilbodet oppfyller ikkje krav til krisesenter for menn. Det har vi gjort kommunane merksame på. Vi følgjer denne saka vidare i 2017.

Fjell kommune har i fleire år ikkje hatt eigna krisesentertilbod og har vore følgd opp frå vår side. Nytt krisesenter er oppretta frå januar 2017. Ved befarung i februar fann vi at tilbodet no tilfredsstillar lovpålagte krav.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	33
Antall krisesentertilbud i fylket	33
Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2014	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2014	0
Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2015	23
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2015	9
Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2016	23
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2016	9

Alle kommunar er tilknytt eit krisesenter.

Rapporteringskrav 7.3.2.2

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på status når det gjelder tilbudet i kommunene til voldsutsatte med problemer knyttet til rus og/eller psykiatri, voldsutsatte med nedsatt funksjonsevne og tilbudet til voldsutsatte menn.

Tilbakemelding frå kommunane om krisesentertilbod til valdsutsette med problem knytt til rus og eller psykiatri, valdsutsette med nedsett funksjonsevne og valdsutsett menn, er at dei etter behov tek kontakt med aktuelle instansar for individuell oppfølging og tilrettelegging. Kommunane opplyser at alle personar som treng krisesentertilbod får tilbod frå det krisesenteret kommunen har avtale med, uavhengig av problematikk.

Etter tilsynet med krisesentertilbodet i Stord kommune gav vi tilbakemelding om at bruk av hotell ikkje fyller lova sine krav til tilbodet til valdsutsette menn. Oppfølging av denne saka er ikkje avslutta, jf. rapportering 7.3.2.1.

Rapporteringskrav 7.3.2.3

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggelse av krisesentrene eller reduksjon i tilbudet.

Det er ikkje meldt om nedleggingar av krisesenter i fylket i 2016, men som det går fram av 7.3.2.1 tilfredsstilte ikkje tilbodet på Stord kvalitative krav ved at dei brukte hotell for valdsutsette menn. Konsekvensar av dette er blant anna at tilbodet ikkje fyller lovkrava i forhold til tryggleik og sikring. Butilbod på hotell vil også kunne føre til auka isolasjon, angst og depresjon knytt

til tryggleik og kontakt med andre i same situasjon. Valdsutsette menn har i nokre tilfelle barn med seg på krisesenter. Hotell er ikkje er i samsvar med lova sin intensjon om trygge leikearealer til barn, oppfølging og eit terapeutisk tilbod til barn, samt barns moglegheiter til mest mogleg alminnelig kvardag.

Rapporteringskrav 7.3.2.4

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på erfaringene med gjennomføring av opplæringsprogram og antall deltakere i opplæringstilbudet for ulike faggrupper i å samtale med barn om vold og seksuelle overgrep.

I samarbeid med RVTS gjennomførte vi tre samlingar for ulike faggrupper i å samtale med barn om vald og seksuelle overgrep. Det var stor pågang til kursa, særleg frå tilsette i barnehagar. 350 personar frå Hordaland deltok og gav tilbakemelding om at kurset var bra og nyttig.

Rapporteringskrav 7.3.2.5

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader og fattede vedtak etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova i årsrapporten.

I 2016 ga Fylkesmannen i Hordaland 1076 separasjonsbevillinger og 845 skilsmissebevillinger.

Fylkesmannen har i 2016 mottatt 120 anmodninger om anerkjennelse av utenlandsk skilsmisse i 2016. Av disse ble 114 anerkjent og 3 fikk avslag.

Vi har mottatt 22 søknader om fritak fra plikten til å dokumentere skifte ved skilsmisse eller død. 10 søknader ble innvilget, 5 fikk avslag og 3 søknader ble ikke behandlet fordi skilsmissen var eldre enn 2 år.

Rapporteringskrav 7.3.2.6

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten.

Fylkesmannen fatta 1 vedtak etter barnelova § 55 i 2016.

Rapporteringskrav 7.3.2.7

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område, herunder om mekling.

Vi har mottatt mange førespurnader på e-brev og telefon om regelverket på familieretten sitt område. Mange av spørsmåla omhandlar samvær og fordeling av kostnader ved samvær, under dette at den eine av foreldra ikkje vil dele på kostnaden. I tillegg er det ein del spørsmål om fast bustad og foreldreansvar. Vi har gitt råd og rettleiing, mellom anna om kravet til mekling, samt vist til informasjonsmateriale utarbeidd av BLD. Det er i stor grad foreldre som kontaktar oss, men vi får òg spørsmål frå advokatar, kommunar og andre offentlege instansar.

Rapporteringskrav 7.3.2.8

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

Fylkesmannen i Hordaland har i 2016 behandlet 21 saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

Rapporteringskrav 7.3.2.9**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på tilsyn med familievernkontorene.

I 2015 gjennomførte vi tilsyn med alle familievernkontora i Hordaland. Ut frå vurdering av risiko- og sårbarheit og i samsvar med målkrava i verksemds- og økonomiinstruksen, fann vi ikkje grunn til å føre tilsyn med familievernkontora i 2016. Fylkesmannen følgde opp eitt familievernkontor gjennom ordinær tilsynssak hausten 2016. Det vart ikkje funne lovbrøt.

Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2016	Antall gjennomførte tilsyn i 2015	Antall gjennomførte tilsyn i 2014
3	1	3	0

Inntil 2015 var det 3 familievernkontor. Tilsynet i 2016 var et hendelsesbasert og ikkje planlagt tilsyn

Rapporteringskrav 7.3.2.11**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Dette er eit sentralt tema i arbeid med plansaker og folkehelsearbeid og blir teke opp i enkeltsaker, som også er innarbeid i embetes interne retningslinjer for arbeid med kommunale planar.

Rapporteringskrav 7.3.2.12**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling knyttet til ulike diskrimineringsgrunnlag i aktuell lovgivning.

Likestilling og tiltak for å motvirke diskriminering er eit sentralt tema i plansaker og i dialogen med kommunane i samband med planlegging (arealplanlegging og samfunnsplanlegging), og elles i vårt møte med kommunane der dette er eit naturleg tema å ta opp.

Vi har i 2016 og innarbeid likestillingsomsynet i dei interne planretningslinjene, slik at dette omsynet alltid vert vurdert når det gjeld dei kommunale planane, - regulerings- og kommuneplanar. Desse retningslinjene vert brukte av kommunane i deira planarbeid.

Eventuelle utfordringar i fylke når det gjeld likestilling bli ved behov teken opp til drøfting i leiargruppa. Avdelingsdirektørane er ansvarlege for å bringe inn i leiarmøtet likestillingsutfordringar i fylket innanfor eige fagområde.

Rapporteringskrav 7.3.3.1.1**Rapportere på**

Antall årsverk fordelt på ulike personellgrupper og antall personell som har deltatt i kompetansehevende tiltak jf. tidligere års rapporteringer.

Tildeling kompetansetiltak Kommunalt kompetanse og innovasjons-tiltak:

Videregående skole, fag- og yrkesopplæring innen helse/fagbrev **Antall personer**

- Helsefagarbeider 125

- Annen helsefaglig vgs.utdanning 2

SUM Videregående skole, fag- og yrkesopplæring **127**

Fagskoleutdanninger (påbygg fag- og yrkesopplæring, minimum halvt års videreutdanning) **Antall personer**

- Psykisk helsearbeid og rusarbeid 11

- Eldreomsorg/demens 0

- Habilitering/rehabilitering 1

- Kreftomsorg/ lindrende pleie 4

- Annen fagskoleutdanning 1

SUM Fagskoleutdanninger **17**

Bachelorutdanninger helse- og sosialfag **Antall personer**

- Sykepleie 44

- Vernepleie

- Fysioterapi 0

- Ergoterapi 0

- Sosionom 0

- Barnevernspedagog	0
- Annen bachelorutdanning	0
<i>SUM Bachelorutdanninger</i>	44

Videreutdanninger/mastergradutdanninger (påbygg bachelorutdanninger)	Antall personer
- Psykisk helsearbeid og rus	13
- Tverrfaglig videreutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge	7
- Eldreomsorg/ demens	25
- Kreftomsorg/ lindrende pleie	13
- Habilitering/rehabilitering	14
Lederutdanning	63
- Annen videreutdanning/masterutdanning	64
<i>SUM Videreutdanninger/mastergradutdanninger</i>	199

Internopplæring/etterutdanning/ABC-opplæring/kurs o.l.	Antall personer
- Demensomsorgens/ Eldreomsorgens ABC	114
- Mitt livs ABC	0
- Annen etterutdanning	617
<i>SUM Internopplæring/ etterutdanning/ ABC-opplæring/ kurs o.l.</i>	731
<i>SUM Kompetansetiltak</i>	1118

Rapporteringskrav 7.3.3.1.2

Rapportere på

Gi en samlet vurdering av utviklingen for kompetanse og årsverk for kommunene i fylket for det tidligere Kompetanseløftet 2015s planperiode.

Vi viser også til vårt brev 15. juli 2016 til Helsedirektoratet med rapportering på dette rapporteringskravet.

I perioden 2007-2015 auka talet på årsverk i brukareta tenester med 16,3 prosent og det formelle utdanningsnivået blei heva. Hordaland har nådd måltala i Kompetanseløftet 2015 om at 34 prosent av dei tilsette skal ha relevant høgare utdanning og er blant fylka med størst framgang når det gjeld personell med relevant utdanning frå høgskule og universitet.

Av ulike årsaker var det mange som ikkje fullførte skule- og lærlingeperioden for utdanning til helsefagarbeidar. Eit forhold som neppe bidrog til rekruttering, var at mange av stillingane for hjelpepleiarar, omsorgsarbeidarar og helsefagarbeiarar var deltidstillingar. Fleire av kommunane gjorde også om stillingar for desse yrkesgruppene til stillingar for sjukepleiarar. I 2015 reduserte 2/3 av kommunane årsverka i brukareta tenester med fagutdanning frå vidaregåande skule. Tilskot til internopplæring og nettverksarbeid har medverka til kvalitetsforbetring for særskilte pasientgrupper, til dømes ABC- opplæring, lindrande behandling og kvardagsrehabilitering.

Behovet for meir kvalifisert personell og større fagleg breidde i helse- og omsorgstenestene er framleis stort. Det kan sjå ut til at det i for liten grad er vurdert kva kompetanse som trengst for å vareta ulike oppgåver og i kva grad utdanning frå vidaregåande skule er tilstrekkeleg. Uavhengig av utdanningsnivå er det nødvendig å ha stor merksemd på kvalitet og fagleg innhald i tenestetilboda, spesielt varetaking av respekten for den enkeltes integritet og verdigheit.

I løpet av dei komande 10 åra vil nær ein firedel av arbeidsstokken nå pensjonsalderen. Rekrutteringa er lågare enn behovet og vil på dagens nivå ikkje kompensere for dei som går av. I kva grad organisatoriske endringar og bruk av velferdsteknologi kan avhjelpe behov for kvalifisert personell, er uvisst.

Rapporteringskrav 7.3.3.2.1**Rapportere på**

Planlagte tilsyn etter forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner skal rapporteres i årsrapport for fylkesmannens tilsyn med barnevernet innen 20. januar 2017, jf. forskrift om tilsyn med barn i barneverninstitusjoner for omsorg og behandling, § 14.

Vi gjennomførte 99 tilsyn med barneverninstitusjonar og hadde særskilt merksemd på bruken av tvang overfor det enkelte barnet. Vi ser den samla bruken av tvang i samanheng med omsorgstilbodet til barnet og undersøker og om barnet får medverke slik regelverket krev. Inntrykket er at institusjonane er opptekne av å redusere bruken av tvang. Gjennom tilsyna følgjer vi med på at barnevernstenesta si oppfølging av barna og samarbeidet mellom barnevern og helseteneste. Generelt meiner vi at det er større merksemd på dette samarbeidet og tenestene gir uttrykk for at dei samarbeider betre. Vi har følgd opp enkeltsaker der vi er uroa for at barna ikkje får den omsorga eller behandlinga dei skal ha, enten det er frå barnevernsteneste, institusjon eller helseteneste.

I 2016 endra vi måten vi gjennomfører tilsynet for i større grad å få barnet sitt perspektiv på tilbodet. Vi har informert institusjonane og Bufetat region vest om kva som er endringa. På samlingar med tenestene og nettoppslag har vi orientert om funn og kva vi meiner kan bli betre. Den enkelte institusjonen er orientert gjennom tilsyna. Vi har og gitt våre vurderingar og innspel i dei faste møta med Bufetat region vest.

Rapporteringskrav 7.3.4.1**Rapportere på**

FylkesROS og oppfølgingsplan:

- Når ble siste analyse gjennomført?
- Foreligger oppfølgingsplan, i så fall når ble den sist oppdatert?
- Hvilke regionale tiltak har embetet gjennomført for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

FylkesROS Hordaland 2015 vart publisert 30. desember 2014 og er siste trykte versjon av FylkesROS. Embetet har i 2016 dekomponert rapporten og lagt dei einskilde kapitla ut på våre nettsider som frittstående analysar. Embetet ønskjer framover å supplere, utvide eller revidere analysane fortløpande på nett. Med dette har vi von om i større grad å (i) opne for alternative metodiske tilnærmingar i analysane, (ii) opne for eit større tematisk mangfald enn kva eit einskild dokument har vist seg å kunne gjere, og (iii) søke å leggje til rette for betre oppfølging av ev. tiltak som vert tilrådde. Embetet nedsette i ljøs av dette i desember 2016 ei gruppe som våren 2017 vil gjennomføre ein ROS-analyse knytt til fiskesjukdomar og oppdrett.

Som rapportert i årsrapporten for 2015 inneheld FylkesROS Hordaland 2015 (trykt versjon) framlegg til risikoreducerande tiltak med tilhøyrande ansvars plassering. Fleire av tiltaka kan vere krevjande å følgje opp, og Fylkesmannen har ikkje mynde til å påleggje aktørane oppfølgingsplikt. Fylkesmannen har sendt ut oppfølgingspunkt med ansvarsavklaring til aktuelle aktørar i fylket. Hovudområde for oppfølging er og har vore transportberedskap og kritisk infrastruktur. Dette har mellom anna resultert i at det no ligg føre ein beredskapsanalyse for dei største brusambanda i fylket (hovudregi av Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune) og ein beredskapsplan for det mest kritiske brusambandet (Sotrabraua).

Embetet har i 2016 - i ljøs av Øving Hordaland 2015 - arbeidd vidare med å ferdigstille ein endeleg samordna strategisk beredskapsplan for atomberedskapsaktørane i Hordaland ved anløp av reaktordrivne fartøy til Haakonssvern orlogsstasjon.

I ljøs av mellom anna DSBs delrapport til Nasjonalt risikobilet om skuleskyting, arrangerte embetet 13. april 2016 ein fagdag for kommunane i fylket (og andre relevante aktørar) der beredskap knytt til "pågåande, livstruande vold" (PLIVO) var tema. Embetet har òg arrangert den tradisjonelle fagsamlinga på Voss for beredskapskontaktane i kommunane i fylket. Tema i år var læringspunkt i høve helikopterulukka ved Turøy, atomberedskap, innføring i relevante risikostandardar og innføring i risiko- og beredskapsanalyse.

FylkesROS og oppfølgingsplan

Når ble siste fylkesROS gjennomført?	Foreligger oppfølgingsplan?	Hvis ja, når ble den sist oppdatert?
2014	Ja	2015

Rapporteringskrav 7.3.4.2

Rapportere på

Kort beskrivelse av etablerte ordninger for raskt å kunne motta og videreformidle varsel om uønskede hendelser og beredskapsmeldinger.

Embetet har frå 1. juli 2016 etablert ei beredskapsvakt som er organisert i turnus blant leiarar (og ev. tilsette på beredskap) i fylkesmannsembetet. I praksis tyder det at beredskapsvakta har ansvar for å handtere alle førespurnader som kjem inn utanom kjernetida på kvardagar, samt i helger og på høgtidsdagar. Dette vart tidlegare handtert av fylkesberedskapssjef aleine. (Tilsette i plan- og beredskapsseksjonen tek ansvar for alle førespurnader som kjem i kjernetida).

Beredskapsvakta skal ivareta "Varsling og rapportering på samordningskanal" jf. DSBs instruks med same namn. Beredskapsvakta skal difor på kort varsel kunne:

- ta i mot innkomande varsel
- kvittere for mottekne varsel
- vidareformidle varsel
- førestå situasjonsrapportering på samordningskanal

Dersom situasjon eskalerer slik at han krev meir og tyngre oppfølging, t.d. innkalling av personell, koordinering/samordning frå Fylkesmannen si side, skal beredskapsvakta kontakte fylkesmann eller ass. fylkesmann eller fylkesberedskapssjef eller fylkeslege.

Rapporteringskrav 7.3.4.3

Rapportere på

Gjennomført revisjon av beredskapsplan.

Beredskapsplanen vart revidert i løpet av 2016 på bakgrunn av ny instruks (2015) og funn under m.a. Øving Hordaland 2015. Før planen vert endeleg vedteke, skal den til handsaming i leiargruppa. Det skjer venteleg våren 2017.

Gjennomført revisjon av beredskapsplan

Når ble siste revisjon av beredskapsplanen gjennomført?
2015 eller tidligere

Beredskapsplanen er revidert i 2016, medan endeleg godkjenning venteleg vil skje våren 2017.

Rapporteringskrav 7.3.4.4

Rapportere på

Hovedfunn fra øvelse av kriseorganisasjonen i embetet, og hvordan følges disse opp.

Heile kriseorganisasjonen vart øvd i Øving Hordaland 2015, medan delar av kriseorganisasjonen vart øvd under Øvelse IKT16. Funns fra øvingane er følgd opp og innarbeidd i utkast til ny beredskapsplan som no ligg til godkjenning. Når denne er godkjent og bemaningsmatrise er beskrevet, skal ny plan øvast.

Hovedfunn fra øvelse i kriseorganisasjonen i embetet, og hvordan disse er fulgt opp**Når ble siste øvelse med embetets kriseorganisasjon sist gjennomført?**

2015 eller tidligere

Rapporteringskrav 7.3.4.5**Rapportere på**

Status revisjon av underliggende planverk i regionen knyttet til nasjonale beredskapstiltak

Arbeidet er påbegynt ved at vi deltok på SBS-møte i JD 30.03.2016. Utover det avventar vi etter avtale styringssignal frå DSB med omsyn til det vidare arbeidet.

Rapporteringskrav 7.3.5.1**Rapportere på**

Opplys hvilke tiltak som er gjennomført i tabellen for prioriterte skipsverft i 2016. Kommentarer til de ulike lokalitetene må legges i den store tekstblokka.

Annen rapportering knytta til økonomi må ved behov gjøres i den store tekstblokka.

Se tabell under og tekst i 3.1.1.9

Prioriterte skipsverft

Navn på prioriterte skipsverft	Undersøkelser	Behov for tiltak	Tiltaksplan land	Tiltak land	Tiltaksplan sjø	Tiltak sjø
Bergen Group AS Avd Skjøndal	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
Marineholmen Forskningspark AS, tidligere Mjellem & Karlsen	Varsel, Pålegg	Sjø			Varsel, Pålegg	Varsel
Marin Eiendomsutvikling AS tidl BMV Laksevåg	Varsel, Pålegg	Sjø			Varsel, Pålegg	Varsel
Forsvarsbygg - Ubåtverft Laksevåg	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
Solheimsviken Næringspark tidl BMV Solheimsviken	Varsel, Pålegg					
Halsnøy Dokk AS (tidl Bergen Group Halsnøy og enda tidl Eides Georg Sønner	Varsel, Pålegg	Land, Sjø				
Skålafæro tidl Skaalurens Skipsbyggeri	Varsel, Pålegg	Sjø				Varsel, Pålegg
Rabben Havn AS tidl Vestevik Eiendom	Varsel, Pålegg					
Knester AS tidl Rabben Slipp	Varsel, Pålegg					
Egersund Net AS	Varsel, Pålegg					
Wärtsilä Norway avd Rubbestadneset	Varsel, Pålegg	Land	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Leirvik Sveis AS	Varsel, Pålegg	Sjø			Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
Ottesens Skipsbyggeri	Varsel, Pålegg					
Ole Kvernenes Båtbyggeri	Varsel, Pålegg					
H&E Nordtveit Skipsbyggeri	Varsel, Pålegg					
Aasheim Slipp	Varsel, Pålegg					
Øklandsens Slip og Motor-verksted	Varsel, Pålegg					

Bedrifter ikke trengte gjøre tiltak og formelt er sjekket ut er (5): Solheimsviken Næringspark, Øklandsens Slip og Motor-verksted, Aasheim Slipp, H&E Nordtveit Skipsbyggeri, Ottensens Skipsbyggeri. Bedrifter som er ferdig med tiltak er (2): Skålafæro og Leirvik Sveis. Bedrifter som ikke er avklart er (4): Egersund Net, Knester AS, Rabben Havn og Halsnøy Dokk. Bedrifter som skal gjøre tiltak er (5): Marin Eiendomsutvikling, Bergen Group Skjøndal, Marineholmen Forskningspark, Ubåtverft Laksevåg, Wärtsilä Rubbestadneset

Rapporteringskrav 7.3.6.1.3

Rapportere på

Fylkesmannen skal med samme frist som årsrapporten, sende en egen rapport om sikkerhetstilstanden til KMD. Rapporten skal særskilt redegjøre for oppfølgingen av de eventuelle mangler og avvik som embetet har identifisert ved forrige rapportering. Fylkesmannen må vurdere nivå på sikkerhetsgradering på rapport om sikkerhetstilstand som sendes KMD.

Rapport om sikkerhetstilstanden er sendt til KMD innen fristen. Oppfølgingspunkt ble definert. Disse omtales ikke her grunnet gradering.

Rapporteringskrav 7.3.6.2.1

Rapportere på

FMAV, FMBU, FMHO, FMMR, FMNO, FMOP, FMRO, FMST, FMTR, FMTE, FMVE som deltar i forsøksordningen om samordning av statlige innsigelser, rapporterer til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om antall planer som er behandlet, antall innsigelser som er fremmet, antall innsigelser som ikke er videresendt til kommunene, og antall innsigelser som er avskåret.

Samordningsprosjektet handsama 46 reguleringsplanar i 2016. Det vart, etter at 28 av desse planane hadde vorte diskutert med kommunane og aktuelle styresmakter, fremja motsegn til 35. Til om lag ein fjerdepart av planane som det i utgangspunktet var meldt trong for å ha motsegn til, vart dermed ikkje fremja motsegn.

Av om lag 113 motsegnspunkt som var melde inn til desse planane, vart 54 (48%) punkt ståande att som motsegner i den samordna uttalen. Dei attståande 59 punkta vart løyste i dialog med kommunane, utan at det vart naudsynt å fremje formell motsegn. Dette er på nivå med alle dei føregåande åra av prosjektet.

Vidare vart 2 kommuneplanar (arealdel) handsama. Ein revisjon til første offentleg ettersyn (Austrheim kommune) og ei mindre omfattande rullering (Fedje kommune). Av 20 innmelde motsegnspunkt til desse, vart 13 punkt fremja etter ein utvida dialog i høyringsfasen.

Avslutningsvis vart det handsama to kommunedelplanar. Av 9 motsegnspunkt til desse, vart 6 sende over til kommunane som motsegner i samordna uttale.

Summert opp:

- 50 planar vart handsama i samordningsprosjektet (2 KPA – 2 KDP – 46 RP).
- Det vart fremja statleg motsegn mot 39 planframlegg, men om lag halvparten av motsegnspunkta fall vekk som følge av utvida dialog i høyringsfasen (dialogmøte).
- Til 11 planar der det vart meldt inn motsegn til Fylkesmannen, vart det ikkje fremja motsegn i det heile.
- Ingen motsegner vart avskorne av Fylkesmannen, i den forstand at det var usenje mellom Fylkesmannen og aktuelle styresmakter om dei skulle fremjast.

Motsegn fordelt på etatar – 2016

- Fylkesmannen – 21 planar (av 30) enda med motsegn.
- Statens vegvesen – motsegn til 13 planar (av 18).
- NVE – motsegn til 12 planar (av 13).
- Direktoratet for mineralforvaltning – 1 plan (av 1).

Samordning av statlige innsigelser

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultat
Antall planer som er behandlet	50
Antall innsigelser som er fremmet	39
Antall innsigelser som ikke er videresendt til kommunene	11
Antall innsigelser som er avskåret	0

Rapporteringskrav 7.3.6.3.1

Rapportere på

Det skal rapporteres særskilt om hvilke tiltak fylkesmannen har iverksatt for den enkelte kommune som er registrert i ROBOK og hvilke tiltak som har vært iverksatt for å forhindre kommuner som er i faresonen til å bli registrert i ROBOK. Det skal rapporteres om bruk av skjønnsmidler til ROBOK-kommunene.

Fra og med sommeren 2015 har det ikke vært registrert noen kommuner i ROBOK i fylket.

Vi vurderer årlig alle kommunene sine budsjett og økonomiplaner og gir egen tilbakemelding til hver kommune. Dette er et tiltak for å hindre at nye kommuner kommer i registeret, sammen med mer uformell kontakt (telefon, epost, møte) med kommuner. Oppfølgingen er særlig tett i forhold til kommuner som blir vurdert å være i fare for å komme i ROBOK.

Selv med tett oppfølging av aktuelle kommuner, vil det være svært vanskelig eller umulig å unngå helt å ha noen kommuner i ROBOK i fylket til en hver tid fremover.

Rapporteringskrav 7.3.6.4.1

Rapportere på

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling og modernisering i kommunene, bruk av skjønnsmidler til formålet og formidling av resultatene.

Fylkesmannen i Hordaland satte for 2016 av kr. 14 3/4 mill. i skjønns-midler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunene.

Kommunene ble i eget brev fra Fylkesmannen invitert til å søke om prosjektmidler. Regionrådene i fylket har en aktiv rolle i prosessen med fordeling av skjønnsstilskudd til fornyings- og innovasjons-prosjekt. Regionrådene vurderer søknadene fra kommunene

og utarbeider en prioritering mellom søknadene for Fylkesmannen. Fylkesmannen er ansvarlig for selve fordelingen av tilskudd men legger stor vekt på regionrådene sine prioriteringer. Prosjektmidlene til fornyings- og innovasjonsprosjekt ble i 2016 fordelt mellom følgende formål, i mill. kr. i parentes:

barn og unge (2,6), helse og omsorg (4,43), by- og tettstedsutvikling (0,7), beredskap og samfunnsikkerhet (1,8), interkommunalt plan-samarbeid (2,275), miljøvern og landbruk (2,24), andre formål (0,705). Til sammen kr. 14,75 mill.

Resultatopptakelsen av prosjektskjønn vil fra 2016 i større grad enn tidligere kunne formidles til andre på grunn av rapportering til den nye databasen ISORD.

Rapporteringskrav 7.3.6.5.1

Rapportere på

Det skal rapporteres om hvilke låneformål og hvilket låneomfang som godkjennes, og i hvilken grad fylkesmannen har nektet godkjenning av lån.

Det er ikke aktuelt fordi det for tiden ikke er kommuner i ROBEK.

Tilsyn med kommunenes lånesøknader - formål og omfang

Type søknad	Sum	Godkjent	Ikke godkjent	Ikke behandlet
Antall lånesøknader	0	0	0	0
Omfang lånesøknader	0	0	0	0

Det er for tiden ikke kommuner i ROBEK. Det er derfor heller ikke lånesøknader.

Rapporteringskrav 7.3.6.5.2

Rapportere på

Antall og omfang av godkjente garantier, samt antall garantier som ikke ble godkjent.

Det er godkjent 23 kommunestyrevedtak om kommunale garantier. Samlet garantiomfang for disse utgjør kr. 321 mill. Av dette utgjør kommunal garanti fra Fjell kommune til Fjell VAR A/S kr. 180 mill. i forbindelse med VAR investeringer 2016 - 2017. Ingen garantier er ikke godkjent. To garantier er ikke behandlet.

Godkjente garantier etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Saksområde	Sum	Godkjent	Ikke godkjent	Ikke behandlet
Antall garantisøknader	25	23	0	2
Omfang garantisøknader	329	321	0	8

Rapporteringskrav 7.3.6.6.1

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på hvordan veiledningsarbeidet har blitt utført.

Det er spørsmål og kontakt med kommunene (telefon, epost) både når det gjelder økonomiregler og om det økonomiske opplegget.

Økonomiregler vil omfatte økonomidelen av kommuneloven, forskrifter (budsjett, regnskap, garanti), GKRS og Kostra. Det økonomiske opplegget vil omfatte statsbudsjettet, kommuneproposisjonen og inntektssystemet m.m.

Fylkesmannen sender brev til kommunene når statsbudsjettet (samme dag) og kommuneproposisjonen er lagt frem. Brevene er sammendrag av det økonomiske opplegget for kommunene. Det er en målsetning at brevene skal være konkrete og forståelige.

Fylkesmannen deltar sammen med KS på felles kommunemøte når statsbudsjettet (oktober) og kommuneproposisjonen (mai) er lagt frem.

Rapporteringskrav 7.3.6.6.2

Rapportere på

Kort om fordelingen av skjønnsmidler, herunder rapportering i ISORD.

Det var for 2016 en skjønnsramme på kr. 127,7 mill. for kommunene i fylket. Fylkesmannen sin fordeling av skjønnsmidler mellom kommunene er basert på KMD sine retningslinjer og vår egen informasjon om lokale forhold. For 2016 ble kr. 94,4 mill. av rammen fordelt mellom kommunene i statsbudsjettet.

Den gjenstående rammen på kr. 33,3 mill., til fordeling gjennom året, ble fordelt til følgende formål, i mill. kr. i parentes:

fornynings- og innovasjonsprosjekt (14,75), prosjekt bosetting av flyktninger (6,0), prosjekt barnefattigdom (4,0), restfordeling til kommunereform, generelt og prosjekt (8,55). Til sammen kr. 33,3 mill.

Rapportering prosjektskjønn for 2016 er første året med rapportering i den nye databasen ISORD. Rapporteringsfristen var 01.februar 2017. Arbeidet med ISORD har gitt erfaringer som er nyttig å ha med videre.

ISORD vil bidra til at resultatopptakelsen av prosjekt, som mottar tilskudd, blir mer tilgjengelig både for kommunene og departement/fylkesmann.

Rapporteringskrav 7.3.6.7.1**Rapportere på**

En kort beskrivelse dersom enkelte fagområder framstår som særlig problematiske å samordne i embetets samordningsarbeid.

Fleire tema innan samfunnstryggleik og beredskap er krevjande å få avklart grunna ulike og/eller manglande styringssignal og/eller instruksar. Det er stort behov for presiseringar som kan bidra til å styrke samvirke mellom aktørane, og sjå ulike nasjonale prosessar i samanheng. For at nasjonen skal lukkast med betre samhandling, vil vi særleg understreke behovet for tydelegare presiseringar av krav til samordning, og kva det betyr for:

- ulike aktørar med ansvar, oppgåver og mynde innan samfunnstryggleik og beredskap.
- gjensidig forankring av informasjonsdeling og samvirke i instruksar og styringsdokument for dei ulike aktørane.
- ulike prosessar i fleire sektorar som omhandlar viktige avgjerder og prioriteringar som får konsekvensar for nasjonal samfunnstryggleik og beredskap.

Rapporteringskrav 7.3.6.8.1**Rapportere på**

Det skal gis rapportering i tabell som skal viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av fylkesmannen, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige
- Hvor mange av sakene totalt (uten å skille mellom saker etter klage og på eget initiativ) som hadde henholdsvis habilitet eller lukking av møter blant vurderingstemaene.
- Det skal gis en kortfattet omtale i årsrapporten av hvor mange klager fylkesmannen har mottatt etter kommuneloven § 60d fjerde ledd, hvilke kommunalrettslige tema de (særlig) veileder kommunene om samt bruk av interkommunalt samarbeid i fylket, med særlig vekt på bruk av vertskommunemodellen.

Fylkesmannen har behandlet totalt 10 saker om lovlighetskontroll. To av sakene hadde habilitet som tema, og to av saken hadde møteoffentlighet som tema.

Vi har ikke registrert noen klagesaker etter kommunelovens § 60 d fjerde ledd.

Tematikken i fylkesmannens veiledning omfatter i hovedsak habilitet.

Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	6	2	8
På eget initiativ	0	2	2

Rapporteringskrav 7.3.6.9.1**Rapportere på**

Fylkesmennene skal i årsrapporten oppgi hvor mange klager på avslag om begjæringer om innsyn de har behandlet, jf. offentleglova § 32 og forvaltningsloven § 28 annet ledd, samt hvor mange tilfeller klager har fått helt eller delvis medhold i klager etter offentleglova § 32.

I 2016 har vi handsama 30 klagesaker som gjeld manglende dokumentinnsyn etter offentleglova § 32 og forvaltningsloven § 28 annet ledd. I 20 saker ga vi heilt eller delvis medhald i klager etter offentleglova § 32.

Rapporteringskrav 7.3.6.10.1**Rapportere på**

Embetet rapporterer hvor mange tilsyn det har gjennomført.

Forklaring:

- Det bes om ett tall for alle tilsyn hjemlet i opplæringsloven, barnehageloven, helse- og omsorgstjenesteloven mv.
- Det rapporteres samlet for kommunene og fylkeskommunen(e)
- Antall tilsyn det skal rapporteres på, omfatter planlagte tilsyn (som landsomfattende/nasjonale tilsyn) og hendelsesbaserte tilsyn uavhengig av tilsynsmetodikk og hvor ressurskrevende tilsynet var.
- Antall tilsyn det skal rapporteres på, omfatter ikke forundersøkelser, sjølvmeldingstilsyn og dokumentgjennomganger uten oppmøte (fysisk eller videokonferanse) på tjenestestedet eller i kommunen/fylkeskommunen.
- Det bes ikke om tall for avvik eller pålegg.
- Det bes ikke om verbalrapportering om samordningsarbeidet.

Det vart gjennomført 9 tilsyn etter sivilbeskyttelseslova i Hordaland i 2016.

Rapporteringskrav 7.3.6.11.1**Rapportere på**

Fylkesmannen skal føre en oversikt over behandlede plansaker, omfang av innsigelser, klager fremmet av fylkesmannen og meklinger.

Fem kommunar arbeidde med revisjon av samfunnsdelen av kommuneplanen i 2016, medan sju kommunar hadde oppstart eller offentleg ettersyn av arealdelen av kommuneplanen. Tre kommunar gjennomførte mindre revisjonar av sine arealdelar.

262 meldingar om oppstart av reguleringsplanarbeid vart sendt Fylkesmannen i 2016. 203 reguleringsplanforslag vart sendt oss til offentleg ettersyn. Talet på planforslag til offentleg ettersyn auka i 2016, då talet for 2015 var 166 saker.

Fylkesmannen sendte uttale i 292 av 1248 dispensasjonssaker som vart sendt oss frå kommunane i 2016. Talet på saker sendt oss til uttale auka med over 200 frå året før. Kommunane i Hordaland gav dispensasjon i 1869 saker, også her ser vi ein tilsvarande auke. Fylkesmannen klaga på 83 av desse vedtaka, mot 74 i 2015. Fylkesmannen klaga såleis på 4,44 % av dispensasjonsvedtaka. Storparten av klagene frå Fylkesmannen gjeld ivaretaking av landbruks- eller strandsoneomsyn.

Rapporteringskrav 7.3.6.12.1

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapporten for 2016 rapportere hvor mange saker som ikke ble avgjort innen 12 uker, hvor stor overskridelsen var, hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i forskriften jf. [pbl. § 21-8 andre ledd](#), hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Fylkesmannen har i 2016 behandlet 574 klagesaker. Vi har stadfestet kommunen sitt vedtak i 496 saker. Vi har omgjort 18 saker og opphevet 60 saker. Klager er altså gitt medhold i 78 saker. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid i klagesaker var 2 måneder. Fristen på 12 uker ble oversittet i 2 saker. Dette skyldes innhenting av ytterligere dokumentasjon fra partene i saken. Den gjennomsnittlige overskridelsen på 12 ukersfristen var 2 uker i disse sakene.

Rapportering om saker etter plan- og bygningsloven

Hvor mange saker som ikke ble avgjort innen 12 uker	2
Hvor stor overskridelsen var i sakene som ikke ble avgjort innen 12 uker	2
Hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i forskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd	2
Hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i	0
Hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse	0

Rapporteringskrav 7.3.7.1.1**Rapportere på**

Kort beskrivelse av aktiviteten på området, herunder oversikt over:

- Tros- og livssynssamfunn som mottar tilskudd og antall medlemmer det er gitt tilskudd for
- Trossamfunn som er slettet hos fylkesmannen
- Nye registrerte/uregistrerte trossamfunn og nye livssynssamfunn
- Ev. tilsyn med trossamfunn og forstander.

Fylkesmannen i Hordaland har i 2016 utbetalt statstilskudd til 53 registrerte og 8 uregistrerte tros- og livssynssamfunn, for til sammen 14 775 medlemmer.

Ingen nye tros- eller livssynssamfunn er registrert i Hordaland i 2016. Tre søknader om registrering av trossamfunn er avslått i 2016.

Ingen tros- og livssynssamfunn er slettet hos fylkesmannen i 2016.

Av tilsyn kan nevnes at fylkesmannen har hatt grundige forstanderamtaler i forbindelse med søknadene om nyregistrering av trossamfunn i 2016.

Rapporteringskrav 7.3.7.2.1**Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

I 2016 har Fylkesmannen i Hordaland behandlet 137 søknader om askespredning. 122 søknader ble innvilget og 21 avslått. Av de som fikk avslag kom det inn 6 reviderte søknader, med nytt spredningssted. Alle disse ble innvilget.

Fylkesmannen har i 2016 ikke behandlet noen søknader om privat gravsted, men gitt mye veiledning, både om privat gravsted, askespredning og andre spørsmål knyttet til gravferdsloven.

Rapporteringskrav 7.3.7.3.1**Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Søknad om søndagsåpent: 4 søknader. Alle ble avslått.

Søknad om typisk turiststad: 2 søknader. Begge ble innvilget.

Rapporteringskrav 7.3.8.1

Rapportere på

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (jf. metodehåndbok og egen mal for rapportering). Fylkesmannen skal beskrive hvilke risikovurderinger som ligger til grunn for valg av tema og tilsynsobjekt. Med risikovurdering mener vi hvilke kilder, hva kildene viser og hvilke vurderinger og konklusjoner fylkesmannen har utledet fra disse.

Tilsyn etter opplæringslova

Planlegginga av tilsyn startar alltid med ein generell gjennomgang av tal, statistikkar, klagesaker og andre meldingar.

Når det gjeld FNT legg vi krav til andel kommunar det skal først tilsyn med til grunn. Her har vi og tatt omsyn til kva kommunar det tidlegare er gjennomført felles nasjonale tilsyn i. I tilsyna på forvaltningskompetanse har vi særleg brukt klagesaker og annan sakshandsaming som kjelde. Erfaringar frå tilsyna i 2016, saman med det bilete vi har teikna gjennom kommunane si klage- og sakshandsaming, har resultert i ei styrking og vidareføring av tilsynsystema. Vi veit at utskiftinga i kommuneleddet har vore stor i 2016, og det er eit ytterlegare argument for å vidareføre tilsynsystema.

Embetet har over fleire år ført tilsyn med retten til gratis opplæring. Dette les vi inn 0-24 oppdraget. Til tross for at vi har ført tilsyn med dette regelverket over år, har informert gjentatte ganger i nettoppslag og i møter med kommunane, så får vi jamnleg meldingar om at elevar og foreldre blir kravd for pengar og ikkje kan ta del i aktivitetar i skulane sin regi. Kjelda til tilsynsystema her er oppslag i media og meldingar frå føresette og elevar. Konklusjonen vår etter tilsyna i 2016 er at tilsynsystema skal først vidare i 2017.

To av tilsyna, psykososialt miljø, er hendingsbaserte. Tilsyna er opna etter alvorlege uromeldingar frå føresette i kombinasjon med fleire klagesaker.

Tilsyn etter barnehagelova

På barnehageområdet, på same viset som for skule, er tal, statistikkar, årsrapportar og tilsvarande utgangspunktet for risikovurderinga. Eit av tilsyna i 2016 har følgd opp uromeldingar i samband med samanslåing av barnehagar. Vi har og valt å kople tilsyn til 0-24 oppdraget ved å føre tilsyn med gratis kjernetid.

Rapportering på FNT – forvaltningskompetanse

Kontrollspørsmål																							
Kommune	Skole	Åpnet	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21
Hordaland fylkeskommune	Årstad vgs	15.06.2016	1	0	0	1	1	1	0	1	0	0	1	0	0	0	0	0	1	1	0	0	0
Hordaland fylkeskommune	Nordahl Grieg vgs	15.06.2016	1	0	0	1	1	1	0	1	0	0	1	0	0	0	0	0	1	1	0	0	0
Lindås	Ostereide ungdomsskule	08.06.2016	1	1	0	1	0	0	0	1	0	1	1	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0
Lindås	Knarvik barneskule	08.06.16	0	1	1	1	0	1	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	1	1	0	0	0

Ostereide ungdomsskule 11a, b og c, Knarvik barneskule 11 a, b og c

Gjennomførte tilsyn - Barnehage

Kommune / Barnehage	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
Kvam	Annet	Styrrarressurs og samanslåing av barnehagar	3	Endelig rapport	1	0	0
Bergen kommune	Annet	Gratis kjernetid	2	Endelig rapport	0	0	0
Bømlo	Annet	Gratis kjernetid	2	Endelig rapport	0	0	0
Fedje kommune	Annet	Gratis kjernetid	2	Endelig rapport	0	0	0
Øygarden kommune	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)		4	Endelig rapport	2	0	0
Øygarden kommune	Kommunen som godkjenningsmyndighet		4	Endelig rapport	2	2	0
			17		5	2	0

Gjennomførte tilsyn - Opplæring

Kommune	Skole	Tilsynsvariant	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
Hordaland fylkeskommune	Olsvikåsen vgs	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	3	3	0
Hordaland fylkeskommune	Olsvikåsen vgs	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	0	0	0
Hordaland fylkeskommune	Nordahl Grieg	FNT	Forvaltningskompetanse		2	Endelig rapport	8	8	0
Hordaland fylkeskommune	Årstad vgs	FNT	Forvaltningskompetanse		2	Endelig rapport	8	8	0
Os kommune	Os ungdomsskule	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	0	0	0
Os kommune	os ungdomsskule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	0	1	0
Lindås kommune	Ostereide ungdomsskole	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	0	0	0
Lindås kommune	Ostereide ungdomsskole	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	3	3	0
Lindås kommune	Ostereide ungdomsskole	FNT	Forvaltningskompetanse		2	Endelig rapport	10	10	0
Lindås kommune	Knarvik barneskule	FNT	Forvaltningskompetanse		2	Endelig rapport	9	9	0
Meland kommune	Rosland skule	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	4	0	0
Radøy	Sæbø skule	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	7	0	0
Bergen kommune	Rothaugen skole	Egeninitiert	Gratisprinsippet		2	Endelig rapport	2	1	0
Bergen kommune	Kirkevoll skole	Egeninitiert	Gratisprinsippet		2	Endelig rapport	1	1	0
Kvam kommune	Kvam ungdomsskule	Egeninitiert	Gratisprinsippet		2	Endelig rapport	3	3	0
Bømlo kommune	Moster skule	Egeninitiert	Gratisprinsippet		2	Endelig rapport	3	3	0
					43		61	50	0

Status tilsyn varslet i 2015, minimum foreløpig tilsynsrapport i 2016

Kommune	Skole	Tilsynsvariant	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varsel	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
					0		0	0	0

Rapportering på FNT – skolebasert vurdering

		Kontrollspørsmål					
Kommune	Skole	Åpnet	1	2	3	4	5
Hordaland fylkeskommune	Olsvikåsen vgs.	15.06.2015	0	0	0	0	0
Os kommune	Os ungdomsskule	08.01.2016	0	0	0	0	0
Lindås kommune	Ostereide ungdomsskule	08.01.2016	0	0	0	0	0

Rapportering på FNT – skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæringen

		Kontrollspørsmål																							
Kommune	Skole	Åpnet	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	
Hordaland fylkeskommune	Olsvikåsen vgs	26.06.15	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	1	0	1
Os kommune	Os ungdomsskole	08.01.16	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Lindås kommune	Ostereide skule	08.06.2016	0	0	0	0	1	0	0	0	1	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Status tilsyn varslet i 2015, minimum foreløpig tilsynsrapport i 2016 (Barnehage)

Kommune / Barnehage	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Tal varslet	Tal regelverksbrot	Tal pålegg
			0		0	0	0

Rapporteringskrav 7.3.8.2**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en egen vurdering av i hvilken grad embetet har gjennomført en koordinert innsats mot kommuner og fylkeskommunen, særlig der det er avdekket mangelfullt samordnet tjenestetilbud for utsatte barn og unge. Vurder også hvilke tiltak som har vært mest effektive for å fremme samarbeid og samordning i og mellom kommuner og fylkeskommunen, tjenester og institusjoner som arbeider for og med utsatte barn og unge og deres familier.

Fylkesmannen har med 5 kommunar i ei 5-årig satsing mot barnefattigdom der dei sentrale stikkorda for kommunane sitt arbeid er kommunen sitt system for kartlegging av barn og unge som lever i økonomisk fattigdom, kartlegging og utvikling av samarbeid mellom kommunen sine tenesteområde- og stader, finne løysingar og eventuelt sette nye tersklar i kommunen for å sikre at tenestetilbud blir informert om, er tilpassa og tar omsyn til alle barn og ung, uavhengig av familien sin økonomi. Kommunane får skjønnsmidlar i satsingsperioden.

Ein viktig del av satsinga er å samle deltakarkommunane og dei øvrige kommunane i fylket slik at arbeidsmåtar, problemstillingar og erfaringar kan gjerast kjent og drøftast. Ein føresetnad frå FMHO si side er at kommunane ikkje nødvendigvis skal sjå på innsats mot barnefattigdom (eller arbeid for andre utsette grupper) som prosjekt, men at det å vere medviten om korleis tenester når ut, handlar om kunnskap og haldningar.

FMHO får løpande rapportar og tilbakemeldingar frå kommunane. Dette har sikra at vi får stadfesta at arbeidet har framdrift og at det føl opp føringane. Det sikrar og at FMHO får gitt innspel der det er behov for endringar og justeringar. Vår konklusjon er at arbeidet på ein reell og konkret måte bidreg til forbetre tenester til barn og unge.

Alle avdelingane i embetet ved avdelingsdirektør og embetsleiing er involvert i 0-24 oppdraget gjennom ei barn- og unge gruppe med 5 - 6 faste møter pr. år. Kunnskap om kommunane og område som er tent med samordning og sektorovergripande drøftingar og oppfølging er tema.

Planar er eit sentralt verkty i arbeidet for å sikre gode tilhøve for barn og unge. Vi noterer oss at embetet si forventning til barn og unge blir handsama grundig i plansaker, er følgt godt opp av kommunane.

Rapporteringskrav 7.3.8.3**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for den gjennomførte egevalueringen av kompetanse til å løse oppgavene på regelverksområdet innenfor barnehage og grunnopplæring. I egevalueringen skal det gjøres rede for styrker og utfordringer, samt tiltak som er iverksatt for å sikre god kvalitet i klage-, tilsyns- og veiledningsarbeidet.

Embetet har høg kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet til å løyse oppgavene innanfor klagehandsamin, tilsyn og rettleiing. Embetet har stabilitet i personalet, samstundes som vi rekrutterer godt. I tillegg til at vi har rett og variert kompetanse i embetet, fører stabilitet i personalgruppa til at kommunane er godt kjent med medarbeidarar og at terskelen for å vende seg til embetet i alle typer av spørsmål, ikkje er høg. Vi meiner det er viktig at kommunane kjenner til kompetansen og fagfelte vi føl opp, og eit tiltak for å sikre dette er at alle nye medarbeidarar er med i kommunedialogmøta. Dei blir og presentert på samlingane vi har for skuleeigar og barnehagemynda.

Klagesaksbehandlninga er avgjerande for embetet sitt omdøme. Vi har konkret arbeid med at sakene skal vere kjenneteikna av eit klart språk som er opplysende og tilgjengeleg både for klagar og for kommunen. Eit av tiltaka krev at ingen saker går ut før dei er lest av minst to sakshandsamarar. Helst ein som ikkje kjenner feltet inngående (klart språk) og ein som kjenner feltet (rettstryggleik). Alle klagesaker blir ført inn i ei samla oversikt frå den dagen dei kjem inn. Oversikta blir gått igjennom i avdelinga sine møter og sikrar at vi prioriterer rett og at vi omfordeler og sånn sett får brukt heile kapasiteten i avdelinga. Vi vurderer dette som ein svært nyttig praksis.

Embetet deltek på tilsynssamlingar i regi av Udir. i 2016 har vi og hatt ei samling over to dagar der embeta i sør-vest regionen har hatt tilsyn som tema. Denne samlinga synleggjorde både område vi ser likt på, men og tema som vi nok drøftar i ulik grad. dette var ei nyttig påminning på nokre område, og ei god stadfesting på andre. Internt i embetet har vi eit tilsynsforum og felles fagdagar som avdelinga føl opp. Tilsynsplanen for komande år blir lagt i oktober/november. dette sikrar at vi får ut varslet i tide til at vi kan utnytte månadane januar og februar på ein god måte.

På same tid legg vi planen for samlingar, kommunedialog, faste møte med kommunane sine representantar mm. Vi kan då på eit tidleg

tidspunkt gje kommunane eit oversyn over når og med kva tema samlingar blir arrangert. dette tilpassast sjølvstøtt det vi kjenner av tidspunkt for nytt regelverk, meldingar mm.

Rapporteringskrav 7.3.8.4

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema om antall klager, type klager og resultatet av behandlingen.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Standpunkt i fag	115	3	21	91	0
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 fjerde ledd	2	0	2	0	0
Særskilt språkopplæring, § 2-8	2	0	1	1	0
Bortvisning, § 2-10	2	0	1	1	0
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	6	0	3	3	0
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	1	0	0	1	0
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	4	0	2	2	0
Spesialundervisning, § 5-1	12	3	4	5	0
Skyss, § 7-1	20	2	17	1	0
Skoleplassering, § 8-1	46	4	36	6	0
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	2	2	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	21	11	7	3	0
Lokalt gitt muntlig eksamen	2	1	1	0	0
Sum	235	26	95	114	0

I tillegg 20 saker/klager som ikkje kan registrerast i løysinga.

Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Barnehageloven § 10	0				
Barnehageloven § 16	2	2	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0				
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0				
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	25	4	10	11	0
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0				
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0				
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0				
	27	6	10	11	0

Klagene på likeverdig behandling omfattar til saman 193 barnehagar

Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Skyss, § 3-7	8	0	6	2	0
Psykososialt skolemiljø, § 2-4, jf oppl § 9a-3	3	2	0	1	0
	11	2	6	3	0

Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
	0	0	0	0	0

Klagebehandling - Spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Tegnspråkopplæring, § 2-6 tredje ledd	3	0	2	1	0
	3	0	2	1	0

Klagebehandling - Vidaregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	10	4	6	0	0
Sentralt gitt skriftlig eksamen	5	3	2	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	4	0	1	3	0
Spesialundervisning, § 5-1	3	1	1	1	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	3	2	0	1	0
	25	10	10	5	0

Rapporteringskrav 7.3.8.5

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall og type saker hvor klager henvender seg på nytt til fylkesmannen hvor skoleeier /barnehageeier /barnehagemyndigheten ikke har fulgt opp vedtaket.

På barnehageområdet har vi ikkje fått melding om at vedtak ikkje er følgt opp.

Vi har 5 saker (9a-3) der det er klagd på at vedtaket ikkje er følgt opp. I ei av sakene var det tilfellet. I tre av sakene var vedtaket følgt opp, men utan at dei føresette var nøgd med måten tiltaka vart følgt opp på, og om tiltaka var tilstrekkeleg. I den siste saka har klagar stilt eksplisitte krav om eit bestemt tiltak. Dette er ikkje vurdert som det aktuelle for å løyse saka, og er difor ikkje del av vedtaket.

Rapporteringskrav 7.3.8.6

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema på tiltak innenfor kompetanse og rekruttering på barnehageområdet.

Kompetansetiltak tabell 1

Kompetansetiltak	Midler brukt	Antall deltakere totalt	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra ikke-kommunale barnehager
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	622 000	46	5	41
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	0	0	0	0
Kompetanseutviklingstiltak for samisk	0	0	0	0
Økonomisk tilrettelegging	4 590 750	208	47	161

Kompetansestudier for assistent er ikke tilbudt i Hordaland

Kompetansetiltak tabell 2

	Kompetansemidler til kommuner og barnehager
Midler brukt	5 946 652
Antall barnehagemyndigheter som har fått midler	33
Antall kommunale barnehager som deltar i tiltak	260
Antall ikke-kommunale barnehager som deltar i tiltak	222
Antall barnehager deltatt på tema: pedagogisk ledelse	466
Antall barnehager deltatt på tema: språkmiljø	247
Antall barnehager deltatt på tema: realfag	241
Antall barnehager deltatt på tema: barn med særslite behov	212
Antall barnehager deltatt på tema: læringsmiljø	263
Antall barnehager deltatt på tema: danning og kulturelt mangfold	241
Antall barnehager deltatt på tema: annet	0

Kompetansetiltak tabell 3

	Midler brukt
Regionale rekrutteringsnettverk og fagsamlinger	181 652

Kompetansetiltak tabell 4 - Hordaland

	Kompetansemidler til ikke-kommunale barnehageeiere
Midler søkt	18 941 890
Antall barnehageeiere som har søkt midler	22
Antall barnehageeiere som har fått midler	16
Antall fylker som har deltatt	14
Antall kommuner som har deltatt	53
Antall barnehager som har deltatt	306
Antall barnehager deltatt på tema: pedagogisk ledelse	47
Antall barnehager deltatt på tema: språkmiljø	73
Antall barnehager deltatt på tema: realfag	133
Antall barnehager deltatt på tema: barn med særslite behov	0
Antall barnehager deltatt på tema: læringsmiljø	141
Antall barnehager deltatt på tema: danning og kulturelt mangfold	0
Antall barnehager deltatt på tema: annet	0

Mange barnehagar deltar på fleire tiltak

Rapporteringskrav 7.3.8.7

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort skriftlig kvalitativ vurdering av arbeidet med kompetansutvikling i fylket. Dette gjelder både for strategi for etter- og videreutdanning og for strategi for etter- og videreutdanning for ansatte i PPT.

I vårt arbeid for kompetansutvikling nyttar vi i det hoodsaklege to innfallsvinklar. Den eine er å informere om nasjonalt vedtekne strategiar og tilbod. Dette er eit arbeid vi ser det er lett å undervurdere. Det er krevjande å få informasjon heilt ut, og det betyr at vi må bruke fleire kanalar, at informasjonen må gjentakast og at den og må tilpassast. Som eit døme har vi difor arrangert faste møtepunkt mellom rettleiarane i UiU, med skoleeigarane, til saman 5 møtepunkt i 2016. Det viser seg og at det er viktig å kople informasjon og innhaldet i kompetansetilboda til nasjonale overordna mål for sektoren. Desse samanhengane er ikkje alltid tydelege

for kommunane, og difor kan det og bli noko tilfeldig kva satsingar og tilbod kommunane deltek i.

Ein annan viktig innfallsvinkel er (jf avsnittet over) å synleggjere tilstanden i fylket og i kommunar. Til dømes vi resultat frå elevundersøkinga kunne synleggjere aktuelle tema for kompetanseutvikling i einiskildkommunar eller i fylket som sådan. Vår erfaring er at mange kommunar sjølv gjer denne typen tilstandsvurderingar som grunnlag for innrettinga på etter- og vidareutdanning. Andre kommunar i mindre grad.

Vi har, dei siste åra valt å prioritere skuleeigarrolla og rolla som barnehagemynde i våre faste samlingar med kommunane. I samband med fornying av læreplanar meiner vi at lokalt arbeid med lærplanar og forståinga av kompetanseomgrepet må få høg prioritet. Her må sektoren på alle nivå utfordre seg sjølv og kvarandre. På same viset vil ny rammeplan for barnahge krevje mykje for å omsettast til ein praksis med god og likeverdig kvalitet i barnehagane vere avgjerande.

PP-tenesten har sers ujamn kvalitet. Vi vil legge vekt på at pp-leiarane er inkludert i alle våre samlingar som gjeld fornying av læreplanar, ny rammeplan og nytt regelverk om skulemiljø.

Rapporteringskrav 7.3.8.8

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjøre rede for i hvor stor grad de kommuner med lav kvalitet og kompetanse på barnehage- og grunnopplæringsområdet som er fulgt opp, har økt sin kvalitet og kompetanse, og videre hvilke virkemidler og tiltak som har hatt god effekt.

Fylkesmannen er i ein kontinuerleg intern diskusjon for å finne den rette innfallsvinkelen og dei rette markørane for å konkludere med kva kommunar som har særleg lav kvalitet og kompetanse, og som på det grunnlaget skal få særskilt oppfølging. Dette er ikkje enkle vurderingar.

På nokre område, som til dømes den forståinga som blir synleggjort gjennom klagebehandling i 9a-3 saker, vender vi oss til kommunane og tilbyr kursing. Dette kan vere kommunar som ikkje har utslag i negativ retning i elevundersøkinga, men, når ein konkret situasjon oppstår, likevel handterer saker dårleg. Vår tilnærming på dette området har vore å a) vere heilt klar med skoleeigarnivået at vi grip inn i alle saker som blir gjort kjent for oss, at vi då tilbyr kursing og rettleiing og at vi b) krev løpande orientering om kommunen sin oppfølging av sakene. Vi har fått tilslutning og aksept for vår praksis i desse sakene.

I nokre kommunar er vi på generell basis i tvil om kommunenivået har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet. Like fullt, så kan tilbodet som blir gitt i skolar og barnehagar vere godt. Vi får få og ingen klager, ikkje uromeldingar frå innbyggjarar og presse og tilsyna viser lovleg praksis. I andre kommunar meiner vi kommunenivået er godt bemanna, men like fullt finn vi lovbrøt i tilsyna våre og vi får uromeldingar og klagesaker.

Når dette er sagt så ser vi at det er nokre få kommunar som slit med repeterande problem, og der vi ikkje ser at informasjon og rettleiing ikkje betrar handsaminga på kommunenivå. Vi meiner vi har 1 - 2 kommunar i denne kategorien. Dialogen med kommunenivået er krevjande. Ikkje primært fordi det er uvilje, men meir fordi sjølv forståinga av rollene som skoleeigar og barnehagemynde ikkje er god. Dette er eit tema vi skal adressere til embetet si barn og unge gruppa, for å få eit meir utfyllande bilete og ei felles drøfting om kva og korleis vi kan bidra på ein konstruktiv måte.

Rapporteringskrav 7.3.8.9

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi tilbakemelding på kontroll av foreløpig rapport fra BASIL av antall minoritetsspråklige barn i barnehage – tall per 15.12

Rapporteringskravet er falt bort.

Rapporteringskrav 7.3.8.10

Rapportere på

Fylkesmannen i Hordaland skal rapportere på antall deltakere i opplæring innenfor kriminalomsorgen, fordelt på de med rett til opplæring jf. opplæringsloven kap. 4A, og øvrige deltakere.

Tal frå 2016 er ikkje klare før i mars/april. Då er informasjonen levert frå fylkeskommunane. Tala er då kvalitetsikra og bearbeidd og den endelege årsrapporteringa blir klar. Dette har vore praksis over fleire år og er særleg forklart ved at fylkeskommunane sine skuleadministrative system ikkje har ein funksjonalitet som gjer det mulig å fange desse tala inn i den eksisterande løysinga. I den nye

felles administrative løysinga skal dette problemet vere handtert.

Vi må difor, i denne samanheng, rapportere inn tala frå 2015 (i påvente av endelege tal frå fylkeskommunane, som altså skal ligge føre i mars/april).

I 2015 var det totalt 10 584 deltakarar/elevlar som fekk tilbod om opplæring i fengsla.

Kor mange av desse som har rett til opplæring, har ikkje fylkeskommunane sikre tal på. Vi må anta at dei fleste har, eller etter sakkunnig vurdering, ville hatt rett til opplæring. Ei forskargruppe ved UiB har konkludert med at nær 60 % av innsette i norske fengsel har rett på opplæring, men at det av denne gruppa er 28,5 % som ikkje nyttar seg av opplæringsretten.

Rapporteringskrav 7.3.9.1

Rapportere på

Rapporter på antall årsverk i fylkesmannens landbruksavdeling per 31.12.2016, og antall årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene per 31.12.2016, samt antall enheter/landbrukskontor i kommunene i fylket.

Landbruksforvaltninga i kommunane, tal årsverk pr.31.12. 2016;

Totalt 40,6 årsverk - fordelt på 22 kontor

Samarbeid mellom kommunane skjer mellom fylgjande kommunar - kommunen som er utheva har kontorstaden;

- **Fitjar**, Stord, Austevoll
- **Fusa**, Os, Samnanger, Tysnes
- **Ulensvang**, Odda, Eidfjord
- **Radøy**, Austrheim, Fedje
- **Meland**, Modalen

Samla ressurs på landbruk hos Fylkesmannen i Hordaland pr. 31.12.16 var på **19,5 årsverk** - i tillegg har vi prosjektleiar for Føregangsfylke økologisk frukt og bær i 90 % stilling lønna av Landbruksdirektoratet.

Rapporteringskrav 7.3.9.2

Rapportere på

Rapporter på bruk av midler over kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til kommunerettet arbeid, inkludert en regnskapsmessig fremstilling.

Fylkesmannen har tett kontakt med kommunane og har brukt midlane over kap.1144 post 77 til kompetanseoppbygging for kommunane og tiltak knytt til konkrete prosjekt i kommunane.

- Samling for alle kommunane ift produksjonstilskot i landbruket. Nytt regelverk, nye signal ift jordbruksoppgjeret 2016.
- Landbrukskonferanse - kommunane og partnerskapet. Samling for om lag 90 stk, FM brukte midlar til reise og opphald for eksterne foredragshaldarar
- 3 regionale samlingar for kommunane om miljøvirkemidlane - Tema RMP, Smil, vassforskrifta, kart og Gis - fordelt i fylket. Stort oppmøte, gode faglege diskusjonar
- Kurs og informasjonsdag for kommunane med tema jordlov og konsesjonslov.
- Skogsamling for kommunane. Bredt tema på skogsida, godt oppmøte frå kommunane
- To regionale næringsssamlingar i 2016, ein med tema tradisjonelt jordbruk, ein med tema nye næringar. Tett samarbeid med partnerskapet (IN og HFK).
- Det blei i 2016 utarbeidd ei handbok for kommunane om rolla som rettleiar i møte med brukarane. Det blei brukt midlar til kjøpa av tenestert ift oppsett og layout
- Støtte til prosjekt om IpT på tvers av kommunane i Nordhordland (3 kommunar). Prosjektet er fokus på tverrgående aktivitet mellom landbruk / helse /utdanning.
- PT-samling i kommunane kr 5 726,-
- Kommunesamling 2016 kr 32 784,-
- Regionale samlinga kr 4 514,-
- Samling jord- og konsesjon kr 2 043,-
- Skogsamling for kommunane kr 7 832,-
- Regionale næringsssamlingar kr 14 437,-
- Fagtur for kommunane kr 47 425,-
- IpT, Samarbeidsprosjekt Nordhordland kr 60 000,-

- Handbok for kommunane, næringsutvikling kr 25 000,-

Samla blei det brukt kr 199 761 kroner.

Rapporteringskrav 7.3.9.3

Rapportere på

Gi en kort beskrivelse av arbeidet med saker etter naturmangfoldloven, verneplaner, energisaker og konsekvensutredninger som berører landbruk.

Naturmangfoldlova gjer seg gjeldane i sakshandsaminga på landbruksområdet. Dette gjeld saker knytt til SMIL-ordninga, tilskot ift landbruksvegforskrifta og saker knytt til nydyrking. Fylkesmannen nyttar lova aktivt i dei sakene på landbruksområdet der vi fattar vedtak som førsteinstans.

Fylkesmannen har også i fleire saker følgd opp kommunale vedtak kor det ikkje i tilstrekkeleg grad har blitt tatt omsyn til - eller dei ikkje har vurdert saka etter prinsippa som følgjer av §§8-12 i kap. II i naturmangfoldlova. Her har vi oppheva vedtak med heimel i forvaltningslova § 35, og saker er sendt tilbake til kommunen for ny handsaming. For å føre kontroll med at merknader frå Fylkesmannen faktisk er blitt følgd opp, får vi tilsendt nytt vedtaket frå kommunen. Dette arbeidet vert gjort i samarbeid med miljø- og klimaavdelinga.

Når det gjeld verneplanar, energisaker og konsekvensutreiingar der tiltak vil kunne ha verknad for landbruk, bidrar landbruksavdelinga med kompetanse, innspel og merknader i dei faste fellesmøter i regi av kommunal- og samfunnsplanavdelinga. Enkelte saker kan vere så omfattande at landbruksavdeling gir eigen uttale som blir tatt med i fellesuttalen - som t.d. plassering av ny godsterminal i Bergensområdet.

Rapporteringskrav 7.3.9.4

Rapportere på

Rapporter på omfanget av skogbruksplanlegging med miljøregistreringer

Innanfor skogbruksplanlegging har det i 2016 vert løyvd tilskot til to forprosjekt. Dei to forprosjekta gjeld kommunane Meland, Lindås, Radøy, Kvam, Jondal og Samnanger. Ein ventar at forprosjekta vert ferdige våren 2017 og startar hovudprosjekt hausten 2017. Arbeidet med Hovudplan skogsveg har avdekket store manglar i kunnskapen om skogressursane i Hordaland. Trongen for nye takster er særlydvis høve sertifisert tømmeromsetnad. Dei utvalde kommunane med forprosjekt har ikkje MiSregistreringar. Nytt prosjekt «eigedomsoverbyggande skogforvaltning», er initiert, det vil krevje oppdatert kunnskap om skogressursane i dei tre aktuelle prosjektområda som er tenkt med i prosjektet. Dei tre områda ligg i kommunane Voss, Bergen og Fusa.

Rapporteringskrav 7.3.9.5

Rapportere på

Beskriv kort arbeidet med klimatililtak innanfor landbrukssektoren, og gi en vurdering av måloppnåelse for miljøvirkemidlene.

Biogassproduksjon er peikt på som eit effektivt tiltak for redusert utslipp av klimagassar frå Hordaland. Vi fekk difor i 2016 laga ein oversikt over moglege lokaliseringar av biogassanlegg, kopla til kor det er manglande lagerkapasitet for husdyrgjødsel: <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Behov-for-a-investere-i-lagerkapasitet/> Prosjektet var samarbeid med Hordaland fylkeskommune, gjennom Klimaplanen deira. (Tiltak 6.2 http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/natur-og-klima/handlingsprogram-klima_2016.pdf) Det blir arbeid vidare med meir konkret biogassprosjekt i ein kommune. Lagring og bruk av husdyrgjødsel har òg vore tema på møte med kommunane, både med tanke på klima og vassmiljø. I samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Norsk Landbruksrådgiving Vest har vi òg starta opp to klimarelaterte prosjekt om kortreist frukt og kortreist grønnsaker/potet.

Fôrproduksjon i utmark - mindre klimagassutslipp: Å erstatte noko av grovfôret eller kraftfôret med utmarksbeite har potensiale til å redusere klimagassutslippa. Årsaka er mellom anna å produsere fôr utan bruk av mineralgjødning med tilhøyrande utslipp av lystgass. For å få positiv effekt, er det ein føresetnad at tilveksten på dyra ikkje blir redusert då dette vil auka framføringstida og metanutslipp frå fordøyning. Her har vi kjørt prosjekt (Landskap i drift II) der om lag 15 områder har fått støtte til eks. gjerdning og rydding for å legge til rette for vårbeite og haustbeite. I tillegg har næringa gjennom prosjekt Fôringsplassar fått støtte til miljøvennleg beitedrift gjennom 6 pilotforingsplassar for oppsamling av gjødning.

Vi fekk utarbeidd ein rapport frå NIBIO som synleggjer korleis landbruket i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal kan møte klimaendringane. <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Korleis-kan-landbruket-mote->

[klimaendringar/](#). Vi har òg støtta prosjektet Hordaklim [Tiltak 7.1 same dokument], som skaffar lokale klimadata til nokre pilotkommunar, mellom anna til bruk i landbruket.

Klimamidlane har gått til 11 klima- og miljø prosjekt. Desse fordeler seg slik: biogassprosjekt (1), informasjon og formidling kring drenering av jordbruksjord (3), tiltak i samband med vassforskrifta (2), biologisk mangfald (2), kompostering av hestemøkk (1), klimasmart landbruk og klimaprojekt i samarbeid med Fylkeskommunen(2). Midlane har vore med å løyse ut støtte frå Hordaland fylkeskommunen til fleire viktig prosjekt innanfor klima- og miljø. Desse prosjekta har gjeve nokre svar for landbruket som er viktig for dei utfordringar Vestlandet står overfor med meir nedbør, dårleg drenert jord og eit varmare klima.

Rapporteringskrav 7.3.9.6

Rapportere på

Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll:

Dette området har stor fokus og vi har kort sakshandsamingstid på desse ordningane. Vi har tett kontakt med kommunane og avløyarslag og gjennomfører samlingar for oppdatering i regelverk. Avløyarslaga fungerer svært godt i fylket, Fylkesmannen er til stades for å formidle informasjon på deira årlege samling.

Veterinærtenesta fungerer bra, men det er store utfordringar med å skaffe nye veterinærar til enkelte distrikt i fylket. Ved rekruttering har kommunane utfordringar på dette området. Kanskje det vil vere behov for å sjå på grensene til veterinærdistrikta.

Rapporteringskrav 7.3.9.7

Rapportere på

Gi en oversikt over gjennomførte kontroller og hvordan avvik er fulgt opp, og gi en vurdering av kontrollresultatene. Ressurser avsatt til kontroll skal oppgis, fordelt på årsverk og antall personer.

Kontrollane blei gjennomført som planlagt og lagt opp til i risikobasert kontrollplan. På grunn av mykje sjukdom i starten av året, blei det meste av kontrollarbeidet gjennomført i siste halvdel av året. I 2016 blei det endra vi litt på forvaltningskontrollane i kommunane med at vi kontrollerte færre ordningar i kvart kommune. I hovudsak var det Smil-ordninga som blei kontrollert i tillegg til skogordningane, på den måten fekk vi full fokus og god oversikt over korleis dette arbeidet vert gjennomført i kommunane. Avvika blei presentert for kommunane på sluttmøte i tillegg til at det blei sendt ut førebels rapport som kommunane responderte på. Alle kommunar har gjeve tilbakemelding på korleis dei vil rette opp avvika.

I tillegg til forvaltningskontroll blei det tatt kontroll av føretakskontroll av skogvegar, organisert beitebruk, tidlempensjon og friskare geiter (overførast også til 2017). Kontroll av ordninga friskare geiter var mykje arbeid, uklart regelverk både for bonde og for oss. På grunn av uklart regelverk er det generelt lite aktuelt å trekke inn midlar.

Når det gjelder **vedlikehaldskontroll skogsvegar** har vi følgjande erfaring;

Det ble utført vedlikehaldskontroll av skogsvegar i 5 kommunar i 2016; Voss, Lindås, Tysnes, Kvam og Ullensvang. Tilsaman vart det kontrollert 20 anlegg med varierende lengde, frå fleire kilometer veg til enklare velte- og snuplassar. I etterkant er det skrive rapport frå kvart anlegg med oppsummering og kommentarer om kva som bør rettast. Kommunane tek mot rapport frå veglaget når avvik er retta. Største problem med vegane som blei kontrollerte er vatn som ikkje renn dit det skal, og ein gjenganger blant kommentarane på veganlegga var gjengrodde grøfter, tette eller dårleg fungerande stikkrennar. Vidare var det torvdanning på vegskulder som hindra vatn å komme ut av vegbana og ned i grøfta. Manglande slitelag, serskild i hjulspora, vart og kommentert.

Vegeigar eller representant for han, var tilstades på alle anlegga på Voss, i Ullensvang og i Kvam. På Lindås og Tysnes var det i nokre tilfelle berre skogbrukssjef som var tilstades.

Eit anlegg på Tysnes blei kontrollen utsett til 2017, då det køyrast ut tømmer på vegen og skogeigar ønska hjelp med å få sett vegen i stand etter drift. I Ullensvang blei to vegar trekt ut, men dei er del av same anlegg og vart kontrollert under eitt.

Det kom ein klage på synfaring rapportene som vart sendt ut. Dette gjald Baståsvegen i Lindås, der eigar ikkje hadde motteke utsendt varsel. Dette vart løyst med ny synfaring i lag med eigar, der vi vart samde om kva som måtte gjerast med vegen.

Ved start av kvar synfaring har underteikna orientert om bakgrunn for kontrollane og kva pliktar vegeigar har når han har teke mot tilskot.

Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll;

Samla ressursbruk på landbruksavdelinga på kontroll er på om lag 2 årsverk fordelt på 6 personer.

Rapporteringskrav 7.3.9.8

Rapportere på

Utarbeid oversikt over og gi en vurdering av klager og dispensasjonsøknader behandlet av fylkesmannen for samtlige tilskuddsordninger på landbruksområdet der kommunen er førsteinstans.

Produksjonstilskot:

I 2016 hadde Fylkesmannen 12 klager gjeldande utbetaling av produksjonstilskot. 3 klager fekk medhald og 9 fekk avslag. I løpet av året betalte Fylkesmannen ut tilskot til 134 føretak etter klager der kommunen innvilga søknad om produksjonstilskot og utbetaling.

Det var totalt 10 dispensasjonssøknader, der 7 fekk medhald og 3 fekk avslag. Dispensasjonssøknadane gjaldt blant anna fritak frå kravet om å driva vanleg jordbruksproduksjon og utsetjing av søknadsfristen.

Avløsning ved sykdom og fødsel mv.

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	0	6	0

Disp. gjeld: Ny brukar og for låg næringsinntekt §3, 2 personer har fått samtidig tilskot på same gard §2

Produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
137	0	9	7	3

Klaga – medhald ved manuelle utbetalingar i 2016: 134 stk., Gjentakande problemstilling: Gardskart og LReg samsvarar ikkje med opplysningane frå bonden.

Regionale miljøtilskudd

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
2	0	4	15	0

Av 15 dispensasjonar fekk 9 fritak fra gjødselplan og 6 fekk utsatt frist.

Ressurser avsatt til kontroll skal oppgis, fordelt på årsverk og antall personer

Antall personer	7.0
Antall årsverk	2.0

SMIL

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	1	0	0

Tidligpensjon for jordbrukere

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	0	1	0

Øvrige tilskuddsordninger

Klager - medhold	Klager - delvis medhold	Klager - avslag	Dispensasjoner - innvilgelse	Dispensasjoner - avslag
0	0	0	3	0

Desse 3 dispensasjonane gjeld "Veterinære reiser" - utgått innleveringsfrist for søknader med akseptabel grunngeving.

Rapporteringskrav 7.3.9.9

Rapportere på

Gi en oversikt over

- Antall mottatte redegjørelser fra kommunen for avkorting av tilskudd (kopi av brev som er sendt søker), samt antall kommuner som har sendt dette.
- Antall mottatte redegjørelser fra kommunene i saker hvor det ikke avkortes selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse skal sendes FM i PT-4100B), samt antall kommuner som har sendt dette.

Tal avkortinger er rekna ut frå søknadsomgongen august 2015 og januar 2016.

Her er tala 66 avkortinger med grunngjeving frå 19 kommunar og 40 grunngjevingar for ikkje å avkorta frå 14 kommunar. Fylkesmannen sendte epost til alle kommunane og ba om innsending av rapport PT-4100B med avkortinger. Dei fleste kommunane svarte innan fristen Fylkesmannen sette, medan nokre kommunar måtte purre på. Enkelte kommunar avkorta ikkje, medan andre avkorta fleire føretak. Nokre kommunar sender heller ikkje grunngjeving for kvifor dei valgte å avkorte eller ikkje avkorta føretak på PT-4100B lista, men førte kun på sum på skjemaet.

Det var stort sjukefråvær for dei som jobba med tilskot i starten av 2016, så det kan henda nokre saker ikkje er komme med her.

Avkortning av tilskudd

	Antall mottatte redegjørelser	Antall kommuner som har sendt redegjørelse
Redegjørelse fra kommunen for avkorting av tilskudd (kopi av brev som er sendt til søker)	66	19
Redegjørelse fra kommunen i saker hvor det ikke avkortes selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse i PT4100B)	40	14

Rapporteringskrav 7.3.9.10**Rapportere på**

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart skal det gis en oversikt over:

- Hvilke tiltak som er gjennomført for å ivareta landbruksinteressene i det regionale kartsamarbeidet.
- Eventuelle kommuner i fylket som ikke har ajourført AR5 og sendt nye jordregisterfiler til Landbruksregisteret (Lreg).
- Eventuelle utfordringer kommunene har med ajourføring av arealressurskart (AR5).

Fylkesmannens landbruksavdeling har delteke i planleggingsmøter for nye geovekstprosjekt og spilt inn presiseringar til fylkesgeodataplanen som beskriver geovekstsamarbeidet. Vi har også kontrollert at kostnadsdelingsnormen blir overhalde mht landbruket sin partsandel i prosjekta og at prioriteringane i kvart prosjekt ivaretar landbruket sine behov. Særleg gjeld dette prosjekt med laserscanning tilpassa skogbrukstaksering.

Av dei 33 kommunane i Hordaland er det 14 kommunar som ikkje har ajourført AR5 og LREG. Dette er kommunane Bergen, Etne, Jondal, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Os, Austevoll, Sund, Modalen, Øygarden, Radøy, Fedje og Masfjorden. Dette er ei lita betring i forhold til 2015 men likevel for mange i forhold til forventningane og krava som har vore tydeleggjort frå fylkesmannen til kommunene. Samtidig blei det i 2016 føreteke periodisk ajourhold av 6 av kommunane som ikkje gjennomførte kontinuerleg ajourhald i kommunal regi. Samla var det altså 8 kommunar kor AR5 ikkje blei oppdaterte i sentral base. Fylkesmannen har i 2016 hatt AR5 som eit sentralt punkt på agendaen på samtlege regionale landbrukssamlingar. Det har også blitt sendt ut utfyllande informasjon omkring status og krav til kommunen sitt ansvar for å oppdatere AR5, i etterkant av desse samlingene. I tillegg har det vore direkte kontakt mot ein rekke kommunar for å informere og bistå med arbeidet.

Den gjennomgåande utfordringa i kommunene som slit mest med ajourføring, er samarbeidet mellom ulike avdelingar som jobber med hhv landbruk og kart/teknisk. Det ser ut til at det fortsatt er for dårleg samhandling og forståing for å jobbe tettare saman når det gjeld AR5. I tillegg later det til at kommunar som ikkje har samlokalisert desse avdelingane har svakare kommunikasjon omkring utfordringane som oppstår.

Kartsamarbeid

Rapporteringskrav	Kort redegjørelse (stikkord)
a. Hvilke tiltak er gjennomført for å ivareta landbruksinteressene i det regionale kartsamarbeidet.	Planleggingsmøter for nye geovekstprosjekt, innspel til fylkesgeodataplanen, kontroll kostnadsdelingsnorm i prosjekta
b. Eventuelle kommuner som ikke har ajourført AR5 og sendt nye jordregisterfiler til Landbruksregisteret (Lreg).	14 av 33 kommunar har ikkje ajourført AR5 og LREG. litt forbetring i forhold til 2015. Periodisk ajourhold av 6 som ikkje gjennomførte kontinuerleg ajourhold. AR5 har vore sentralt tema på regionale samlingar. Har sendt utfyllande info. ut om status og krav + direktekontakt mot fleire kommunar om temaet.
c. Eventuelle utfordringer kommunene har med ajourføring av arealressurskart (AR5)	Dei som slit mest med ajourføringa har lite samarbeid mellom dei som jobber med landbruk og kart/teknisk, for dårleg samhandling, for lite forståing for arbeidet, ikkje samlokaliserte avdelingar.

3.3 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Embetet har i 2016 hatt eit mindreforbruk på kr. 2 889 058,- på vårt driftskapittel 0525 01.

Vi varsla KMD i samband med økonomirapporteringa pr. 2. kvartal 2016 at vi styrte mot eit mindreforbruk på rundt 3. mill. Dette for å kunne møte behov knytt til omstilling som følgje av forventta vedtak våren 2017 om samanslutning av fylkesmannsembete. Vi har i samsvar med tilbakemelding frå KMD styrt mot eit noko nedjustert mindreforbruk. Vi har i tillegg hatt vakanse i fleire stillingar andre halvår 2016 som det har vore vanskeleg å omdisponere midlar for, og som har gitt oss ei uventa innsparing på slutten av året.

Tildelingsbrev og dei faste lovpålagde oppgåvene inneheld samla sett fleire oppgåver / aktivitetar enn vi har ressursar til. Innanfor alle fagområda må vi gjere prioriteringar og tilpasse oppgaveløysinga til ressursane. Dei viktigaste oppgåvene blir prioriterte. Vi meiner at ressursbruken i 2016 har vore effektiv, og at vi i stor grad har nytta midlane våre i samsvar med oppdragsgevar sine forventningar. Dei årlege reduksjonane i budsjettet knytt til ABE-refoma er merkbare og som følgje av dette må vi gjere justeringar av stillingar og drift. Trass ressursituasjonen har medarbeidarane våre innanfor dei fleste område klart å innfri krava til høg kvalitet og saksbehandlingstid.

Vi har ei stabil bemanning og turnover i 2016 var på 3,52%. På driftskapittel 525 post 01 er lønsandelen av driftsutgiftane på 78,5%, og husleigeandelen av driftsutgiftane utgjer 18%. Totalt er 96,5% av embetet sine driftsutgifter knytt til faste utgifter, jf. nøkkeltall i kap. 2 i årsrapporten.

Vi har tidlegare meldt tilbake at det er ei betydeleg utfordring for økonomistyringa at ikkje alle midlar vert tildelte i budsjettkap. 0525. Skal Fylkesmannen ha fullt handlingsrom og kunne drive så ressurseffektivt som mogleg, må alle stillingar inn i kap.0525, og dei må vere fullfinansierte når dei vert lagt inn.

Ressurssituasjonen innan verjemål: Dei ekstra tildelingane vi fekk i 2016 har vore heilt naudsynte for ei forsvarleg drift og at vi klarte å balansere budsjettet. Vi har ved fleire høve meldt tilbake ei bekymring for ressurssituasjonen for verjemålsforvaltninga. Grunntildelinga er for låg, og vi er underfinansierte sett i lys av saksmengde og sakskompleksitet. Før drifta av verjemåls-oppgåvene blir overført til budsjetttramma på budsjettkap. 0525, er det særskild viktig at det blir gjort grundig analyse av ressursbehovet og at det vert sikra at oppgåvene vert fullfinansiert. Den knappe ressursituasjonen på område gjer at vi ikkje kan ta administrativ kostnadsdekning i samsvar med retningslinene, dette får igjen konsekvensar for heile drifta av embetet.

Vi har i 2016 hatt eit høgt aktivitetsnivå innanfor alle departement- og resultatområde.

Kommentarer til ressursrapporteringa

Helse- og omsorgsdepartementet: Auking på kapittel 0525, samt reduksjon på belastning på fagdepartement, i samband med pasient og brukerrettighetsloven som ei permanent overføring.

Justis- og beredskapsdepartementet: Lågare ressursbruk på 0525 har si forklaring i personalmessige tilhøve og mellombels vakanse. Årsaka til den store auken i bruk av fagmidlar i 2016 er mellombels styrkinga på verjemålsområdet grunna flyktningssituasjonen, og styrking av sikkerhets og beredskapsarbeid.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Større ressursbruk på 0525 skuldast auking i husleige- og felleskostnader, lønnsvekst og generell prisøkning, styrking av stab, samt nokon nødvendige investeringar og oppgraderingar i 2016.

Kunnskapsdepartementet: Noko lågare ressursbruk på kap 0525 skuldast auka bruk av fagmidlar i 2016.

Det er elles ikkje vesentlege differansar i ressursbruken mellom 2015 og 2016 som ikkje kan forklarast ut frå årlege variasjonar, normal lønns- og prisvekst, vakanse og personalmessige tilhøve.

Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2016	Fagdep. 2016	Kapittel 0525, 2015	Fagdep. 2015
Arbeids- og sosialdepartementet	3 264 801	942 266	2 659 536	1 328 951
Barne- og likestillingsdepartementet	5 167 978	1 679 026	4 702 213	1 451 652
Helse- og omsorgsdepartementet	17 435 739	6 034 169	16 768 463	7 514 501
Justis- og beredskapsdepartementet	4 220 322	13 998 202	5 575 015	12 309 370
Klima- og miljødepartementet	13 326 331	2 640 342	13 125 739	2 803 114
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	47 714 523	2 444 802	44 394 354	2 308 221
Kunnskapsdepartementet	9 021 150	13 299 698	9 484 108	12 997 013
Landbruks- og matdepartementet	12 303 666	0	12 284 399	0
Andre	372 736	0	339 916	0
Sum	112 827 246	41 038 505	109 333 743	40 712 822

3.4 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Embetet er styrt ressurseffektivt, med kontinuerleg merksemd og avveging av bruken av ressursar på dei einskilde områda og oppgåvene. Vi har løyst samfunnsoppdraget med god måloppnåing innanfor dei rammene vi har hatt.

Rekneskapsresultatet vårt er i samsvar med prognose i tertialrapporteringa i 2016. For embetet sitt rekneskapsresultat for alle kapitlar/postar viser vi til årsrekneskapet i kapittel 6.

3.5 Andre forhold**Apostillestempel på dokument**

Arbeidet med apostillesaker vert utført over disk i vårt servicesenter. I 2016 hadde vi 4 787 apostiller til behandling.

Innsyn

Vi hadde i fjor totalt 5005 krav om innsyn til behandling. Dette er nær ei dobling av talet på innsynskrav frå 2015. Krav om innsyn skal behandlast utan ugrunna opphald, og desse sakene krev mykje tid og ressursar i embetet.

4 Styring og kontroll i embetet

4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging

Fylkesmannen har mål- og resultatstyring som grunnleggande styringsprinsipp. Styringa skal vere heilskapleg og tilpassa risiko.

Den overordna styringa i embetet skjer gjennom leiargruppa i laiarmøte og verksemdplan. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. Vi har utarbeidd eit styringshjul som sikrar at vi har god styring og kontroll gjennom året. For å få ei heilskapleg leing så har det vore viktig å knytte seksjonsleiarane tettare til leiargruppa. Vi gjennomfører fire faste leiarmøte i året for den utvida leiargruppa.

Med utgangspunkt i dei sentrale styringsdokumenta utarbeidd vi verksemdplanar som gir ein samla oversikt over årlege mål og resultatkrav. Verksemdplanen er eit viktig styringsverktøy for den samla aktiviteten i embetet, og ein reiskap for å følge opp og sikre at oppdraga blir utførte. I samband med verksemdplanarbeidet gjennomfører embetet risikovurderingar av kritiske faktorar knytt til å nå hovudmåla i oppdraga. Risiko på dei ulike områda vert vurdert i samband med gjennomgang av VP. Leiargruppa gjennomfører ein samla risikovurdering i leiarmøte. Det er utarbeidd eigen retningsline for risikostyring i embetet som skal ligge til grunn for arbeidet med verksemdplanen i avdelingane og i embetet.

Vi arbeider i hovudsak med verksemdplanen frå desember til februar, men dette er eit levande dokument som vi endrar underveis i året ved behov. I den årlege prosessen med verksemdplanen blir det lagt opp til tett involvering og deltakelse frå medarbeidarane.

Embetet har god økonomistyring, effektiv saksbehandling og god måloppnåing innanfor alle fagområde. Sektorovergripande oppgåver skal løysas gjennom samarbeid mellom aktuelle fagavdelingar i embetet. Embetet har stor merksemd på samordning innan og mellom avdelingar, t.d. innan landbruk, plan og helse-, sosial-, barnevern, utdanning og verjemål. Vi viser her m.a. til den interne koordineringa av arbeidet med t.d. barn og unge, tilsyn, planarbeid, folkehelse i plan.

Embetet har hatt følgjande prioriterte fellessatsingar i 2016:

1. Barn og unge - prosjekt
2. Kommunereforma
3. Busetting av flyktningar
4. Kompetanseutvikling – med felles kompetanseplan og utvikling av «Fylkesmannsskulen»

Vi har eit styringssystem som er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Her har vi ei rekkje skriftlege rutinar, til dømes for delegering, innkjøp, varsling, instruks for økonomiforvaltning, helse, miljø og tryggleiksarbeid og mykje anna. I instruks for økonomiforvaltning har vi innarbeidd gode rutinar for å sikre oss mot mishald, til dømes ved at alle utbetalingar vert attesterte og godkjende av to personar.

Vi gjennomfører to allmøte årleg. I fjor var varsling, etikk og yringsfrihet tema for det fyrste allmøte. I det siste allmøte var tema kommunane – lokalt handlingsrom og nasjonal integrasjon, kommunereforma i Hordaland, fylkesmannsreforma, FMFA og NIVI-rapport 2016:2: «Ei dør til staten for kommunane».

4.1.1 Embetets risikostyring

Risikostyring er integrert inn i verksemdplanarbeidet og i leiargruppa sitt arbeid gjennom året. Embetet har rutinar for rapportering om vesentlege risikofaktorar i leiargruppa. Gjennom verksemdplanlegginga og oppfølging av denne, skal risiko for manglande måloppnåing vurderast. Avdelingsdirektørane skal gjennomføre systematiske risikoanalysar innan sine ansvarsområde. Leiargruppa gjennomfører fire gonger i året risikovurderingar på overordna nivå.

Det overordna risikobilde har ikkje vore kritisk i 2016, men vi har fleire område kor vi har sett inn tiltak:

1. Verjemål
2. Tilskotsforvaltning
3. Beredskap
4. Busettingsprosjektet
5. Flyktningssituasjonen

Grunna tiltak som er sett i verk, har fleire av punkta i løpet av året fått justert ned risiko og er kvittert ut.

Embetet har teke i bruk Risk-manager innanfor modulane dokumentstyring og avvikshåndtering.

4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi har utarbeidd eit internt styringssystem som inneheld alle interne styringsdokument og våre interne retningsline (internkontroll). Som ein del av systemet er m.a eit delegeringsreglement som tydeleggjer ansvar og roller i embetet. Styringssystemet ligg tilgjengeleg for alle tilsette intranett. I 2016 tok vi i bruk Risk Manager som system for vår internkontroll for informasjonstryggleik. Dette betyr at vårt manuelle avvikssystem er erstatta med eit elektronisk løysing som også ivaretar ei anonym varsling.

Vi har utarbeidd ein årsplan for styring og kontroll der det m.a går fram når leiargruppa skal planlegge, ha budsjettoppfølging, risikovurdere, følge opp og rapportere tiltak for å sikre god ressursutnytting og måloppnåing.

Leiinga vurderer at styringssystema samla sett fungerer godt, og at det er god styring og kontroll i verksemda.

I denne vurderinga er det lagt vekt på:

- Embetet sin evne til å nå dei mål og resultat som er sett i virksamhets- og økonomiinstruks og i tildelingsbrev
- Embetet sin evne til effektiv ressursbruk innanfor tildelte midlar
- Økonomistyringa i embetet
- Kontroll med risikomoment og risiko er innanfor aksepterte nivå

Vi har ei sørviserklæring kor vi har definert forventa sakshandsamingstid for dei viktigaste utoverretta tenestene mot brukarane.

4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet

Embetet har stabil bemanning med kompetanse som er godt tilpassa oppgåvene. Vi har spesialistkompetanse på fleire fagområde, og vi har tilsette som vert nytta i særskilte oppdrag av departement og direktorat. Det er generelt god søking til ledige stillingar, og vi har låg turnover. Vi dreg god nytte av å vere lokalisert i kunnskapsbyen Bergen, både når det gjeld å rekruttere kompetanse til embetet og samstundes å gjere seg nytte av den kompetanse som fins på staden når det gjeld dei mange og betydelege kompetansetiljøa.

Som vi har peika på tidlegare så inneheld tildelingsbrev og dei faste lovpålagde oppgåvene samla sett fleire oppgåver enn vi har ressursar til å løyse. På fleire område må vi ut i frå omsyn til kapasiteten gjere stramme prioriteringar, samt forenklingar og effektiviseringstiltak. Vi har også gjort fleire organisatoriske tiltak og endringar dei siste åra med formål å få ein meir ressurseffektiv og samordna organisasjon. Desse tiltaka har hatt god effekt på resultatet, effektivitet og kvalitet i oppgåveløysinga. Det område med størst kapasitetsutfordringar i dag er på verjemålsområde. Fagområde er sterkt underfinansiert og dette får konsekvensar kapasitetsmessig for den øvrige drifta av embetet. Reduksjon av tildeling dei siste åra knytt til avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma er merkbar og vil krevje tiltak med justering av talet på stillingar i embetet.

Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling har i fleire år vore eit prioritert område. Vi har utarbeidd ein kompetansestrategi og kompetanseplan. Vi har hatt eit særskilt fokus på dei nyttilsette og vi har etablert "Fylkesmannsskulen" med fleire obligatoriske opplæringstiltak. Dei siste åra har vi satt inn fleire tiltak for å auke språkkompetansen og den digital kompetanse i embetet. Vi har også tatt i bruk dei e-læringsprogramma som er levert av Difi.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Embetet har oversikt over innkjøp og eigendelar innan inventar, IKT-utstyr, embetsbil og nødvendig utstyr. Samla sett har vi relativt begrensa omfang av materielle eigendelar med vesentleg verdi.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringar, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje kjennskap til andre avdekte svake punkt eller utfordringar. Embetet har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen.

Informasjonstryggleik

Etter revisjon av Riksrevisjonene i 2015 har embetet arbeidd systematisk med å forbetre og vidareutvikle system for tilgangsstyring og tilgangskontroll. Vi nyttar elektronisk tilgangsstildeling til ephorte og andre fagsystem gjennom SAMS - noko som sikrar autensitet og høve til kontroll og dokumentasjon i ettertid. Tilgangskontroll er tema i årleg tryggleiksrevisjon. Embetet har gjennom 2016 arbeidd systematisk med å auke fokus på informasjonstryggleik og har nytta DIFI sine malar for utarbeiding av internkontrollsystem og styringsdokument på området. Embetsleiing, leiargruppe og tryggleiksutvalet er involvert i dette arbeidet.

Vi brukar RiskManager i informasjonstryggleiksarbeidet.

4.2 Rapportering av andre vesentlege forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Vi har ein personalpolitikk som legg vekt på at arbeidsstyrken skal spegla av mangfaldet i folket når det gjeld kjønn, alder, funksjonsevne, religion, nasjonal og etnisk bakgrunn. Det har ikkje vore tatt opp problemstillingar om likestilling og diskriminering.

Vi hadde per 31.12.2016 200 tilsette. Aldersfordelinga syner ein overvekt av kvinner. Dette er ein trend som har forsterka seg dei seinare åra og som embetet har eit ønske om å balansere. I leiargruppa er kjønnsfordelinga jamnare. Når det gjeld aldersfordelinga har vi den klart største gruppa mellom 40 og 50 år, med ein snittalder på 44 år.

Vi har og ei relativt stor medarbeidargruppe over 60 år. Dette meiner vi er eit teikn på at livsfasepolitikken fungerer og at arbeidet med å nå delmål 3 i IA-avtalen om auka pensjonseringsalder er vellukka. Seniorane er ein viktig ressurs for embetet - både fagleg og sosialt. Vi ser at nokre avdelingar har relativt mange i aldersgruppa 62 + - noko som krev planlegging og oppfølging for ikkje å tape for mykje kompetanse samla når denne gruppa tar ut pensjon.

I 2016 var turnoveren på under fire prosent - dette er svært lågt og skuldast nok ein kombinasjon av at Fylkesmannen er ein attraktiv arbeidsplass der medarbeidarane har høve til personleg vekst og utvikling og det stramme arbeidsmarkedet vi har hatt i regionen dei siste par åra. Då vi har relativt mange i mellombelse stillingar og stramme budsjett for 2017, vil vi truleg sjå utskifting i tida framover.

Vi har i tråd med krav frå departementet teke inn lærling for 2016-2018 på IKT-området. Vi vil vurdere å ta inn lærling og på andre område.

Helse, miljø og tryggleik

Vi driv systematisk HMS-arbeid og har utarbeidd eit styringssystem for helse, miljø og tryggleik i samsvar med Internkontrollforskriften. Vi utarbeidd årleg ein kombinert IA/HMS-tiltaksplan med fokus på helsefremjande aktivitetar. Av aktivitetar kan nemmast styrketrening, førstehjelpskurs, treningsrettleiing, «friskdagar», pausetrim, turlunsjar mv.

I tillegg har vi tett oppfølging av sjukmelde og fokus på tilrettelegging av oppgåver og arbeidstid for å hindre full sjukmelding i dei tilfella det er aktuelt. Vi har statistikken for sjukefråvær oppe på leiarmøte kvart kvartal. Avdelingsdirektørane må årleg rapportere og gjere risikovurdering av HMS i eiga avdeling. HMS-rapportane blir handsama i leiarmøte og i AMU. Vi har to IA-møte kvart år saman med tillitsvalde og verneomboda, der vi set fokus på tiltak og utfordringar i IA-arbeidet. Vi har vernerunde anna kvart år med fokus på dei fysiske tilhøva i embetet.

Medarbeidarundersøkinga 2016

Embetet gjennomførte hausten 2016 medarbeidarundersøking med svarprosent på 78%. Vi fekk samla sett bra resultat på dei fleste område, og vi skårar jamnt over betre enn i 2014 på samanliknbare område. Undersøkinga vise også at vi har område vi kan bli betre på, m.a kan vi bli betre i å ta i bruk digitale verkty. Resultata av undersøkinga og den vidare oppfølginga var tema for ei leiarsamling i slutten av november. Tiltaka vil bli innarbeidd i VP for 2017.

Miljøtiltak

Fylkesmannen i Hordaland er miljøfyrtårnsertifisert og må til ei kvar tid tilfredstille relevante bransjekrav innan aktuelle HMT-område. Det inneber m.a å gjennomføre konkrete tiltak for å oppfylle interne miljømål:

- tenkje miljø i kvardagen på alle område
- avfall: kjeldesortere
- papir: redusere bruk av utskriftar
- energi: skru ned temperatur, sløkk lys og slå av PC
- auke bruk av videokonferanse/skype
- transport: reduser jobbreise, til dømes med videokonferanse og ved å velje ein miljøvenleg reisemåte
- innkjøp: gjere miljøvenlege innkjøp

Embetet har ei målsetning om å redusere talet på tenestereiser. Alle tenestereiser skal gjennomførast på billegaste og raskaste måte, og mest mogleg trygt og miljøvenleg.

Vi er med i "Klimapartnarar Hordaland" som er Noregs største offentlege og private nettverk for systematisk klimaarbeid. Ved å vere med i dette nettverket forpliktar vi oss til å tenkje klimaavtrykk, vere miljøfyrtårnsertifisert og lage planar for å redusere utslepp av klimagass. Vi følgjer opp handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Vi har inngått kontrollmedlemskap i Grønt Punkt Norge AS. Med dette set vi krav til leverandørane våre om at dei er medlem av ei returordning for emballasje, eller oppfyller vilkåra ved eiga handsaming av emballasje på ein miljøvenleg måte.

I Statens Hus har vi inngått samarbeid med huseigar Entra Eigendom AS om miljøleingsystem. Vi har saman med huseigar signert "Grøn fordelsavtale" som inneber ein energireduksjon på omlag 250 000 kWh i året for Statens hus. Det svarer til 15 prosent av energiforbruket i bygget. Det er sett i verk tiltak for energisparing knytte til varme og lys, miljøvenleg avfallshandtering og val av miljøvenlege byggjematerialar.

Innkjøp

Vi har eigen innkjøpskoordinator som kvalitetsikrar og rådgjer i innkjøpsprosessar. Vi har utarbeidd innkjøpsstrategi, tenlege rutinar og støttesystem som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket for innkjøp. Vi har i fleire år hatt innkjøpsavtale med Bergen

kommune om reiser, kontorrekvisita, kontormøblar og hotell/konferanseavtale. Disse avtalane vil bli avslutta når vi kan ta i bruk statlege fellesavtalar som vert inngått av Statens innkjøpscenter.

5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

Samordning

Som vi har peika på i tidlegare årsrapportar og fleire stader i årets rapport har embetet vore opptatt av å sjå på eiga verksemd og regional stat med omsyn til å få til betre samordning av den statlege regionale verksemda. Vi opplever også i det daglege utfordringar med ei splitta og fragmentert forvaltning på statsregionalt nivå.

Både busettingsprosjektet for flyktningar og motsegnprosjektet har vist og viser kva fordeler det er mogeleg å oppnå når tilgrensande oppgåveområder vert sett i samanheng, om enn på litt ulikt vis når det gjeld dei to prosjekta. Også det interne arbeidet med samordning av oppgåvene når det gjeld born og unge trekk i same retninga. Vi viser til det som tidlegare er uttalt i rapporten om det.

Vi trur og at det vil vere mogeleg å få til større samordning, med den effekten at tenestene til borgarar og kommunar kan bli meir effektive og betre ved at fleire tilgrensande sider av ei sak blir sett i samanheng. Når staten går inn i ei tid med mindre tilgang til ressursar, trur vi det er her utviklinga av offentleg forvaltning i hovudsak vil ligge - gode, sameinte avgjerder, fatta av kompetente, samordna organ.

Nokre av dei framtidige perspektiva har Fylkesmannen i Hordaland, i samarbeid med Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Rogaland, utvikla i rapporten En dør til staten for kommunene (NIVI rapport 2016:2.). Her er skissert nokre grunnleggjande prinsipp for overføring av oppgåver til fylkesmannen, og på kva måte det kan gjerast.

Digitalisering

Vi meiner at offentleg forvaltning har store gevinstar å hente på ytterlegare digitalisering, mindre ressursbruk og betre tenestekvalitet. Det gjeld fylkesmannens eigen organisasjon, og vi viser til at Fylkesmannen i Hordaland har sett i gong eit digitaliseringsprosjekt i eigen organisasjon når det gjeld dei arbeidsoperasjonane vi sjølv rår over. Vi konstaterer også at det går føre seg ei utvikling i kommunane for å vidareutvikle og harmonisere dei kommunaldigitale systema. Bergen kommune, som er nasjonalt leiande i utvikling av digitale tenester, har inngått i eit nettverk med andre av dei litt større kommunane i fylket, og mellom desse dei fleste som har fatta vedtak om samslåing. Det vert også arbeidd med å spreie røynslene frå dette arbeidet også til andre kommunar.

Verjemål

Utviklinga på verjemålsområdet uroar oss. Vi er ressursmessig dimensjonert til å handtere langt færre verjemål enn det vi i dag har - noko over 5000, og med ein forvaltningskapital på over kr. 2mrd. Dersom ressurstilstanden blir uendra, ser vi for oss at vi i framtida må prioritere hardare, med dei konsekvensane det vil kunne ha for omfanget og kvaliteten for dei som er avhengige av fylkesmannen sine tenester på dette området.

Samanslåing av fylkesmannsembete

Vi stiller oss positive til samanslåing av fylkesmannsembete, av fleire grunnar. Vi finn det tilstrekkeleg å vise til embetet sitt høyringssvar av 14.10.2016 om dette, der omsynet til effektivitet og kvalitet i avgjerdene for brukarane våre er det mest sentrale. Dessutan ser vi også at ei omstrukturering av embeta kan gi ein ikke ubetydeleg gevinstrealisasjon, under føresetnaden av at samanslåingsvedtaka legg til rette for det.

Dessutan er vi også opptekne av at ei framtidig omorganisering av embete også kan danne føresetnadene for ei nytenking om på kva måte eit fylkesmannsembete skal organiserast. I dag fhar dei fleste embeta ei sektororganisering. På bakgrunn av det som er sagt om samordning er det på ingen måte sikkert at det er den mest optimale organiseringa av embete i framtida. Det bør i ein ny organisasjon vere høve til utan fordommar å sjå på andre måtar å organisere på, t.d. samle like oppgåvefunksjonar utan at desse følgjer sektorinndelinga av oppgåvene våre.

I den tida vi har framfor oss med nyorganisering av embetet er vi også opptatt av at vi, parallelt med å omorganisere, også klarer å løyse dei daglege oppgåvene våre like effektivt som til no. Det kan bli ei utfordring.

Dersom eit samslåingsvedtak også blir opplevd som lite hensiktsmessig, uroar vi oss også for tap av så mykje kritisk kompetanse at den daglege drifta vil merke det. Det har vi stor merksemd mot.

5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt

Vi har i pkt 5.1 skildra forhold som blir dekt i pkt 5.1. og 5.2, og føyer ikkje til nok her.

5.3 Andre forhold

Her har vi ingen kommentarar.

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Hordaland.pdf](#)

Leiar sin kommentar til årsrekneskapen 2016

Formål

Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningsline frå Stortinget og Regjeringa vert følgde opp. Fylkesmannen har innanfor dei rammer som blir stilt til disposisjon i tildelingsbrev, embetsoppdrag, fullmaktsbrev og gjeldene regelverk og avtalar, mynde til å iversetje tiltak innanfor sitt område. Fylkesmannen er underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Stadfesting

Årsrekneskapet er i samsvar med «bestemmelser om økonomistyring i staten», rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå «Virksomhets- og økonomiinstruks for Fylkesmannen» fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Rekneskapet gir eit dekkande bilde av Fylkesmannen i Hordaland sine tildelingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigendelar og gjeld per 31.12.2016.

Dei talla som er presentert i oppstillinga til årsrekneskapet gjeld ikkje berre embetet sine eigne driftsutgifter, men inkluderer også alle ordningar embetet har administrert og utbetalt på vegne av fagdepartement og direktorat i 2016.

Fylkesmannen skal gjennom sin økonomi- og verksemdstyring sikre at statlege midlar vert nytta i samsvar med Stortinget sine vedtak og føresetnader, at vi når fastsette mål og resultatkrav, at statlege midlar blir brukt effektivt, og forsvarleg forvaltning av materielle verdiar.

Vurdering av vesentlege forhold mellom tildeling og rekneskap

I 2016 har Fylkesmannen samla disponert tildelingar på drift på kr. 115 751 000,- på kap 525 post 01. I tillegg kjem alle tildelingar og fullmaktar frå andre departement og direktorat som vi har disponert, jf. bevilgningsrapporteringa. Vi har totalt disponert tildelingar og belastningsfullmaktar på utgiftssida på kr. 721 174 277,-. I tillegg kjem opne fullmaktar til m.a. fri retts hjelp, verjehonorar og kontrollkomisjonane.

Fylkesmannen har i 2016 hatt eit mindreforbruk på kr. 2 889 058,- på drift kap. 525 post 01 og eit mindreforbruk på kr. 2 471 198,- på kap. 0525 post 21 som vi søkjar overført til 2017, jf. note B.

Vi varsla KMD i samband med økonomirapporteringa pr. 2. kvartal 2016 at vi styrte mot eit mindreforbruk på rundt 3. mill. Dette for å kunne møte behov knytt til omstilling som følgje av forventade vedtak våren 2017 om samanslutning av fylkesmannsembete. KMD har informert at embeta ikkje kan rekne med ekstra midlar til omstillingsprosessen, men må ta omkostningar over eiga budsjett. Vi har i samsvar med tilbakemelding frå KMD styrt mot eit noko nedjustert mindreforbruk.

Vi har i tillegg hatt vakanse i fleire stillingar andre halvår 2016 som det har vore vanskeleg å omdisponere midlar for, og som har gitt oss ei uventa innsparing på slutten av året.

Mindreforbruket på kap. 525 post 21 – spesielle driftsutgifter - skuldast fleire prosjekt som ikkje vart avslutta i 2016.

Artskontorrapporteringa og tilhøyrande note, vise summen av alle ordningane som Fylkesmannen utbetalar på i tillegg til eige driftskapittel. Auka utgifter på enkelte postar skuldast ikkje nødvendigvis auka aktivitetsnivå på drift av embetet, men utbetalingar frå fullmaktsmidlar. Det som går fram under «utbetaling av lønn» gjeld ikkje berre tilsette hjå Fylkesmannen. Inkludert i beløpa ligg m.a utbetalingar av honorarar til sensorar,

kontrollkommunisjonen og nemdsmedlemmar. Dette talet auka frå 133 772 672 i 2015 til 134 222 028 i 2016, jf. note 2.

Embetet har gjennomsnittleg hatt 200 tilsette i 2016 som utgjer totalt 172,5 årsverk (inkl. ikt-lærling). Vi har fleirtall med kvinner i embetet 62%. Vi har ein stabil bemanning og turnover i 2016 var på 3,52%. På driftskapittel 525 post 01 er lønsandelen av driftsutgiftane på 78,5 %. Husleigeandelen av driftsutgiftane utgjer 18 %, jf. nøkkeltall i kap 2 i årsrapporten.

Vi har ansvar for å drifte Statens hus, og vi er mottakar av alle fakturaer som gjeld Statens hus. Vi har ansvar for å fordele desse kostnadane på dei andre leigetakarane.

Utbetalingar til godtgjering av verje og representantar, samt utbetaling til fri retthjelp har auka i 2016, jf. note 3. Særleg har auken vore stor på utbetaling til verjehonorar. I 2016 har Fylkesmannen teke over utbetalingar knytt til tilrettelagde avhøyr av mindreårige og dette har auka utgifter til godtgjering. I løpet av året har vi fått mange einslege mindre asylsøklarar og flyktingar til fylket, som også har gitt auke i utbetalingar til representantar og verjer.

Verjemål er ikkje rammeoverført til Fylkesmannen sitt driftsbudsjett men har sin driftsramme på belastningsfullmakt frå Justis- og beredskapsdepartementet.

Tilskotsutbetalingane våre har auka. I 2016 utbetalte embetet tilskott for kr. 539 112 691,-. Dette er ein auke frå 2015 på kr. 600 191, jf. note 7. I summen ligg ikkje utbetaling av tilskott for landbruk og bygdeutvikling, da desse blir utbetalt av fagsystemet Saturn.

Utestående med statskassa utgjorde per 31.12.2016 kr. 8 554 609,20. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigedelar og gjeld det utestående er samansett av, jf. note 8.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfester årsrekneskapen for Fylkesmannen i Hordaland. Årsrekneskapet er ikkje ferdig revidert per d.d., men revisjonsrapporten er forventa ferdig i løpet av 2. kvartal 2017.

Revisjonsrapporten er unntatt frå innsyn fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen.

Statens hus 28. februar 2017



Lars Sponheim

Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Fylkesmannen i Hordaland er utarbeidd og avlagt etter retningslinene fasett i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», fastsett 12. desember 2003, med endringar seinast 18. september 2013. Årsrekneskapen er i samsvar med bestemmelsane punkt 3.4.1, nærare bestemmelsar i Finansdepartementets rundskriv R-115 og i «Virksomhets- og økonomiinstruks» fasett av KMD.

Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa viser bevilgningsrapportering, og behaldninga verksemda står oppført med i kapittelrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og kva grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassen.

Oppstilling av bevilgningsrapporteringa:

Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeida med utgangspunkt i bestemmelsane punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c) Rekneskapen er utarbeida i tråd med kontantprinsippet.
- d) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret med bruttobeløp

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapportering er utarbeida etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i bestemmelsane punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportera til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapet» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i bestemmelsane punkt. 3.8.1. Ordinære forvaltningsorgan vert ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved årets slutt vert saldo på kvar enkel oppgjerskonto nullstilt.

Bevilgningsrapporteringa viser rekneskapstall som Fylkesmannen i Hordaland har rapportert til statsrekneskapet. Det blir stilt opp etter kapittel og post i bevilgningsrekneskapen som Fylkesmannen har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigendelar og gjeld embetet står oppført med i kapitalrekneskapet i staten. Kolonna «samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt i disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel og post.

Oppstilling av artskontorrapporteringa:

Oppstillinga inneheld ei artskontooppstilling, ein spesifikasjon av mellomværande med statskassa ved slutten av året. Artskontorrapporteringa viser kva rekneskapstal vi har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og viser derfor ikkje som ei inntekt i oppstillinga.

Vi har ein trekkrettigheit for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank.

Artskontooppstillinga vise følgande note i tillegg til prinsippnote:

Note 1 – Innbetalingar

Note 2 – Lønn

Note 3 – Andre driftsutgifter

Note 4 – Finans

Note 5 – Utbetalingar

Note 6 – Innkrevingsverksemd og andre overføringar frå staten

Note 7 – Tilskottsforvaltning og andre overføringer frå staten

Note 8 – Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomværande med statskassa

Kontoplan

Standard kontoplan blir nytta til løypande bokføring

Meirverdiavgift, pensjon og arbeidsgjevaravgift

Arbeidsgjevaravgift blir ikkje innbetalt, men vert rekneskapsført og rapportert som utgift på Fylkesmannen sitt kapittel og til inntekt på felleskapittel Folketrygda. Fylkesmannen er omfatta av nettoføringsordninga for meirverdiavgift i staten. Dette inneber at meirverdiavgift ikkje vert belasta driftsutgifter, men vert belasta felleskapittel 1633 i statsrekneskapet. Pensjonstrekk på 2 prosent overførast ikkje pensjonskassa, men vert dekkja over sentralt kapittel i statsbudsjettet.

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2016

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2016	Merutgift (-) og mindretgift
0525	Fylkesmannsembetene - driftsutgifter	01			115 751 000	113 264 187	2 486 813
0525	Fylkesmannsembetene - spes. driftsutgifter	21			101 000	15 422 817	-15 321 817
0225	Tiltak i grunnopplæringen - driftsutgifter	01			3 290 100	3 214 828	75 272
0225	Tiltak i grunnopplæring - særskilde driftsutgi	21			11 940 000	11 933 435	6 565
0225	Tilskudd til oppl. av barn og unge i statl. asylr	64			14 100 000	13 197 046	902 954
0225	Tilskudd til leiskoleopplæring	66			5 122 000	5 063 638	58 362
0225	Tilskudd til opplæring innenfor krimomsorg	68			272 918 000	272 899 998	18 002
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringen - spes.	21			11 352 101	11 242 691	109 410
0226	Kvalitetsutvikling i grunnskolen - videreutdan	22			380 000	329 158	50 842
0231	Barnehager - spes. driftsutgifter	21			24 752 591	23 979 443	773 148
0231	Barnehager - Tilskudd for svømming i barneh	70			2 329 500	2 329 500	0
0341	Den norske kirke og andre tros- og livssynssau	70				6 973 800	0
0451	Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredsl	01			588 000	588 000	0
0469	Vergemålsordningen - driftsutgifter	01			17 129 472	17 129 427	45
0469	Vergemålsordningen - spes. driftsutgifter	21				12 463 122	0
0470	Fri rettshjelp- Driftsutgifter	01				9 273 560	0
0500	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	21			1 850 000	1 850 000	0
0571	Rammetilskudd til kommuner- spesielle drifts	21			1 300 000	1 299 991	9
0621	Tilskudd til sosiale tjenester og sosial inkluder	21			2 403 120	2 400 507	2 613
0621	Sosiale tjenester og tiltak for vanskeligstilte	63			11 767 034	11 761 494	5 540
0714	Folkehelse - Spesielle driftsutgifter	21			245 600	220 087	25 513
0721	Statens helseilsyn - Driftsutgifter	01			180 000	143 203	36 797
0734	Særskilte tilskudd til psykisk helse og rustiltak	01				4 110 024	0
0734	Tvungent psykisk helsevern	70				2 835 663	0
0761	Omsorgstjeneste - spes. driftsutgifter	21			1 478 500	1 288 202	190 298
0761	Omsorgstjeneste - utviklingsiltak	67			2 167 062	2 167 061	1
0761	Omsorgstjeneste - Kompetanse og innovasjon	68			34 596 200	34 596 200	0
0762	Primærhelsetjeneste - forebyggende helsetjene	60			1 000 000	1 000 000	0
0762	Forebygging av uønsket svangerskap og abort	73			850 000	850 000	0
0765	Psykisk helse og rusarbeid - spesielle driftsutg	21			1 018 400	1 017 029	1 371
0765	Psykisk helse og rusarbeid - kommunale tjene	60			41 197 300	41 197 306	-6
0765	Psykisk helse og rusarbeid - rusarbeid	62			41 867 000	41 867 000	0
0781	Forsøk og utvikling mv - spes. driftsutgifter	21				18 402	0
0783	Personell - spes. driftsutgifter	21			1 210 000	1 203 453	6 547
0840	Tiltak mot vold og overgrep - Spesielle driftsu	21			295 259	295 259	0
0854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet - spes. drift	21			2 559 803	2 090 247	469 556
0854	Kommunalt barnevern	60			61 530 000	56 635 016	4 894 984
0858	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet - Spe	21			182 146	47 876	134 270
1144	Miljørettet prosjektarbeid m.m.	77			200 000	199 761	239
1400	Miljøverndepartementet - spes. driftsutgifter	21			80 000	79 872	128
1410	Miljøovervåking og miljødata	21			520 400	520 212	188
1420	Miljødirektoratet - driftsutgifter	01			10 000	10 000	0
1420	Miljødirektoratet - spes. driftsutgifter	21			1 490 500	1 486 627	3 873
1420	Statlige vannmiljøtiltak	22			7 410 000	7 408 349	1 651
1420	Klima, naturmangfold og forurensing- oppdra	23			2 500 000	2 366 907	133 093
1420	Tiltak i verneområder	31			4 163 000	4 162 881	119
1420	Oppryddingsiltak	39			569 189	569 188	1
1420	Erstatning for beitedyr tatt av rovvilt	72			200 000	100 187	99 813
1420	Forebyggende og konfliktdpendende tiltak i ro	73			90 000	55 600	34 400
1420	Tilskudd til prioriterte arter og utvalgte naturt	82			6 930 000	6 914 063	15 937
1425	Tilskudd til fiskeformål	70			360 000	360 000	0
1425	Tilskot til viltformål	71			200 000	200 000	0
1633	Nettoordning for mva i staten	01			0	6 306 558	
Sum utgiftsfort					712 174 277	758 938 875	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling*	Regnskap 2016	Merinntekt og mindreinntekt(-)	
3525	Inntekter ved oppdrag	01		0	17 793 015	17 793 015	
3525	Ymse inntekter	02		0	402 242	402 242	
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29		0	454 273		
5700	Arbeidsgiveravgift	72		0	16 421 976		
Sum inntektsfort					0	35 071 507	

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet					723 867 369
Kapitalkontoer					
60063601	Norges Bank KK /innbetalinger				20 458 093
60063602	Norges Bank KK/utbetalinger				-744 163 198
715212	Endring i mellomværende med statskassen				-162 264
Sum rapportert					0

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)				31.12.2016	31.12.2015	Endring
715212	Mellomværende med statskassen			-8 554 609	-8 392 345	-162 264

* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

Virksomhet: A5 - Fylkesmannen i Hordaland

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
0525 01	2 637 000	113 114 000	115 751 000
0525 21	101 000		101 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merutgift(-)/ mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maaks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
052501/352502		2 486 813		2 486 813	402 242			2 889 056		2 889 056
052521	"kan overføres"	-15 321 817		-15 321 817	17 793 015			2 471 198	§ 287 §10 [5% av årets tilkøp i Norge, Å]	2 471 198
142023	"kan overføres"	133 093		133 093				133 093		133 093
022622	"kan overføres"	50 842		50 842				50 842		50 842
023121	"kan overføres"	335 454		335 454				335 454		335 454

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Forklaring til bruk av budsjetfullmakter

Kan overføres: Mindreforbruk på både kap.post 052501 og kap.post 052521 kan overføres til neste år

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter

Verkemda har fullmakt til å overskride driftsbevilgninga på kap 0525 post 01 med inntil 2 % av bevilgninga på posten mot tilsvarende merinntekt på kap. 3525 post 02, jf. Bevilgningsreglementet § 11 fjerde ledd nr. 1 og FIN rundskriv R-110, pkt. 2.4. Merinntekter i form av lønnsrefusjon frå andre statlege verkemder, jf. NAV refusjonar, er frå 2015 ein del av utgiftskapittelet. Dette gir grunnlag for overskridelse utan særskilt samtykke, og utan å vere bundet av avgrensingar som er gitt. Fylkesmannen har også fått fullmakt til å overskride driftsbevilgninga på kap. 0525.21. Fullmakten gjeld tilgangen til å overskride driftsbevilgninger på kap. 0525 post 21 mot tilsvarende merinntekter på kap. 3525 post 01.

Mulig overførbart beløp på kap. 0525:

Kap 052501: Mindreforbruk på 2 889 056,- er under grensa på 5% for overføring til neste år. Vi ber om å få overført mindreforbruk på kr 2 889 056,-.
Kap 052521: Mindreforbruket på kr 2 471 198,- gjeld prosjekt som går over flere år. Vi ber om å få overført mindreforbruk på kr 2 471 198,-.

Mottatte belastningsfullmakter:

Fylkesmannen har satt opp tre belastningsfullmakter ovanfor, kor vi har bedt det aktuelle fagdep. om å få overføre restmidlar på fullmaktane til 2017. Fylkesmannen får tilbakemelding frå oveordna dep. om midlane kan overføres til 2017.
Kap 1420: søknad er sendt Klima og miljødepartementet via Miljødirektoratet
Kap 0226 og 0231: søknad er sendt Kunnskapsdepartementet via Utdanningsdirektoratet

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2016

	Note	2016	2015
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	6 604 499	0
Salgs- og leieinntekter	1	12 388 712	25 352 201
Andre inntekter	1	0	0
<i>Sum inntekter fra drift</i>		18 993 211	25 352 201
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	134 222 028	133 772 672
Andre utbetalinger til drift	3	77 594 142	75 211 985
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		211 816 170	208 984 657
Netto rapporterte driftsutgifter		192 822 959	183 632 456
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	2 501 410	3 071 673
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		2 501 410	3 071 673
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 501 410	3 071 673
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	205 732	612 806
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		205 732	612 806
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	539 112 691	545 114 607
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		539 112 691	545 114 607
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		248 542	255 116
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		16 421 976	16 396 362
Nettoforingsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		6 306 558	5 668 863
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-10 363 960	-10 982 616
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		723 867 369	720 223 313

Oversikt over mellomværende med statskassen **

	2016	2015
Eiendeler og gjeld		
Fordringer	0	67 393
Kasse	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	0
Skyldig skattetrekk	-5 508 684	-4 966 396
Skyldige offentlige avgifter	0	0
Annen gjeld 1)	-3 045 925	-3 493 342
Sum mellomværende med statskassen	8	-8 392 345

* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

Kontrollsum:

723 867 369

723 867 369

0

Fotnote 1)

Konto 2900: -3.042.488,30 er prosjektpenger eksternt finansiert

Konto 2932 Negativ Netto: kr 5.553

Kr -8.990 er Avstemningsdifferanser knyttet til uoppgjort NAV refusjon

Virksomhet A5 - Fylkesmannen i Hordaland**Note 1 Innbetalinger fra drift**

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
<i>Sum innbetalinger fra gebyrer</i>	0	0
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Tilskudd fra statlige virksomheter	4 860 200	0
Tilskudd fra EU	359 307	0
Tilskudd fra kommunale og fylkeskommunale etater	784 992	0
Tilskudd fra næringsliv og private	600 000	0
<i>Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>	6 604 499	0
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Inntekter av oppdrag, utenfor avgiftsområdet	11 986 470	24 734 977
Tilfeldige inntekter	402 242	617 225
<i>Sum salgs- og leieinnbetalinger</i>	12 388 712	25 352 201
<i>Andre innbetalinger</i>		
<i>Sum andre innbetalinger</i>	0	0
Sum innbetalinger fra drift	18 993 211	25 352 201

Virksomhet: A5 - Fylkesmannen i Hordaland**Note 2 Utbetalinger til lønn**

	31.12.2016	31.12.2015
Lønn	105 065 488	104 713 941
Arbeidsgiveravgift	16 421 976	16 396 362
Pensjonsutgifter*	0	0
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-4 313 058	-4 205 842
Andre ytelser 1)	17 047 622	16 868 211
Sum utbetalinger til lønn	134 222 028	133 772 672
<i>* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.</i>		
Antall årsverk:	172,5	176,4

Antall årsverk er iht SAP rapport yhr_aarsverk som tar med heile 2016 inkl. tilsette i permisjon, og med frådrag for alt fråvær over 1 dag.

Andre ytelsar fotnote 1): Gjeld ikkje utbetaling til egne tilsette men honorar til m.a sensorar, kontrollkomisjonane m.fl.

Honorar til sensorar utgjer: kr 10 458 751,-

Honorar til kontrollkomisjonen utgjer: kr 3 398 231,-

Virksomhet: A5 - Fylkesmannen i Hordaland

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2016	31.12.2015
Husleie 1)	10 979 660	11 122 129
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	73 723	16 349
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	7 331 573	7 147 893
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	407 520	342 268
Mindre utstyrsanskaffelser	632 899	785 480
Leie av maskiner, inventar og lignende	656 815	1 035 997
Kjøp av fremmede tjenester 2)	38 374 856	34 188 584
Reiser og diett	7 611 732	7 680 678
Øvrige driftsutgifter	11 525 364	12 892 607
Sum andre utbetalinger til drift	77 594 142	75 211 985

Merknad:

Grupperinga av artskontoar knytt til dei ulike postane i note 3, gjer at tala gir eit feil bilete på enkelte av postane. Det er særleg posten husleige som skill seg ut.

Husleige - fotnote 1):

Husleige : 16.421.677 (konto 6300)

Refusjon driftsutgifter Statens Hus: -5.422.017 (konto 6302)

Kjøp av fremmede tjenester - fotnote 2):

Av denne sum utgjør;

Fri rettshjelp kr 9 227 066,-

Verjehonorar kr 10 945 454,-

Virksomhet: A5 - Fylkesmannen i Hordaland

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	0

Virksomhet: A5 - Fylkesmannen i Hordaland

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	70 805	65 807
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	276 590	166 483
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	2 154 015	2 839 383
Sum utbetaling til investeringer	2 501 410	3 071 673

	31.12.2016	31.12.2015
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	0	0

Virksomhet: A5 - Fylkesmannen i Hordaland

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

	31.12.2016	31.12.2015
Tilfeldige og andre inntekter.	205 732	612 806
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	205 732	612 806

Virksomhet: A5 - Fylkesmannen i Hordaland

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2016	31.12.2015
Tilskudd til kommuner	234 096 763	257 018 794
Tilskudd til fylkeskommuner	273 948 122	236 745 183
Tilskudd til private	12 654 874	31 230 783
Tilskudd til organisasjoner	10 082 795	10 997 310
Tilskudd til statsforvaltningen	8 330 137	9 122 536
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	539 112 691	545 114 607

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2016 Spesifisering av bokført avregning med statskassen	31.12.2016 Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	24 109	0	24 109
Andre fordringer	-8 990	0	-8 990
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	15 119	0	15 119
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-180 073	0	-180 073
Skyldig skattetrekk	-5 508 684	-5 508 684	0
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-3 036 935	-3 045 925	8 990
Sum	-8 725 692	-8 554 609	-171 083
Sum	-8 710 573	-8 554 609	-155 964

* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

	Ervervsdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap*
Aksjer							
Selskap 1							
Selskap 2							
Selskap 3							
Balanseført verdi 31.12.2016							0

* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.